



Høgskulen på Vestlandet

MSAM613: Masteroppgave

MSAM613

Predefinert informasjon

Startdato:	11-09-2018 09:00	Termin:	2018 HØST
Sluttdato:	17-09-2018 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Masteroppgave	Studiepoeng:	60
SIS-kode:	203 MSAM613 1 O 2018 HØST		
Intern sensor:	Kari Ludvigsen		

Deltaker

Kandidatnr.: 53

Informasjon fra deltaker

Tro- og lovetklæring *: Ja

Jeg godkjenner avtalen om publisering av masteroppgaven min *

Ja



**Høgskulen
på Vestlandet**

Kven vart lærarar- og kvifor?

Ein studie av kvinnelege lærarar
i 1950- og 1960-åra.

A study of female teachers
during the 1950s and 1960s.

Sandra Nilsen Sørebo

Master i samfunnsfagdidaktikk

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett/Institutt for
pedagogikk, religion og samfunnsfag/Masterutdanning

17.september 2018

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i
arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10

Samandrag

Denne studien tek føre seg kvinnelege lærarar fødde kring 1935–1945, og ser på den geografiske og sosiale rekrutteringa til læraryrket blant desse kvinnene, samt kvifor dei valde dette yrket. Med bakgrunn i dette har studien si problemstilling vore:

Kven var dei kvinnelege lærarane på 1950- og 1960-talet, og kvifor valde dei nettopp læraryrket?

I tidlegare tider var læraryrket tiltenkt menn, og kvinner var sjeldan å sjå ute i arbeidslivet. Dette har endra seg over tid, og i dag er læraryrket dominert av kvinner. Bakgrunnen for å sjå på desse tiåra etter andre verdskrig, er fordi dette var ein viktig omformingsperiode, spesielt for kvinnene, som meir og meir gjekk ut i arbeidslivet.

Problemstillinga er todelt, noko som er årsaka til at eg har valt å bruke to ulike forskingsmetodar. I den første delen spør eg etter kven dei kvinnelege lærarane var på 1950- og 1960-talet. Her har eg gjennom verket *Norske Skolefolk* kartlagt den geografiske og sosiale rekrutteringa til 1000 kvinnelege lærarar fødde kring 1935–1945, gjennom å sjå på kvar dei kom ifrå og kva livsstilling fedrane deira hadde. Når eg deretter spør om kvifor dei valde læraryrket, har eg valt å bruke ein kvalitativ forskingsmetode. Her har eg intervjuat 28 kvinnelege lærarar fødde kring 1935–1945, for å finne faktorar som seier noko om motivasjonen dei hadde for å bli lærarar.

Resultata viser blant anna at dei kvinnelege lærarane som valde lærarutdanning på 1950- og 1960-talet kom frå stadar med liten tilgang til gymnas og høgare skular. Resultata viser også at dei kom frå jamne økonomiske kår, men at ein meir enn tidlegare kunne sjå at desse kvinnene også kunne kome frå mindre velstående og velstående kår. Dei kvinnelege lærarane hadde mange ulike faktorar som spelte inn på yrkesvalet, men dei som gjorde seg mest gjeldande var særskilt støttande foreldre, tidlegare skulegang, kjennskap til yrket og at det var eit yrke med gode jobbmogelegheiter.

Abstract

This study is about female teachers born around 1935–1945, and it looks at the geographical and social recruitment to the teaching profession among these women, and why they have chosen this profession. The topic question has been:

Who were the female teachers in the 1950s and 1960s, and why did they choose the teaching profession?

Previously, the teaching profession was intended for men, and women were rarely seen in the work life. This has changed over time, and today women dominate the teaching profession. The background for looking at these decades after Second World War, is because this was an important transformation period, especially for women, who more and more entered the work life.

The topic question is divided into two questions. In the first part I ask for who the female teachers were in the 1950s and 1960s. Here I have through the work *Norske Skolefolk* mapped the geographical and social recruitment for 1000 female teachers born around 1935-1945, by looking at where they came from and what life position their fathers had. When I then ask about why they chose the teaching profession, I have chosen to use a qualitative research method. Here I have interviewed 28 female teachers born around 1935-1945, to find factors that say something about the motivation they had to become teachers.

The results show, among other things, that the female teachers who chose teaching education in the 1950s and 1960s came from places with limited access to high schools and higher education. The results also show that they came from regular economic circumstances, but that you more often than earlier could see that these women also could come from less affluent and affluent circumstances. The female teachers had several different factors that influenced their choice of career, but the most common were especially supportive parents, earlier schooling experiences, knowledge of the profession and that it was a profession with good possibilities for work.

Føreord

Då var arbeidet med denne masteroppgåva ved vegg ende. Det har vore ein lærerik og utfordrande prosess. Ikkje berre har eg fått mykje kunnskap om kven dei kvinnelege lærarar på 1950- og 1960-talet var og kvifor dei valde yrket, men dette har også gjort til at eg sjølv har fått reflektert over mitt eige yrkesval, noko som har vore gjevande. I samband med innleveringa av denne masteroppgåva er det fleire som eg ynskjer å rette eit takk til.

Først vil eg takke rettleiar Sissel Rosland for god oppfølging og tilbakemeldingar undervegs i prosessen med masteroppgåva. Du har eit engasjement og eit humør, som gjer til at ein uansett går ut døra di med eit smil. Deretter vil eg takke Karl-Egil Johansen, som har hatt sjølv idéen til oppgåva, og sjølv som pensjonist har stilt opp for meg når det måtte vere. Du har vore uvurderleg.

Vidare er eg nøydd til å takke alle respondentane mine. Mange av dykk har takka meg for å få kunne bidra til prosjektet, men her er det verkeleg eg som skal rette eit stort takk. Takk for alle kjekke telefonsamtalar, hyggelege brev, og ikkje minst fine intervjusamtalar. Utan dykk hadde ikkje dette late seg gjennomføre.

Takk til alle medstudentar, spesielt Birgitte Nilsen, for lange dagar på lesesalen i Møllendalsveien. Vi har hatt eit godt klassemiljø, og det har alltid vore godt å prate med nokon i same situasjon. Elles takk til tidlegare student Fredrik Ødegaard Gjøn for hjelp til sortering av kvantitative data, og tidlegare medstudent Geir Loneland for hjelp til korrekturlesing. Dette set eg stor pris på!

Til slutt – takk til familie, vener og sambuar Vegard, for all støtte dette året. Eg gler meg til å kunne ha meir tid med dykk.

Dale, 02.09.18

Sandra Nilsen Sørebo

Innhaldsoversyn

Samandrag	III
Abstract	V
Føreord	VII
Innhaldsoversyn	IX
1.0 Innleiing	1
1.1 Bakgrunn for val av tema	2
1.2 Avgrensing og problemstilling	3
1.3 Oppgåva sin struktur	4
2.0 Kvinnene sin veg inn i læreryrket	5
2.1 Ein offentleg barneskule grunnlagt	5
2.2 Utdanna lærarar	6
2.3 Fleire og fleire kvinner i læreryrket	7
2.4 Lærarseminara opna for kvinner	9
2.5 Kvinnene dominerer i grunnskulen	11
2.6 Kvinna i etterkrigstida	12
3.0 Metode	15
3.1 Metodetriangulering	15
3.2 Kvantitativ metode	16
3.2.1 Praktisk framgangsmåte	17
3.2.2 Utval	18
3.2.3 Analyse av datamaterialet	19
3.3 Kvalitativ metode	20
3.3.1 Utval og rekruttering av respondentar	20
3.3.2 Intervju	22
3.3.3 Gjennomføring av intervju	24
3.3.4 Transkribering av intervju	25
3.3.5 Analyse av intervju	26
3.4 Forskingskvalitet	26
3.4.1 Reliabilitet	26
3.4.2 Validitet	28
3.5 Etske omsyn	28
4.0 Geografisk rekruttering	31
4.1 Tidlegare forskning – geografisk rekruttering	31
4.1.1 Geografisk rekruttering 1895–1926	31
4.1.1.1 Fordeling mellom bygd og by	32
4.1.1.2 Fordeling mellom fylke og landsdelar	35
4.1.2 Geografisk rekruttering 1938	37
4.1.2.1 Fordeling mellom bygd og by	38
4.1.2.2 Fordeling mellom landsdelar	40
4.1.3 Geografisk rekruttering 1951	41

4.1.3.1 Fordeling mellom bygd og by	41
4.1.3.2 Fordeling mellom landsdelar	42
4.1.4 <i>Samanfatting</i>	43
4.2 Geografisk variasjon i rekruttering av kvinner til lærarutdanninga	45
4.2.2 <i>Rekruttering frå landsdelar</i>	51
4.2.3 <i>Rekruttering frå by og bygd</i>	55
4.2.4 <i>Rekruttering til dei ulike lærarskulane</i>	57
4.2.5 <i>Kvar tok dei kvinnelege lærarane arbeid?</i>	61
4.2.6 <i>Samanfatting</i>	64
5.0 Sosial rekruttering	67
5.1 Tidlegare forskning – sosial rekruttering	67
5.1.1 <i>Sosial rekruttering 1895–1926</i>	67
5.1.2 <i>Sosial rekruttering 1938</i>	71
5.1.3 <i>Sosial rekruttering 1951</i>	74
5.1.3.1 Ulik yrkesfordeling mellom menn og kvinner	76
5.1.4 <i>Samanfatting</i>	77
5.2 Sosial variasjon i rekruttering av kvinner til lærarutdanninga	78
5.2.1 <i>Rekruttering frå dei ulike yrkesgruppene</i>	78
5.2.2 <i>Skilnad på studentar og fireårige elevar</i>	80
5.2.3 <i>Skilnad på by og bygd</i>	83
5.2.4 <i>Velståande og mindre velståande kår</i>	86
5.2.5 <i>Samanfatting</i>	89
6.0 Dei kvinnelege lærarane sin motivasjon for læraryrket	91
6.1 Indre og ytre motivasjon.....	91
6.2 Tidlegare undersøkingar	93
6.3 Kva faktorar verka inn på yrkesvalet?	95
6.3.1 <i>Den samfunnsmessige konteksten: Haldningar til kvinner og utdanning</i>	96
6.3.2 <i>Kvifor lærar?</i>	100
6.3.2.1 Få utdanningsmogelegheiter for kvinner.....	100
6.3.2.2 Tidlegare skulegang	102
6.3.2.3 Påverknad og tidlegare erfaringar	105
6.3.2.4 Ein sikker arbeidsplass	109
6.3.3 <i>Har ikkje angra på yrkesvalet</i>	112
6.4 Indre eller ytre motivasjon?	115
7.0 Samanfatting og konklusjon	119
7.1 Kven var dei kvinnelege lærarane?.....	119
7.2 Kvifor valde dei læraryrket?	120
Litteraturliste	123
Vedlegg	127
Vedlegg 1 – Brev til respondentar og tilhøyrande intervjuguide.....	127
Vedlegg 2 – Samtykkeerklæring	132
Vedlegg 3 – Oversyn over respondentar	134
Vedlegg 4 – Oversyn over inndeling av yrkesgrupper	135

1.0 Innleiing

Læraren hadde høge hugsmål, og var engasjert i fråhaldssak, målsak, norskdom og kristendom. Han levde med folket i glede og sorg, og han var kyrkjesongar, og forsongar ved gravferder og slikt. På 17de mai var han ein sjølvskreven talar. Det var han som hadde lengste maisløyfa i jakkeslaget, og dette vart oppfatta som at han var den som stod på høgaste nivå i kunnskap og nasjonalkjensle.¹

Sitatet ovanfor er henta frå Rune Slagstad si bok *De nasjonale Strateger* og skildrar eit typisk døme på ein lærar på slutten av 1800-talet. Ein lærar som hadde ei viktig samfunnsrolle, kor han var med på å markere ei nasjonalkjensle, og bringe verdiar inn i det norske samfunnet. Sist, men ikkje minst var han ein mann. Ein som var noko meir enn berre ”mannen i gata”, slik ein kanskje ser på læraren i dag. Visualiseringa til Slagstad av lærarrolla gjev inntrykk av stoltheit, respekt og verdigheit.

Lærarrolla og læraryrket har endra seg i takt med samfunnsutviklinga. Dei første lærarane på 1700-talet var unge gutar med anlegg for det boklege og fekk opplæring av presten. Folket i bygdene husa skulen på omgang og sørgde for at læraren fekk mat og husrom dei vekene skulen varde. Verken sosialt eller økonomisk gav lærargjeringa noko særleg utteljing, men auka vekt på folkeopplysning førte til at lærarane vart oppvurdert. I tillegg til å gje barna innføring i dei religiøse verdiane, skulle skulen også gje barna allmennkunnskap som trengs i eit moderne samfunn. Frå midten av 1800-talet vart grunnlaget lagt for ein uavhengig lærarstand med seminarutdanning og moglegheit for sjølvstendig utkome. Gradvis vert lærarane viktige personar i lokalsamfunnet, som kunnskapsressurs og føretropp i bygda sitt organisasjonsliv.²

I det førindustrielle Noreg og utover på 1900-talet var altså læraren ein einestående kunnskapsforvaltar i små lokalsamfunn landet over. I etterkrigstidas Noreg har det

¹ Slagstad 2015: 123

² Hagemann 1992: 9

vore eit mål å gjere høgare utdanning tilgjengeleg for alle. Dette har ført til ein formidabel vekst i studenttalet frå 1960-åra og fram til i dag. Overgangen frå elite- til masseutdanning har påverka læraryrket sin status. Kunnskapen er i dag jamnare fordelt. Læreryrket er også i konkurranse med ei rekke andre utdanningar og profesjonar som er viktige for samfunnet. Slik sett har læraren sin posisjon i samfunnet endra seg over tid, og dette verkar inn på læraren sin generelle status og stilling.³

Denne utviklinga har ikkje berre sett sitt bilete i læraren sin status og stilling, men også i lærarstanden. Med ei sterk skuleutbygging etter andre verdskrig gav det oss ein lærarstand som var større, yngre og meir kvinnedominert.⁴ Stadig færre av dei som vart rekruttert til læraryrket var menn. Kvinnedelen i folkeskulen auka frå 40 % i 1945 til 54 % i 1965. I dei første etterkrigsåra var fleirtalet av lærarskuleelevane framleis menn, men i slutten av 1970-åra utgjorde dei ein tredjedel, medan delen i dag ligg på under ein fjerdedel. Resultatet er ein lærarstand som gradvis har blitt meir kvinnedominert.⁵

1.1 Bakgrunn for val av tema

Eg er fødd i ei byggd med ein lang og sterk skuletradisjon. I mine første barndomsår budde eg i det som før var pensjonatskulen pigeinstitutet i Dale i Sunnfjord, som var ein skule skipa av Nikka Vonen i 1869 for jenter frå byar og tettstader frå høgare samfunnslag.⁶ Når eg etter kvart vart eldre flytta eg inn på same tunet som bestemor mi. Frå eg var lita til eg flytte heimanfrå, oppheldt eg meg hjå bestemor kvar ettermiddag. Her fortalde ho om gamle historier og hendingar om folk frå bygda, medan eg ivrig bladde i gards- og ættesogene for kommunen. Eg fekk høyre historier om korleis det var å leve og korleis ein levde på landsbygda frå tidleg på 1900-talet.

Sjølv om eg synst det verka interessant då desse historiene vart fortalt, er det først i den seinare tid at eg har sett verdien i dei, og forstått at mykje av dette har forma

³ Kunnskapsdepartementet 2009: 83

⁴ Hagemann 1992: 217

⁵ Hagemann 1992: 237

⁶ Paulsen 2009

meg og mine interesser. Eg har alltid hatt ei interesse for historie og då spesielt for lokalhistorie. Eg er særskilt interessert i einskilde historier om enkeltmenneske og grupper, og spørsmål som kva augneblikk som eigentleg formar eit liv.

Når eg etter kvart vart eldre starta eg å jobbe på ein sjukeheim. Når eg då fortale til pasientane at eg studerte for å bli lærar, fekk eg ofte kommentaren: "I mi tid var det berre menn som var lærarar", noko som fortel oss om korleis tidene har forandra seg, som vi også har sett døme på ovanfor. Med tanke på det som er skildra ovanfor, og fordi eg sjølv skal bli lærar har det gjort meg interessert i å lære meir om historia til dette yrket. Hausten 2016 gjorde eg eit litteratursøk i sentral forskingslitteratur om kva tema og problemstillingar som har prega historiske framstillingar av læraren og lærarrolla. Her fann eg blant anna ut at dei kvinnelege vestlandslærarane i påfallande grad har vore fråverande i "lærarlitteratur" og forskning kring læraryrket, særleg sett i lys av at dei etter kvart utgjorde ein ikkje ubetydeleg del av studentane på lærarskulane. I den grad lærarinnene har vore omtalt er det by-lærarinnene som har stått i sentrum. Difor ser eg på det som interessant og viktig å studere kvinnelege lærarar i denne masteroppgåva.

1.2 Avgrensing og problemstilling

På bakgrunn av det som er skissert i dei føregåande delkapitla, har eg kome fram til følgjande problemstilling for mi masteroppgåve:

Kven var dei kvinnelege lærarane på 1950- og 1960-talet, og kvifor valde dei nettopp læraryrket?

Dette er ei todelt problemstilling der eg i første omgang vil sjå på rekrutteringa av kvinnelege lærarar etter andre verdskrig, både sosialt og geografisk. Dette vil eg gjere ved å bruke ein kvantitativ metode. Bakgrunnen for å sjå på tiåra etter andre verdskrig, er både at dette var ein viktig omformingsperiode, samstundes som det finst skriftlege kjelder med utførlege opplysningar om bakgrunnen til lærarane i landet på denne tida. Difor har eg avgrensa studien til å gjelde for kvinnelege lærarar fødte mellom 1935–1945. I neste omgang vil eg sjå på årsakene til at desse kvinnene

valde læraryrket, og kva faktorar som spelte inn på motivasjonen for utdanningsvalet deira. Dette vil eg gjere ved å bruke kvalitativ metode, nærare bestemt intervju.

Når det gjeld tidlegare forskning har sett det som føremålstenleg å drøfte dette undervegs i sjølve analysen, i staden for ein generell presentasjon innleiingsvis.

1.3 Oppgåva sin struktur

I kapittel to vil eg ta føre meg utviklinga av rekrutteringa av kvinnelege lærarar til læraryrket, samt sjå på kva som kjenneteikna den perioden dei undersøkte kvinnelege lærarane tok til med arbeid.

I kapittel tre vil eg gjere greie for dei ulike forskingsmetodane eg har valt å nytte meg av og arbeide med for å samle inn relevant datamateriale til denne oppgåva. Her vil eg drøfte kvifor det har vore føremålstenleg å nytte meg av dei ulike metodane, samt forskingskvalitet og etiske omsyn.

I kapittel fire vil eg ta føre meg tidlegare forskning som omhandlar geografisk rekruttering til læraryrket, for så å presentere mine egne funn når det gjeld den geografiske rekrutteringa til læraryrket for dei tidlegare kvinnelege lærarane.

I kapittel fem vil eg ta føre meg tidlegare forskning som omhandlar den sosiale rekrutteringa til læraryrket, for så å presentere mine egne funn når det gjeld den sosiale rekrutteringa til læraryrket for dei tidlegare kvinnelege lærarane.

I kapittel seks vil eg presentere motivasjonsteori og tidlegare forskning om motivasjon for læraryrket. Vidare i dette kapitlet vil funna frå dei kvalitative intervjuja blir gjort greie for, og drøfta opp mot motivasjonsteori.

I kapittel sju vil eg kome med ei samanfating og ein konklusjon på problemstillinga.

2.0 Kvinnene sin veg inn i læraryrket

For å forstå kontekstane kring rekrutteringa av dei kvinnelege lærarane på 1950- og 1960-talet, er det naudsynt å gå lengre tilbake i tid. Dette kapittelet er ei skildring av korleis rekrutteringa til læraryrket har utvikla seg over tid. Fokuset vil vere på korleis kvinnene har kome inn i yrket. Til slutt vil eg gjere greie for den tida då dei undersøkte kvinnelege lærarane tok til med læraryrket, noko som vi i kapittel seks skal sjå har vist seg å vere ein medverkande faktor til val av nettopp dette yrket.

2.1 Ein offentleg barneskule grunnlagt

Då konfirmasjonen for alle vart innført i 1736, var ikkje vegen til ein offentleg barneskule lang. Kyrkje og skule blei nærast to sider av same sak. Skulen si viktigaste og omtrent einaste oppgåve var å lære borna å lese og gje kristendomsundervising. Kong Christian VI sende 23.januar 1739 ut eit lovpåbod om "Skolerne paa landet i Norge, og hvad Klokkerne og Skoleholderne derfor maa nyde". Lova av 1739 la grunnlaget for oppbygginga av skulevesenet og organisert undervising på landet, dermed var grunnsteinen til ein offentleg barneskule lagt i vårt land.⁷

Biskopane og stiftsamtmennene, prostane, futane og ikkje minst prestane vart pålagt å vake over at alle deira underordna gjorde kva dei skulle for å setje i verk skuleplanane. Skulen kunne ikkje gjerast fast alle stader, og der det ikkje gjekk, skulle omgangsskule organiserast. Det vil seie at læraren skulle gå frå gard til gard og halde skule i kortare eller lengre tid for borna i næraste krets.⁸

Gro Hagemann skildrar lærarane ved starten av 1800-talet som ei lite einskapleg gruppe. Det var stor skilnad på omgangsskulelærarar og lærarar i faste skular, mellom lærarar som var kyrkjesongarar, og dei som ikkje var det, og mellom seminaristar og lærarar utan utdanning. Omgangsskulelæraren utgjorde den største gruppa. Her var læraren som oftast fødd i bygda og vart plukka ut av presten. Ofte dreidde det seg om evnerike og fattige gutar som vart tilsett like etter konfirmasjonen. For dei fleste vart det nok ikkje noko varig yrkesval, men eit første

⁷ Dokka 1988: 12

⁸ Dokka 1988: 13

skritt på vegen inntil betre mogelegheiter melde seg. Mange lèt seg nok freiste av at ein skulelærer slapp militærtenesta.⁹ Fritak frå militærtenesta kosta sju års bindingstid som skulemeister. Det var kyrkjesongaren som tok seg av opplæringa av dei som blei valde ut og som aksepterte å bli lærarar. Opplæringa skulle gjelde kristendomskunnskap, skriving og rekning.¹⁰

I fleire hundre år var allmugeskulen ein rein kristendomsskule og læraryrket ei bistilling. Oppgåva var å hjelpe kyrkja med å innprente og halde ved like kristendomskunnskap hjå borna. Læraryrket sitt mål og innhald var såleis greie nok. Med utviklinga av folket sitt åndelege og materielle liv vart krava stadig vidare og meir samansett, og læraryrket stod fram som eit sjølvstendig og stadig meir ansvarsfullt kall.¹¹

2.2 Utdanna lærarar

I 1811 fekk Noreg sitt eige universitet, og etter 1814 vaks kravet om at allmugeskulen måtte forberast. Då den nye statskyrkja begynte å fungere, kom allmugeskulen opp som sak på alle storting fram til 1827.¹² Dette førte i første omgang til lov av 1827 om allmugeskular på landet. Her vart det påbode at det skulle vere fast skule ved alle hovudkyrkjer og ved verk eller bruk med minst 30 arbeidarar. Det skulle elles vere omgangsskular i prestegjelda. Samstundes med utbygginga av allmugeskulen måtte læraryrket styrkast. Difor oppretta Stortinget ei rekkje lærarskular eller lærarseminar, som ein då sa, det første på Trondenes i Troms i 1826.¹³

Filologen og skulepioneren Hartvig Nissen meinte at utdanninga av lærarane var sjølvføresetnaden for å heve nivået i allmugeskulen. Berre lærarar med sakkunnskap og erfaring hadde det Nissen kalla for ei djupare innsikt i skulen sine krav. Før lærarane hadde skaffa seg slik sakkunnskap og erfaring, kunne ein heller

⁹ Hagemann 1992: 11

¹⁰ Strømnes 1988: 5

¹¹ Dahl 1959: 1

¹² Dokka 1988: 26

¹³ Thune 2015

ikkje snakke om at det låg føre nokon lærarstand, meinte han. Landsskulelova av 1860 bar preg av Nissen sine reformidear. Den stilte større krav til skulen og la eit sterkare press på kommunane, men innebar også ei utviding av det kommunale sjølvstyret. Den gamle omgangsskulen skulle avviklast og faste skular skulle opprettast over heile landet. Samstundes skulle lærarane ha ei godkjent lærarutdanning frå seminar eller lærarskule. Løns – og arbeidstilhøve skulle forbetrast slik at lærargjeringa kunne bli ei verkeleg livsoppgåve.¹⁴

Skulelova av 1860 fekk ei sær dramatisk verknad. Det gjaldt særleg samansetnaden av lærargruppa. I stort tal og i høgt tempo vart dei gamle skulehaldarane skifta ut med unge menn som hadde avlagt lærarprøve. Eit gigantisk generasjonsskifte fann stad. Når nye lærarar skulle tilsettast, var ein i eit fleirtal av skulekretsane på utkikk etter lærarar som hadde gjennomgått lærarkurset på eit seminar.¹⁵ Då 1880 var passert, førekom det praktisk talt ikkje at nokon blei tilsett som lærar utan å vere seminarutdanna.¹⁶

2.3 Fleire og fleire kvinner i læraryrket

Til no har det berre dreidd seg om mannlege lærarar, men allereie i 1869 kom ei tilleggslov som sa kva kvinner kunne få undervise i og ikkje. Sidan det var behov for ei lov om dette, tyder det på at det fanst kvinnelege lærarar allereie før dette.¹⁷ Dei kvinnelege lærarane skulle ta seg av dei yngste elevane og dei eldre borna av same kjønn, dette var hovudregelen til langt ut på 1900-talet.¹⁸ Dei mannlege lærarane var altså ikkje einerådande i norsk allmugeskule før 1860. Men dei få lærarinnene som fanst, må meir betraktast som eit unntak som bekreftar regelen. Etter kvart fekk likevel fleire og fleire auga opp for at det kunne vere føremålstenleg å tilsette kvinner i skulen, sjølv om det var i strid med alle tilvante førestellingar.¹⁹

¹⁴ Hagemann 1992: 35

¹⁵ Hagemann 1992: 37

¹⁶ Dokka 1988: 59

¹⁷ Opplandsarkivet u.å.

¹⁸ Dahl 1959: 159

¹⁹ Hagemann 1992: 66

I byane vart lærarinnene tilsett i eit slikt tal at i løpet av 1870-åra vart dei i fleirtal i by-allmugeskulen sitt lærarpersonale. Det vart ikkje lagt skjul på at økonomiske vurderingar spelte ei vesentleg rolle for denne utviklinga. Løna til dei kvinnelege lærarane var mykje lågare enn løna til dei mannlege, ofte berre halvparten. Dette tilhøvet, som få eller ingen fant urimeleg, var også hovudgrunnen til lova av 1869. Ved å utvide tilgangen til å bruke billege lærarkrefter, skulle kommunane lettare få bygd ut sin allmugeskule.²⁰

Det var også store skilnader på utdanninga til kvinnelege og mannlege lærarar. Mennene sin veg via seminara var stengt for kvinner. Det som vart vanleg for dei som ynskte å bli lærarar, var å gå på ein privat jenteskule, og deretter avleggje ei såkalla lærarinneprøve. Utdanningsvegen som blei vanleg for kvinnelege lærarar hadde store konsekvensar for rekrutteringa til læraryrket blant kvinner. Jenteskulane var så og seie berre aktuelle for jenter frå byane og frå velstandsheimar. Dei aller fleste kvinnelege lærarane hadde difor sin bakgrunn i dåtidas sosiale overklasse. Dei hørde ofte til dei som var overflødige som arbeidskraft heime, og som difor måtte søke ut for å finne seg eit yrke. Ein typisk kategori av lærarinner var embetsmennene sine ugifte døtrer.²¹ Det var også på denne tida ei utvandringsbølge frå Noreg. Fleire menn enn kvinner reiste ut av bygda og ut av landet, og det vart eit overskot av kvinner som ikkje fekk gifta seg. Desse trong sysselsetjing, og lærarinneyrket vart ei moglegheit for dei som ikkje ynskte eller kunne ta seg gardsarbeid eller gå heime til stas.²²

Ser vi til 1887, kan ein sjå at by-skulen var i ferd med å bli kvinnedominert. I landsskulen endra biletet seg langsamare, men også der auka kvinnedelen. I enkelte stift utgjorde kvinnene ein tiandedel av alle lærarane.²³ At 1860-lova ikkje fekk større betyding på landsbygda, kan til dels skuldast at dei reint geografiske forholda ikkje låg til rette for faste småbarnskular. Skulevegen vart i mange tilfelle for lang for små

²⁰ Dokka 1988: 63

²¹ Dokka 1988: 64

²² Opplandsarkivet u.å.

²³ Hagemann 1992: 64

barn. Men det viste seg også vanskeleg å skaffe arbeidskraft. Arbeidet på landet var ikkje særleg attraktivt for kvinner med by-bakgrunn, og det var slike som vanlegvis søkte seg til lærargjerninga. Først i 1890-åra skaut utviklinga fart i landsskulen. Det skuldast ikkje etableringa av småbarnsskular, men framfor alt at kretsskulane i større grad blei delt opp i avdelingar. Utviklinga føregjekk i ulikt tempo i ulike delar av landet. På Vestlandet, Sørlandet og i Nord-Noreg gjekk det langsamt. Men overalt skaut kvinnedelen i vêret i takt med utbygginga av faste, todelte skular. Frå 1875 til 1895 ser ein at kvinnedelen i landsskulen auka frå 2 % av lærarkorpset til 21 %.²⁴

2.4 Lærarseminara opna for kvinner

I 1880- og 1890-åra vart kvinnene sin tilgang til utdanning utbetra. I 1882 fekk kvinner rett til å ta examen artium, og i 1884 tilgang til alle embetseksamenar.²⁵ Seinare skulle også lærarseminara verte opna for kvinner (1890).

Det var omkring 1880 at lærarinnene for alvor blanda seg inn i debatten om lærarinneutdanninga. I 1881 gjekk Kristiania-lærarinna Anna Rogstad ut med sin første kritikk av lærarinneutdanninga. Ho meinte den var mangelfull, og at skulen ikkje ville tene noko på mange av dei lærarinnene som vart utdanna. Samfunnet burde difor opprette "seminarer for vordende lærerinder". Ho stod hardt på i åra som følgde for å få Kristiania Lærerindeforening til å engasjere seg til føremon for lærarinneutdanninga. I 1885 innleia ho til diskusjon om dette. Ho kritiserte skarpt lærarinnekursa for å masseprodusere lærarinner på to–tre månader, som ikkje var eigna for skulearbeidet. Det var kurs prega av "hastverksarbeide", og mangel på grundigheit.²⁶

Rogstad meinte først at det burde starte eigne lærarinnerseminar, men dette gjekk ho vekk ifrå. Ho argumenterte for at alle stiftseminar i landet burde bli opna for kvinner på lik line med menn. Ho føreslo også fellesundervising ved seminara. Meir

²⁴ Hagemann 1992: 67

²⁵ Dahl 1959: 161

²⁶ Hagemann 1992: 80

enn noko var det lova om å opne universiteta for kvinner som gjorde ein slik tanke realistisk. Fellesundervising hadde sine økonomiske føremoner, men det var viktigare at det ville skape grunnlag for betre samarbeid mellom lærar og lærarinne. Dessutan rekna ho med at lærarinnene kom til å tilføre skulen ei danning som ville verke gunstig. Anna Rogstad sitt føredrag førte til at Kristiania-lærarinnene for alvor engasjerte seg i spørsmålet om lærarinneutdanninga. Kort tid etter møtet vart avhalde, sende ei gruppe lærarinner inn framlegg til regjeringa om å gje kvinner tilgang til seminarutdanninga på lik line med menn.²⁷

Våren 1890 vart den første sjølvstendige lov om seminar vedteken. Til trass for sterke ynskjer frå skulefolk om ei utviding av utdanningstida til tre år, førte denne lova vidare vedtaket i seminarreglementet frå 1869 om toårige kurs på seminara. På andre område derimot opna lova for heilt nye ordningar, som delvis gjorde den til ei framtidsretta lov. Dette gjaldt i særleg grad kvinner sin tilgang til lærarutdanning. Denne tilgangen var som nemnt eit stridstema på 1870- og 1880-talet. Ved tilleggslova frå 1869 vart det opna tilgang for fast tilsetning av kvinner ved blant anna på lågare klassetrinn i allmugeskulen. Denne lovendinga skapte eit større behov for kvinnelege lærarar. Mange ynskte eigne seminar for kvinner, men dette vart ikkje imøtekome. Det vart rett nok satt i gang lærarinnekurs på ein rekke stader i landet vårt, men dei representerte av faglege grunnar inga varig løysing på kvinner si mogelegheit til å bli lærarar. Skulelovkommisjonen av 1885 gjekk i si innstilling om lærarutdanning inn for at lærarinner skulle kunne arbeide i heile folkeskulen, uansett om elevane blei delt etter kjønn eller hadde fellesundervising. Konsekvensen av dette var at lærarinneutdanninga måtte falle saman med anna lærarutdanning ved seminara.²⁸

Den sterke pådrivinga og engasjementet til Anna Rogstad lukkast til slutt. Tanken om fellesundervising ved seminara vart i utgangspunktet møtt med skepsis, både frå lokale skulemyndigheiter og frå fleire seminarstyrarar. Trass i desse motførestellingane kom både departementet og kyrkjekomiteen i siste omgang til å

²⁷ Hagemann 1992: 81

²⁸ Hagemann 1992: 81

gå inn for å opne alle seminarane for kvinner utan nokon form for restriksjonar. Dermed blei det vedteke ei seminarlov i 1890 utan noko forskjellbehandling etter kjønn. I 1882 hadde kvinner fått tilgang til Universitetet på lik line med menn, og åtte år seinare fekk kvinner altså tilgang til seminarane.²⁹

2.5 Kvinnene dominerer i grunnskulen

Statistisk Sentralbyrå har heilt tilbake til 1840 tal på kor mange kvinnelege og mannlege lærarar det har vore i grunnskulen. Ser vi tilbake til 1890, då kvinnene for alvor kom inn i lærarutdanninga og yrket, kan ein sjå at det fanst 3941 mannlege lærarar og 1187 kvinnelege lærarar. Framover dei neste tiåra var mennene framleis i overtal, men kvinnene kom stadig nærare. Skuleåret 1964/1965 var det første året då dei kvinnelege lærarane var fleire enn dei mannlege. Det var då 9751 kvinnelege lærarar i grunnskulen, medan dei mannlege var 9383. Men dette "overtaket" varde berre nokre få år på 1960-talet, i åra etter var mennene igjen i fleirtal. Det kan sjå ut til at vi finn eit vendepunkt i skuleåret 1988/1989, då var igjen dei kvinnelege lærarane fleire enn mennene, og sidan den gong har dei berre auka i omfang.³⁰

Frå å vere ein lærarstand med berre menn, er dagens grunnskule dominert av kvinnelege lærarar. I følgje Statistisk Sentralbyrå var sju av ti lærarar i grunnskulen i 2002 kvinner.³¹ Talet på mannlege lærarar i grunnskulen søkk for kvart år. I 2015 var berre kvar fjerde lærar ein mann. Ser ein på fylka i landet, kan ein sjå at delen mannlege lærarar i 2015 varierte frå 22,6 % i Akershus til 28,4 % i Nordland. Blant dei 400 mest vanlege yrka i Noreg er læraryrket blant dei yrka som stiller svakast i kjønnsbalansen.³²

1900-talet har vore prega av stadig auka søking til høgare utdanning. Veksten har vore særleg sterk etter 1960, og langt større for kvinner enn for menn. Frå 1985 var dei fleire kvinnelege enn mannlege studentar ved universiteta og høgskulane.³³ Som

²⁹ Halvorsen 1999: 13

³⁰ Statistisk sentralbyrå [SSB] u.å. Tabell 5.4. Grunnskoler. Skoler, klasser, lærere og elever

³¹ SSB 2003: 17

³² Holtermann & Johnsen 2015

³³ Stugu 2012: 232

vi har sett er dette noko som vert spegla av i læraryrket, og som kan vi skal sjå nedanfor eit resultat av kvinna si frigjering frå heimen på 1960- og 70-talet.

2.6 Kvinna i etterkrigstida

Etter andre verdskrig var samfunnet prega av optimisme og velstandsvekst. Det norske arbeidarparti hadde si stordomstid, og sat med makta frå 1945 til 1965. Dei jobba for at arbeidarklassehusmødrene skulle sleppe å ta lønsarbeid, slik at familien skulle bestå av ein forsørgjarfar og ei heimeverande husmor. Dette vart eit viktig ideal for dei fleste, og det var langt på veg også verkelegheita for mange i denne perioden.³⁴ Frå 1920 gjekk prosentdelen av kvinner i lønsarbeid jamt ned fram til eit lågmål i 1960. Aldri før eller sidan hadde så mange kvinner vore heimeverande husmødrer utan inntekt. Medan 33 % av kvinnene var yrkesaktive ved starten av 1900-talet, var talet 26 % i 1950, medan delen var kome ned i 24 % i 1960. Dei fleste av desse var ugifte kvinner.³⁵

Utviklinga hang tett saman med ein sterk ideologi om arbeidsdelinga mellom kjønna, der kvinnene skulle ta ansvaret for heimen, medan mannen var brødvinnaren. Hovudoppgåvene til kvinnene vart såleis knytte til reproduksjon og omsorg, og for mange menn var det ei æressak å kunne forsyte familien åleine. Etter krigen nådde rasjonaliseringstanken også kjøkkenet og husmorrolla. Idear og metodar som i stor grad var importerte frå Sverige nedfelte seg mellom anna i ein endra interiørarkitektur, der kjøkkenet skulle organiserast slik at arbeidet kunne gjerast mest mogleg effektivt. Den frigjorde tida vart likevel ikkje nytta til lønsarbeid. I Sverige snudde sysselsetjinga for kvinner rundt 1950, i Noreg tok det lengre tid.³⁶

Det var ikkje arbeidsløyse som førte til at kvinnene vart verande utanfor lønsarbeidslivet såpass lenge etter krigen. Ei av forklaringane var blant anna manglande tilgang på ordningar for barnepass. Det fanst nokre få private barnehagar, og dei første statsstøtta barnehagane kom i 1963, men dei var først og

³⁴ Blom & Sogner 2005: 231

³⁵ Stugu 2012: 215

³⁶ Stugu 2012: 215

fremst tenkte som hjelpeordningar for einslege forsyttarar og andre med særskilde behov. Norma var at kvinner skulle ta seg av borna sine sjølv, noko anna vart sett som uheldig for borna. Med aukande allmenn individualisering vart det lettare å få aksept for at begge kjønn hadde rett til eiga personleg inntekt, uavhengig av ein partner. Men først med framveksten av ein ny, meir radikal feminisme i tida etter 1970 vart desse verdiane for alvor utfordra.³⁷

Mot slutten av 1960-talet freista husmorstilvære stadig færre. No hadde kvinnene fått andre mogelegheiter. Velstandsauka hang blant anna saman med utbygginga av velferdsstaten sine helse-, utdannings- og omsorgstenester, som skape mange kvinnearbeidsplassar.³⁸ Fleire kvinner tok utdanning, og stadig fleire gifte kvinner gjekk ut i arbeidslivet.³⁹ Medan berre 10 % av dei gifte kvinnene var i løna arbeid i 1960, var det blitt 24 % i 1970. Då var over halvparten av dei yrkesaktive kvinnene gift, og gifte kvinner var ikkje lenger uvanleg i arbeidslivet. I første omgang var deltidsarbeid vanleg, men etter kvart tok heiltidsarbeid meir og meir over.⁴⁰

Auken i yrkesdeltakinga blant kvinner hang saman med endringar både i strukturar og i haldningar. Eit vesentleg moment var at det ikkje fanst nok menn tilgjengeleg til alle dei nye arbeidsoppgåvene som skulle gjerast. Det gav ei opning for kvinnene. Eit viktig grunnlag for at gifte kvinner søkte ut av heimen, var også at oppgåvene til familien endra seg, ikkje minst ved at store delar av omsorga for eldre og sjuke gradvis var overførte frå familien til offentlege institusjonar. Framleis tok kvinner i regelen eit større ansvar for omsorgsoppgåvene i heimen enn menn, og i overgangsfasen gjekk mange kvinner ut i arbeidslivet først etter at dei var ferdig med den mest arbeidskrevjande barneomsorga. Kvinnene gjekk i avgrensa grad inn i tradisjonelt mannsarbeid som tungindustrien og byggjebransjen. I staden gjekk

³⁷ Stugu 2012: 215

³⁸ Erichsen 2017: 60

³⁹ Lønnå 2017

⁴⁰ Erichsen 2017: 63

mange inn i tenesteyrke der det var sterk vekst, ikkje minst i yrka innanfor helse- og omsorg og undervising.⁴¹

⁴¹ Stugu 2012: 232

3.0 Metode

I dette kapitlet vil eg gjere greie for dei ulike forskingsmetodane eg har valt å nytte meg av og arbeide med for å samle inn relevant datamateriale til oppgåva mi. Til å begynne med vil eg forklare kvifor det har vore føremålstenleg å nytte metodetriangulering, som er ein kombinasjon mellom ulike metodar. Vidare vil eg gjere greie for praktisk framgangsmåte og gjennomføring innanfor kvantitativ og kvalitativ metode med grunnleggjnader for dei vala eg har gjort. Til slutt vil eg drøfte forskingskvaliteten for begge metodane, samt etiske omsyn.

3.1 Metodetriangulering

I samfunnsforskninga er det eit viktig skilje mellom kvantitative og kvalitative metodar. Litt enkelt kan det seiast at den kvantitative metoden i hovudsak går på å samle inn data i form av tal. Den fokuserer på å innhente informasjon frå store mengder informantar, som ein kan samanlikne. Ved kvalitativ metode fokuserer ein meir på utfyllande og detaljerte data. Ein må velje den metoden som ein sjølv syns eignar seg best til dei spørsmåla som ein ynskjer svar på.⁴²

Samfunnsvitskaplege studiar kan også byggje på metodetriangulering. Dette inneber at ei bestemt undersøking er basert på ein kombinasjon av ulike data og metodar.⁴³ I denne masteroppgåva har eg valt å bruke nettopp ein slik kombinasjon av metodar. Eg har først samla inn data ved å bruke kvantitativ metode, og deretter ved å bruke ein kvalitativ metode. Ifølgje Jacobsen er ein kombinasjon av metodar idealet. Men dette er krevjande, og ein må heile tida vurdere kva vi får igjen av meir eller betre informasjon opp mot kva det kostar å gjennomføre eit slikt kombinert opplegg.⁴⁴

Forskaranes argument for bruk av metodetriangulering, er at ein på denne måten betre kan belyse den same problemstillinga.⁴⁵ I mitt tilfelle der eg har ei todelt problemstilling, vil metodetriangulering vere med på å gje ei meir heilskapleg bilete

⁴² Christoffersen & Johannessen 2012: 17

⁴³ Grønmo 2016: 67

⁴⁴ Jacobsen 2005: 136

⁴⁵ Halvorsen 2008: 149

av dei fenomena som eg studerer, enn det dei enkelte metodane kan gjere kvar for seg. Dette er også med på å styrkje kvaliteten til analyseresultata. Vidare har eg ved å sjå på kva resultat eg fekk gjennom den kvantitative delen, gjort meg opp tankar som eg tok med meg vidare til den kvalitative delen.

3.2 Kvantitativ metode

Kvantitativ analyse er innsamling av kvantitative data basert på ulike kjeldetypar. Min analyse er basert på systematisk gjennomgang av innhaldet i utvalde dokument. Føremålet er å finne relevant informasjon om dei forholda som skal studerast. Dei relevante delane av innhaldet blir dermed tilarbeidd, systematisert og registrert på ein slik måte at dei kan brukast som datagrunnlag i den aktuelle studien.⁴⁶

Til den første delen av problemstillinga mi har eg valt å bruke lærarbiografiane *Norske Skolefolk*⁴⁷ som mitt kjeldegrunnlag. Dette er eit bokverk med biografiar om norske lærarar. Verket kom ut i tre utgåver i 1934, 1952 og 1966, på Dreyer forlag i Stavanger. Desse lærarbiografiane byggjer i hovudsak på dei opplysningane som lærarane sjølv sende inn. Det var frivillig å bli omtalt, og nokre av lærarane sa tydeleg i frå om at dei ikkje ynskte å vere med, ikkje ein gong berre med namnet og bustaden sin.

Min analyse har tatt utgangspunkt i den siste utgåva frå 1966. Denne utgåva har i liten grad vore brukt til forskingsmål tidlegare og dekkjer den perioden eg har valt å fokusere på. Utgåva frå 1966 er delt i to bind, der lærarane er kategorisert i alfabetisk rekkefølge etter etternamn frå A-J (første bind) og K-Å (andre bind). Før ein sette i gong med arbeidet med denne utgåva, hadde Noregs Lærarlag og Noregs lærarinneforbund sendt ut spørjeskjema til alle lærarane i landet. Etter å ha fått desse tilbake starta arbeidet med organiseringa av boka. Andreutgåva frå 1954 inneheld over 10.000 lærarbiografiar. Det er ikkje oppgitt kor mange som er med i

⁴⁶ Grønmo 2016: 213

⁴⁷ Beite 1966

den siste utgåva frå 1966, men det er nærliggande å tru at den inneheld endå fleire.⁴⁸

3.2.1 Praktisk framgangsmåte

I biografiane til lærarane er det blant anna oppgitt fødestad i kommune, namn på foreldre, far sitt yrke (nokre tilfelle mor), kvar ein arbeider og har arbeidd, kva lærarskule ein har gått på, tidlegare utdanning og om dei var engasjert i samfunnet på andre måtar enn lærarrolla. Noko av denne informasjonen som er oppgitt om kvar enkelt lærar, har blitt mine variablar i den kvantitative analysen.

Utforminga av spørjeskjemaet er ikkje lagt ved i desse lærarbiografiane, men ein kan sjå at ein har valt ei opa spørsmålsform. Dette vil seie at spørsmåla ikkje har noko faste svaralternativ, berre at spørsmålet er formulert på førehand, og det er satt av plass i spørjeskjemaet til å skrive ned svaret slik det blir formulert av respondenten sjølv.⁴⁹ Men det bli nemnt i føreorda til verket at ein har korta inn somme biografiar, slik at det ei viss "line" kunne seiast å vere halden.⁵⁰

Det at spørsmålsforma opne spørsmål har vore nytta, gav meg nokre utfordringar med tilarbeidinga av materialet. Sidan variablane ikkje la nokon avgrensingar i tal verdier, vart det til at eg måtte lage desse verdiane sjølv. Eg har altså gjort det som Sigmund Grønmo omtalar som omkoding, som inneber at fleire verdier på ein og same variabel blir slått saman eller gruppert.⁵¹ Til dømes på spørsmålet om kva kommune lærarane kom frå, har eg slått saman alle verdiane og laga nye verdier som er dei 20 fylka Noreg då verket vart utgjeve. Dette arbeidet tok noko tid, då det i tillegg viste seg at kommunane gjekk gjennom ei større samanslåingsprosess på 1960-talet. Dette medførte at mange av kommunane som stod oppført, ikkje lenger eksisterte, og eg måtte finne ut kva fylke dei høyrde til. I tillegg til å kategorisere kommunane i fylke, kategoriserte eg dei også som anten by-kommune eller ein bygde-kommune, slik at eg også fekk dette som ein variabel. Omkoding har eg også

⁴⁸ Beite 1966

⁴⁹ Grønmo 2016: 193

⁵⁰ Beite 1966: 7

⁵¹ Grønmo 2016: 294

brukt når det til dømes gjeld far sitt yrke. Her har lærarane i spørjeskjemaet lista opp hundrevis av forskjellige yrkestitlar, difor har eg kategorisert dei i sju mindre kategoriar, som skal fungere som ei samlenemning for dei ulike yrka (vedlegg 4).

3.2.2 Utval

I *Norske skolefolk*⁵² skil ein ikkje mellom kvinner og menn, og namna er ordna i alfabetisk rekkefølge etter etternamn. Sidan eg har avgrensa oppgåva til å gjelde kvinnelege lærarar fødde hovudsakleg mellom 1935 og 1945, gjorde det til at eg måtte gjere eit utval. Som tidlegare nemnt inneheldt andreutgåva over 10.000 lærarbiografiar, medan det ikkje er oppgitt noko tal om den siste utgåva. Ifølgje Statistisk Sentralbyrå var det 21 517 lærarar i Noreg i 1966.⁵³ Der 10 703 var menn, og 10 814 av dei var kvinner. Kor stor fråfallsprosenten var nemner boka ingen ting om, men i utgangspunktet vil det altså sei at i overkant av 20 000 lærarar skal ha fått tilsendt spørjeundersøkinga.

Christoffersen og Johannessen beskriv ein populasjon som målgruppa til undersøkinga, det er altså ei samling av alle einingane som problemstillinga gjeld for.⁵⁴ Mi målgruppe er kvinnelege lærarar fødde hovudsakleg mellom 1935 og 1945. Det er vanskeleg å seie noko om kor stor populasjonen i denne studien vil vere, men vi veit at det var 10 814 kvinnelege lærarar i Noreg i 1966. Desse vil truleg vere fødde frå starten av 1900-talet til rundt midten av 1940-talet, som igjen vil seie at populasjon til denne studien vil vere ein del mindre enn det. Eg bestemte meg for å ta eit utval på 1000 kvinner. For å få eit best mogeleg representativt utval, valde eg å bruke eit sannsynsutval.⁵⁵ Det fins fleire former for sannsynsutval, men eg valde eit enkelt tilfeldig utval, det vil seie at alle einingane på populasjonslista, som i mitt tilfelle er siste utgåva av *Norske Skolefolk*⁵⁶, skal ha like stort sannsyn for å kome med i utvalet.⁵⁷

⁵² Beite 1966

⁵³ SSB u.å. Tabell 5.4. Grunnskoler. Skoler, klasser, lærere og elever

⁵⁴ Christoffersen & Johannessen 2012: 123

⁵⁵ Christoffersen & Johannessen 2012: 124

⁵⁶ Beite 1966

⁵⁷ Halvorsen 2008: 158

Sidan *Norske Skolefolk*⁵⁸ er kategorisert i alfabetisk rekkefølge, brukte eg loddtrekning til å trekke ut ein og ein bokstav, som eg kunne hente utvalet mitt frå, heilt til det svarde til 1000 kvinner. Dette enda til slutt opp i bokstavrekka S-K-E-M-H-P-L-D-N-R. Når eg gjekk inn i kvar enkelt bokstav, plukka eg ut dei som høyrde til min populasjon. Det vil sei at eg måtte leite meg forbi alle mannlege lærarar og kvinner som ikkje var fødde i det tidsrommet eg var ute etter. Som ein ser har eg altså gått gjennom ni tilfeldige utvalde bokstavar av dei 29 bokstavane binda består av. I teorien vil det sei at utvalet mitt er ein tredjedel av populasjonen, om ein ser vekk ifrå fråfallsprosenten og det at nokre forbokstavar i etternamna er meir hyppig nytta enn andre.

3.2.3 Analyse av datamaterialet

Alle dei ulike variablane frå dei kvinnelege lærarbiografiane vart systematisk skrive inn i Microsoft Excel. Her kunne eg ved få tastetrykk få opp frekvensane for dei ulike variablane, som har vore utgangspunktet for min analyse av dette datamaterialet. Larsen skildrar frekvensfordeling som ei oversikt over kor mange einingar som har dei ulike verdiane til ein variabel.⁵⁹ Einingane i mi kvantitative analyse er dei kvinnelege lærarane henta ut ifrå lærarbiografiane, medan variablane er det som blir undersøkt: Kvar kom dei kvinnelege lærarane ifrå? Kva yrke hadde far? Kva skule gjekk dei på? Kvar jobba dei? Verdiane er dermed korleis dei ulike variablane har variert.

For å kunne danne eit inntrykk av kva dataa fortel om det eg har undersøkt, har eg forenkla og samanfatta den store informasjonsmengda som ligg i dataa. Larsen skriv at analyse av data handlar om å forenkle materiale ved å setje i verk ein datareduksjon. Den enklaste måten å analysere på er å sjå på fordelinga av ein variabel, noko som vert kalla ein univariat analyse. Noko av analysen byggjer på ein slik univariat analyse, medan eg også har brukt bivariat analyse, der eg ser på

⁵⁸ Beite 1966

⁵⁹ Larsen 2007: 60

samanhengar mellom ulike variablar. Store delar av dette materialet har eg presentert i figurar og tabellar.⁶⁰

3.3 Kvalitativ metode

For å kunne svare på problemstillinga sin andre del om kvifor dei valde læraryrket, har eg valt å nytte meg av kvalitative forskingsintervju. Denne metoden søker å forstå verda sett frå intervjupersonen si side ved å få fram betydinga av folk sine erfaringar. Det var særskild føremålstenleg for meg å nytte meg av kvalitativ metode fordi ein ved å nytte eit kvalitativt forskingsdesign kjem tett inn på kjeldene som kan bidra til å utvikle ei relativt god forståing av dei fenomena som vert studert.⁶¹ Det var sentralt for meg å utvikle forståing for respondentane sine refleksjonar kring kvifor dei valde læraryrket, sidan det finst lite tidlegare kvalitativ forskning på dette område, spesielt når det gjeld kvinner.

3.3.1 Utval og rekruttering av respondentar

Undersøkinga er basert på intervju med strategisk valde respondentar. Det vil seie at deltakarane er valde fordi dei har eigenskapar eller kvalifikasjonar som er strategiske i høve til problemstillinga.⁶² Respondentane er valt ut på bakgrunn av nokre kriterium. For det første måtte dei vere kvinnelege lærarar, og for det andre måtte dei vere fødte mellom 1935–1945. Såleis vart dette populasjonen min.

Sidan dette er ein høvesvis stor populasjon, var det naudsynt å gjere eit utval av respondentar for datainnsamlinga mi. For å rekruttere respondentar har eg brukt ulike metodar. Sidan eg ikkje kjenner så mange tidlegare kvinnelege lærarar som er fødte mellom 1935–1945, så vart spørsmålet kvar eg skulle finne desse. Sidan eg allereie hadde brukt *Norske skolefolk*⁶³ i den kvantitative datainnsamlinga, hadde eg mange aktuelle respondentar der. For alle dei 1000 kvinnelege lærarar eg undersøkte i den kvantitative delen, noterte eg meg ned alle dei som var gift og som budde på Vestlandet. Bakgrunnen til at dei måtte vere gifte, var at det då vart lettare

⁶⁰ Larsen 2007: 64

⁶¹ Kvale & Brinkmann 2012: 21

⁶² Thagaard 2013: 60

⁶³ Beite 1966

å finne kontaktinformasjon om dei, sidan dei då gjerne fortsatt hadde same etternamn. Bakgrunnen for å velje kvinner frå Vestlandet, var at eg då kanskje hadde mogelegheit til å fysisk intervju dei om dei budde i nærleiken. På ei annan side ville dei kanskje kjenne på ein nærleik ved at eg sjølv kom ifrå Vestlandet, og difor føle seg "kalla" til å respondere.

Etter å ha gjort dette, sat eg igjen med 46 kvinner eg kunne kontakte. Til desse sende eg ut eit brev med informasjon om prosjektet mitt og spørsmål som dei kunne svare på (vedlegg 1). Av dei 46 tidlegare kvinnelege lærarane fekk eg tilbakemelding frå 25 stykk, der 6 av desse ville stille til intervju, 2 av desse var telefonintervju. Dei resterande 19 svarde i brevform på spørsmåla. Her var det noko varierende kor detaljert informasjonen var, og kor vidt ein kunne kalle det kvalitative data. Difor har eg brukt desse respondentane i ulikt omfang, men dei gjev meg uansett eit større bilete av det eg er ute etter, enn kva eg hadde fått med færre respondentar.

Etter å ha fått tilbakemeldingar på breva, ville eg ha fleire respondentar til intervju. Difor fortalde eg om prosjektet mitt på ei Facebook-gruppe som er knytt til kommunen eg kjem frå. Her spurde eg om nokon hadde forslag til nokon eg kunne kontakte. Dette er det som Christoffersen og Johannessen omtalar som snøballmetoden. Det vil seie at forskaren "spør personer om de kjenner noen i målgruppen som kan tenkes å stille opp på et intervju."⁶⁴ Her fekk eg ein del forslag, og av dei eg kontakta, var det 3 stykk som ville stille til intervju. Dette gjorde at utvalet for undersøkinga til slutt omfatta intervju med 9 tidlegare kvinnelege lærarar, medan eg i tillegg hadde informasjon frå 19 stykk. Til saman altså 28 respondentar.

Talet på respondentar var ikkje fastsett på førehand. Ifølgje Tove Thagaard bør ikkje utvalet vere større enn at det er mogeleg å gjennomføre omfattande analysar. I tillegg er denne type analysar tidkrevjande og ressurskrevjande, slik at både tid og

⁶⁴ Christoffersen & Johannessen 2012: 55

ressursar vil sette avgrensingar for utvalet.⁶⁵ Vidare fortel Thagaard at utvalet kan vurderast som tilstrekkeleg stort når studiar av einingar ikkje synest å gje ytterlegare forståing av dei fenomenene som blir undersøkte, noko som vert kalla eit mettingspunkt.⁶⁶ Etter å ha gjennomført dei 9 intervjuane, såg eg at fleire faktorar for val av læraryrket gjekk igjen i desse intervjuane, i tillegg til i breva. Difor vurderte eg det som nok materiale for å kunne svare på problemstillinga.

Eg har valt å omtale dei kvinnelege lærarane i desse intervjuane som respondentar. Omgrepa informant og respondent blir i mange samanhengar handtert som like, men slik Grønmo beskriv det finst det eit klart skilje mellom dei. Personar med eit direkte kjennskap til eit fenomen blir kalla respondentar. Dei gir informasjon om seg sjølv, sin eigen bakgrunn og status og sine egne opplevingar, meiningar og handlingar. På den andre sida vert omgrepet informant nytta når den som blir intervjuet gir informasjon om bakgrunn, status, handlingar og meiningar om andre aktørar eller andre forhold i samfunnet.⁶⁷ Sidan eg har intervjuet tidlegare kvinnelege lærarar om deira tankar om kvifor dei valde læraryrket, er det heilt naturleg å omtale dei som respondentar, sidan dei gav informasjon om seg sjølv og sine egne val.

I oppgåveteksten er respondentane namngitt med fiktive namn, for å kunne sikre anonymiteten til desse kvinnelege lærarane. Eg har også lagt ved ei oversikt over dei fiktive namna, samt litt informasjon om respondentane (vedlegg 3). Dei fiktive namna er henta frå Statistisk sentralbyrå si liste over dei vanlegaste jentenamna i 1940-åra.⁶⁸

3.3.2 Intervju

Etter å ha bestemt meg for problemstilling, gjekk eg i gang med å utforme ein intervjuguide. Intervjuguiden er ei oversikt over dei emne ein skal igjennom i løpet av intervjuet, og bør utformast slik at ein får svar på problemstillinga.⁶⁹

⁶⁵ Thagaard 2013: 65

⁶⁶ Thagaard 2013: 65

⁶⁷ Grønmo 2016: 134

⁶⁸ SSB. u.å. 50 mest populære navn i 1940-1949.

⁶⁹ Jacobsen 2015: 150

Ein intervjuguide kan variere frå det særst lite strukturerte til det sterkt strukturerte. Eg valde å nytte meg av eit semi-strukturert intervju. Det blir kjenneteikna ved at det er ein mellomting mellom strukturerte og ustrukturerte intervju. Eit intervju med høg strukturingsgrad er gjerne formulert med fullstendige spørsmål, og satt opp i ei spesiell rekkefølge, slik at spørsmåla nærmar seg den kvantitative metoden. Medan eit intervju med liten strukturingsgrad er kjenneteikna ved at dei er fleksible og ikkje har bestemte spørsmål, men heller tema ein skal igjennom.⁷⁰ Semi-strukturerte intervju oppheld seg ein stad mellom desse to typane.

Intervjuguiden (vedlegg 1) som eg har laga inneheld ei rekkje spørsmål utan nokon faste tema. Sidan eg sendte den i brevform til mange av respondentane, valde eg å ta med nokre oppfølgingsspørsmål på enkelte spørsmål. Dette er gjerne spørsmål som kjem opp spontant i ein intervjusituasjon, men som eg her måtte tenke ut på førehand. I ein del av breva som eg fekk tilbake, hadde respondentane til dømes svart "ja" og "nei" på enkelte spørsmål, slik at det nærast vart kvantitative data. I etterkant ser eg at her burde eg kanskje vore endå tydelegare på at eg ville ha detaljert informasjon. Når eg skulle intervju ansikt-til-ansikt valde eg å ha same intervjuguide som eit utgangspunkt. Men her starta eg gjerne intervjuet med eitt ope spørsmål, som til dømes når dei bestemte seg for utdanne seg som lærarar, og intervjuguiden vart brukt som ei slags hugseliste på emne eg ville gjennom, og ikkje som ein fastlagd mal for kva eg kom til å spørje om eller rekkjefølgja på det.

Ved å ikkje legge altfor mykje styring i intervjuet, men heller å innta ein lyttarposisjon, opna eg opp for at det kunne dukke opp relevante tema undervegs i intervjuet som ikkje var bestemt på førehand. Ein annan fordel ved semi-strukturerte intervju er at ein kan få ein meir nyansert og djup kunnskap om det enkelte tema enn ved strukturerte intervjuformar, der ein berre kan få kunnskap om det ein spør om.⁷¹ Det skal nemnast at dei kvinnelege lærarane som eg intervjuet ansikt-til-ansikt og på telefon fekk intervjuguiden på førehand. Dette gjorde eg for å hindre

⁷⁰ Jacobsen 2015: 152

⁷¹ Thagaard 2013: 103

erindringsfeil.⁷² Sidan spørsmåla tok føre seg forhold så langt tilbake i tid, tenkte eg det ville vere fint for respondentane å kunne førebu seg til intervjuet, slik at dei gjerne hadde gjort seg opp nokre tankar om denne tida.

3.3.3 Gjennomføring av intervju

Sidan eg ynskte å rekruttere flest mogelege respondentar, hamna eg til slutt på tre ulike formar for intervju. Dette var ansikt-til-ansikt-intervju, telefon-intervju og intervju i brevform. Desse ulike formane for intervju skil seg på fleire måtar, og har difor sine sterke og svake sider. Ved eit intervju ansikt-til-ansikt har ein betre føresetnader for å etablere tillit og openheit, enn til dømes ved telefon-intervju og brev-intervju. Telefon-intervju og brev-intervju er derimot mindre tidkrevjande enn ansikt-til-ansikt-intervju, samstundes som ein kan få tak i personar geografisk langt borte.⁷³

Sjølv om ansikt-til-ansikt-intervjuet vert sett på som den mest hensiktsmessige metoden med tanke på å skape tillit og openheit til respondentane, vil eg seie det også fungerte fint med dei to andre metodane. I både breva og på telefon, fekk eg private og detaljerte skildringar av den enkelte sitt liv, noko som viste at dei var trygge på meg som person. I mange av intervjuane måtte eg skru diskuré av bandopptakaren når alle emna hadde blitt teke opp, og samtalen svinga seg lengre inn på privatlivet til den enkelte, som ikkje hadde noko med val av læraryrket å gjere.

Gjennomføringa av ansikt-til-ansikt-intervjua skjedde i heimen til respondentane. Eg la opp til at respondentane sjølv skulle få bestemme stad, slik at dei skulle føle seg trygge i situasjonen. I enkelte tilfelle var det også dette som praktisk lèt seg best gjere for begge partar. Før intervjua starta var det litt laus snakk om "alt og ingenting", samstundes som respondenten fekk lese gjennom samtykkeerklæringa (vedlegg 2), dette la til rette for at informanten skulle føle seg komfortabel i situasjonen. Alle intervjuane vart spelt inn på bandopptakar, slik at eg kunne fokusere på det som vart sagt og stille oppfølgingsspørsmål.

⁷² Grønmo 2016: 199

⁷³ Jacobsen 2015: 148

3.3.4 Transkribering av intervju

Ein vanleg måte å tilarbeide intervju på, er å skrive ned ord for ord det som har blitt sagt. Arbeidet er tidkrevjande, men det gir samstundes ein mogelegheit til å gjenoppleve intervjuet. Dette vert kalla å transkribere.⁷⁴ Som nemnt gjorde eg lydopptak av intervjua på telefon og ansikt-til-ansikt. Etter at eg var ferdig med intervjua transkriberte eg desse opptaka før eg gjekk i gang med ei meir systematisk analyse av materialet. Når spørsmål og svar blir til tekst, er ulempa at vi misser noko. Nyansane i ei stemme, mimikken i eit ansikt og kroppen sitt språk følgjer ikkje med i utskriftene.⁷⁵ I alle intervjua var det berre meg og respondenten til stades, slik at ein unngjekk forstyringar, og dermed fekk lydopptak med god kvalitet.

Då eg skulle transkribere spelte eg av lydklippet, medan eg ord for ord skreiv ned det som hadde blitt sagt. Eg valde å transkribere alle intervju i nynorskform, dette gjorde eg blant anna for å ta omsyn til anonymisering av respondentane, sidan dei då ikkje kan bli knytt opp mot ei enkel dialekt. Dette gav transkripsjonane ein relativt skriftspråkleg stil, sidan føremålet med intervjua ikkje var å gje ein detaljert språkleg analyse, men å gje skildringar av kvifor desse kvinnene valde læraryrket.⁷⁶ Alle små pausar har eg markert som tre punktum etter kvarandre, og latter og enkelte uttrykk har eg markert i klammer. Dersom ein tek vekk alle pausar og nølingar, kan ein konstruere eit anna uttrykk enn det opphavlege, og dermed også risikere å få eit heilt anna bilete av det aktuelle temaet.⁷⁷

Elles var det ein del unyttig og uinteressant informasjon i forhold til oppgåva som kom fram, dette markerte eg som parentes i transkripsjonen og skreiv kva det innehaldt. Før transkriberinga gav eg fiktive namn til alle respondentane og nytta dei i utskriftene, desse er også nytta i oppgåveteksten. Intervju som kom i brevform var sjølv sagt allereie ferdig transkriberte. Eg transkriberte alle dei munnlege intervju sjølv. Dette var eit tidkrevjande arbeid, men gjorde til at eg fekk høve til å

⁷⁴ Dalland 2012: 179

⁷⁵ Dalland 2012: 179

⁷⁶ Kvale & Brinkmann 2012: 191

⁷⁷ Kvale & Brinkmann 2012: 192

gjenoppleve møtet med intervjupersonen, slik at eg kunne komme på ting som hendte, eller fekk idear om moglege fortolkingar av teksten, som eg kunne notere meg ned undervegs i transkriberinga.

3.3.5 Analyse av intervju

Etter å ha transkribert intervjuet starta eg med neste steg i analysearbeidet. Eg starta med å lese gjennom alle dei transkriberte intervjuet og notata eg hadde gjort meg undervegs i datainnsamlinga. Deretter noterte eg ned stikkord for kvar enkelt respondent kva mønstre som hadde kome fram. Etter at eg hadde gjort det bestemte eg meg for kva mønstre eg ville gå meir i detalj på. Eg markerte sitat i dei ulike transkripsjonane som kunne høyre til dei ulike mønstre med ulike fargar, dette omtaler Kvale og Brinkmann som meningskodning.⁷⁸ Då eg hadde koda alle intervjuet i ulike fargar nytta eg meg av mønstre som utgangspunkt då eg bestemte meg for kva tema som skulle bli inkludert i den endelege analysen. Tema er dei overordna mønstre som dei koda delane av datamaterialet kan sorterast i. Då tema var bestemt plasserte eg alle dei koda sitata inn i passande tema. Deretter prøvde eg å beskrive dei ulike tema og drøfte kvifor desse var interessante for mi problemstilling.

3.4 Forskingskvalitet

Kvaliteten på det innsamla datamaterialet blir vurdert ved å drøfte kor eigna det er til å illustrere studien si problemstilling.⁷⁹ For å kunne sjå på kor eigna datamaterialet er for å illustrere denne studien si problemstilling er reliabilitet og validitet viktige omgrep.⁸⁰ Ein må vere kritisk i si eiga undersøking når ein skal vurdere om resultatane ein har funne er til å stole på. Har ein undersøkt det som ein ville undersøke? Kan ein stole på dei data som ein har samla inn?

3.4.1 Reliabilitet

Omgrepet reliabilitet refererer til datamaterialet sin pålitelegskap. Med reliabilitet blir det sikta til kor pålitelege målingane er. Høg reliabilitet betyr at uavhengige målingar skal gje tilnærma identiske resultat, det vil seie at måla har få målefeil. For

⁷⁸ Kvale & Brinkmann 2012: 208

⁷⁹ Grønmo 2016: 240

⁸⁰ Thurèn 2013: 31

å oppnå dette må dei ulike ledda i måleprosessen vere fri for unøyaktigheiter. Ein må til dømes ikkje ha koda eller registrert data feil.⁸¹

Det handlar altså om nøyaktigheit i samband med innsamla data. For å sikre reliabiliteten ved innsamlinga av mine kvantitative data, har eg dobbeltsjekka all data eg har tasta inn i Microsoft Excel. Dette har eg gjort for å vere sikker på at eg har sett inn rette data på rett plass. Eg har også tatt med gode pausar i arbeidet med kvantitative data, for å ikkje sjå meg "blind" på alle tal og tabellar, då det kan vere lett å blande og dermed miste utgangspunktet. I tillegg har eg prøvd å beskrive så godt det let seg gjere framgangsmåten i dette metodekapittelet, slik at andre forskarar kan vurdere om resultata er rimelege.

Det er ikkje like vanleg å snakke om reliabilitet når vi snakkar om kvalitative metodar. Resultata frå mine kvalitative intervju fortel om tankane og refleksjonane til respondentane, difor er det vanskeleg å sjekke om desse er korrekte. Dersom nokre andre hadde intervjuet, ville resultata ha blitt prega av det. Dette er fordi intervjuar sitt nærvær kan skape spesielle resultat, likeins med kvar intervjuet finn stad.⁸² Under intervjuet forsøkte eg å skape ei trygg og god ramme, dette for å skape ein god relasjon til respondentane, slik at dei kunne føle seg trygge i situasjonen. Dette vart også gjort for å prøve å hindre avgrensa og overflatisk informasjon. Vidare var eg bevisst på å møte respondentane med ei opa haldning, og ikkje stille leiande spørsmål, slik at mi eiga førforståing skulle prege svara til respondentane. Eg la opp til at respondentane skulle fortelje mest mogeleg fritt, men brukte intervjuguiden som ei rettesnor for å sikre meg at vi hadde gått igjennom alle spørsmåla. Grønmo skriv at ein måte å styrkje reliabiliteten er å setje i verk innsamling av data på ein systematisk måte i samsvar med forskingsdesignet som blir brukt.⁸³ Min bruk av intervjuguide, som var lik ved alle intervjuet, kan difor bidra til å styrkje datamaterialet sin reliabilitet. I tillegg har eg halde ei ryddig og strukturert oversikt over intervjuet til alle respondentane, slik at ingen informasjon har blitt blanda.

⁸¹ Halvorsen 2008: 68

⁸² Jacobsen 2015: 173

⁸³ Grønmo 2016: 241

3.4.2 Validitet

Validitet dreier seg om datamaterialet sin gyldighet for dei problemstillingane som skal bli kasta lys over. Validiteten er høg dersom undersøkingsopplegget og datainnsamlinga resulterer i data som er relevante for problemstillinga. Validiteten er eit uttrykk for kor godt det faktiske datamaterialet svarar til forskaren sine intensjonar med undersøkingsopplegget og datainnsamlinga.⁸⁴

For å kunne sikre høg validitet i ei kvantitativ undersøking, er det viktig at spørsmåla er utforma slik at ein får tilbake konkrete svar ut ifrå det ein skal måle. Sidan eg har brukt ei spørjeundersøking som er laga lagt tilbake i tid, og ikkje har hatt til hensikt å bli brukt i mi undersøking, har eg ikkje kunne gjort noko med utarbeiding av spørsmåla. Men på ei anna side har eg plukka ut dei spørsmåla og svara som seier noko om det eg er ute etter å finne, og slik sikre at datamaterialet er relevante for problemstillinga.

I forhold til dei kvalitative intervju har eg på førehand arbeidd grundig med intervjuguiden, slik at spørsmåla eg stiller svarar til problemstillinga, og på den måten styrkjer validiteten. I sjølve intervjusituasjonen har eg som nemnt prøvd å stille spørsmåla så utvitydig, slik at dei ikkje leia svara i ei bestemt retning. I tillegg såg eg at det undervegs i intervju var naudsynt å få ei stadfesting av respondentane på om eg hadde forstått dei riktig. Då stilte eg til dømes spørsmål som "Forstår eg deg riktig når du seier at..." På denne måten fekk respondentane høve til å korrigere mi oppfatning på det som vart sagt dersom eg hadde misforstått dei. I tillegg forsøkte eg å omformulere spørsmål, dersom eg såg at respondentane var usikre på spørsmålet, slik at betydinga kom tydelegare fram. Eg stilte også oppfølgingsspørsmål som gjorde det mogleg å få meir kunnskap om dei mest relevante og interessante temaa som kom fram i intervju.

3.5 Ethiske omsyn

Gjennom heile forskingsprosessen må ein følgje dei forskningsetiske retningslinene som den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora (NESH)

⁸⁴ Grønmo 2016: 241

har vedteke. Desse etiske omsyna må ein ha klart for seg både på førehand, under og etter forkinga. Retningslinene går blant anna ut på at "deltakerne skal kunne være sikre på at forskeren ivaretar konfidensialitet og ikke bruker opplysningene slik at personer som er med i undersøkelsen kan identifiseres".⁸⁵

I breva som vart sendt ut til respondentane informerte eg dei om prosjektet mitt, samstundes som eg skreiv at all informasjonen vart konfidensielt behandla. I tillegg gav eg dei kontaktinformasjon til meg og rettleiarane mine, slik at dersom det skulle vere spørsmål til dette prosjektet, kunne dei ta kontakt før dei sende brev tilbake med svar på intervju spørsmåla. Då eg skulle gjennomføre intervjuet var det naudsynt med eit fritt informert samtykke frå respondentane. Eit informert samtykke betyr at forskingsdeltakarane blir informert om undersøkings sitt overordna føremål, så vel som moglege risikoar og fordelar ved å delta i forskingsprosjektet. Det inneber også at ein sikrar seg at dei involverte deltek frivillig, og informerer dei om deira rett til å når som helst å trekkje seg ut av undersøkingsa.⁸⁶ Samtykkeerklæringa som vart brukt ligg vedlagt (vedlegg 2).

Sidan retningslinene er tydelege på at personar ikkje skal kunne identifiserast, vil respondentane som nemnt bli omtalte med fiktive namn i oppgåva. I etterkant av intervjuet har bandopptakar og dei transkriberte intervjuet blitt lagra forsvarleg, der berre eg har hatt tilgang. Når prosjektet er ferdig og avslutta vil desse bandopptaka bli sletta.

I dei komande kapitla vil det bli presentert tidlegare forking og analyse om geografisk- og sosial rekruttering, samt analyse om kvifor dei kvinnelege lærarane valde læraryrket.

⁸⁵ Christoffersen & Johannessen 2012: 42

⁸⁶ Kvale & Brinkmann 2012: 88

4.0 Geografisk rekruttering

I dette kapitlet vil eg først ta føre meg tidlegare forskning på geografisk rekruttering til læraryrket. Deretter vil eg presentere mine egne funn når det gjeld den geografiske rekrutteringa til dei tidlegare kvinnelege lærarane og drøfte dette opp mot tidlegare forskning.

4.1 Tidlegare forskning – geografisk rekruttering

I dette delkapitlet vil eg gjere greie for tidlegare forskning som omhandlar geografisk rekruttering til læraryrket. Denne forskinga tek føre seg den geografiske rekrutteringa til lærarskulane i tida 1895–1951, altså første halvdel av 1900-talet. Eg har funne fire ulike undersøkingar på dette området, og desse har eg valt å presentere kronologisk etter kva tid dei har skrive om, ikkje etter når det vart utgjeven.⁸⁷ Dette har eg gjort for å få eit bilete av om det har vore ei utvikling i den geografiske bakgrunnen til lærarane fram mot perioden som eg sjølv har undersøkt. Det som vert presentert her vil vere viktig for meg når eg seinare i dette kapitlet skal sjå på mine egne funn som berre gjeld kvinnelege lærarar.

4.1.1 Geografisk rekruttering 1895–1926

Arve Nordstrand og Reidun Høydal har undersøkt rekrutteringa av elevar som vart tekne opp ved ulike lærarskular i perioden 1895–1926. Nordstrand gav i 1975 ut hovudoppgåva si *Rekruttering til lærerskolene i tiden 1902 til 1926*⁸⁸. Her undersøkte han blant anna den geografiske bakgrunnen til elevane som vart teke opp i første klasse i den treårige lærarskulen i perioden 1902–1926. Kjeldematerialet er elevprotokollar frå lærarskulane frå denne tida. Sidan det berre var mogeleg å få tak i elevprotokollane frå skulane i Volda, Holmestrand, Hamar, Stord og Levanger, er materialet avgrensa til desse skulane og består til saman av 5268 elevar.⁸⁹

⁸⁷ Eg har funne fleire enn desse fire undersøkingane, men mange har vore vanskelege å oppdrive. Undersøkingane i dette kapitlet er valt ut på grunnlag av relevans i høve til omfanget dei representerer, og kva periode dei undersøker.

⁸⁸ Nordstrand 1975

⁸⁹ Nordstrand 1975: 4

Høydal på si side har undersøkt rekrutteringa av alle elevane som vart tekne opp ved Volda lærarskule i perioden 1895-1920, dette var til saman 1563 elevar. For perioden 1902–1920 har ho nytta seg av dei så kalla manntalsprotokollane, dette var handskrivne protokollar med registrerte opplysningar som namn, heimstad, fødestad, fødselsår, føresette sitt namn og livsstilling og tidlegare skulegang. I perioden 1895–1902 har ho brukt eksamensprotokollane som kjelder. Totalt var det 1060 menn og 503 kvinner som vart teke opp ved skulen i denne perioden.⁹⁰

Sjølv om Høydal berre har undersøkt Volda lærarskule, så gjekk relativt sett ein stor del av dei som søkte lærarutdanninga på 1920-talet på denne skulen. I 1922/1923 var skulen den største i Skandinavia med heile 437 elevar.⁹¹

4.1.1.1 Fordeling mellom bygd og by

Nordstrand nemner at det på 1800-talet først og fremst var landsungdomen som vart lærarar. Dette kunne til ei viss grad skuldast at det store fleirtalet av lærarstillingane låg på landet, men sjølv blant by-lærarane var det ein stor del som kom frå bygdene.⁹² I 1902 kom dei ei lov som gjorde til at lærarutdanninga vart treårig, i staden for toårig, og at aldersgrensa for å søkje gjekk frå å vere 17 år til 18 år. Mange meinte dette ville leggje hindringar i vegen for landsungdomen som ville bli lærarar, og difor svekke søknaden frå landet. Dette skulle vise seg å vere grunnlaust. Medan by-elevane i dei fleste åra frå 1891 til 1901 utgjorde over 20 % av elevane ved seminara i landet, gjekk deira del av elevane nedover etter lova av 1902. Totalt var 12 % av dei 5268 elevane som begynte ved desse skulane under lova av 1902 frå byar. Frå Nordstrand si undersøking går det fram at by-elevane utgjorde i underkant av 20 % av elevane fram til 1914, men derifrå sakk deira del brått heilt ned til ca. 3 % i 1918.⁹³

Dette var ei følgje av første verdskrig, meiner Nordstrand. Den førte til ei generell nedgang i elevtalet ved lærarskulane på grunn av høge leviekostnader og høge

⁹⁰ Høydal 1995: 96

⁹¹ Høydal 1995: 110

⁹² Nordstrand 1975: 19

⁹³ Nordstrand 1975: 22

løningar som ikkje freista til skulegang. Årsaka til at nedgangen var størst i byane, var nok mykje at det var byane som i størst grad fekk merke verknadane av dei unormale forholda under krigen. Her var levekostnadane høgast og mangelen på arbeidskraft størst, og løningane låg stort sett over det ein ungdom på landet kunne vente å få. Byungdomen valde difor i endå større grad enn landsungdomen å gå rett inn i arbeidslivet i staden for å søkje lærarutdanning som kanskje førte til stillingar med lågare løningar. Etter krigen steig by-elevane sin del opp til ca. 14 %, for så å ligge på ca. 10 % dei to siste åra før opptaket av nye elevar etter 1902-lova stansa. Nordstrand skriv at ein her må ta i betraktning at dette materialet ikkje gjaldt for studentar og privatistar, blant dei var talet på by-elevar mykje større, i 1925 ca. 40 %.⁹⁴

Høydal fann også at landsungdomen var i overvekt ved lærarskulane. Totalt kom over 90 % av elevane ved Volda lærarskule frå landsbygda. Ho fann også ut at representasjonen av kvinner og menn var særskild ulik for bygd og by. Over 70 % av by-elevane var kvinner, medan mennene var tilsvarende godt representerte blant elevane frå landsbygda.⁹⁵ Rogaland var det fylket som hadde relativt mange by-elevar mellom sine lærarrekruitter. Desse elevane utgjorde likevel berre rundt 14 % av alle by-elevar. Her var det Hordaland som toppa, elevdelen frå Bergen var høgare enn frå dei tre Mørebyane til saman.

Frå Sogn og Fjordane kom det berre to elevar frå Florø, som var den einaste staden med by-status i dette fylket.⁹⁶ Mannsrekrutteringa til læraryrket var særskild låg frå byane gjennom heile perioden frå 1895–1898. Rekrutteringa frå byane var størst i perioden 1911–1914 med ein prosentdel på 11,9 %, men gjekk sterkt attende i tida etterpå. Rekrutteringa av menn frå byar, var i det heile så låg at det var vanskeleg å sjå noko særleg tendens i utviklinga. Derimot var det lettare å sjå ein tendens blant kvinnene. Relativt sett gjekk rekrutteringa av kvinner frå byar jamt og trutt nedover i

⁹⁴ Nordstrand 1975: 23

⁹⁵ Høydal 1995: 114

⁹⁶ Høydal 1995: 115

heile perioden, særleg i siste del, då den gjekk frå 20,3 % i perioden 1911–1914 til berre 6,3 % i perioden 1915–1920.⁹⁷

Som forklaring på kvifor landsungdomen var i så stor overvekt ved lærarskulane legg Nordstrand vekt på at ungdom i og omkring byane hadde mykje lettare tilgang til gymnas. Ikkje berre realskular og gymnas, men også mange andre skular som ein kunne velje mellom. Det var overkomeleg å la barna få gå på skular og kurs når dei kunne bu heime. Men budde ein slik til at barna måtte sendast vekk og betale for kost og losji, så vart utdanninga meir kostbar og ei meir tvilsam affære. Det var ikkje alle byar som hadde lærarskular, så dersom by-ungdom ville ta lærarutdanning, måtte mange av desse også reise heimanfrå. Sidan lærarskulen for dei berre var ei av mange mogelegheiter vart det difor mindre aktuelt sidan dei kunne bu heime dersom ein valde andre skular. Landsungdomen måtte nesten reise heimanfrå uansett kva utdanning dei ynskte fordi skuletilboda i heimbygda var så få. Mange av dei valde lærarutdanninga fordi den berre varde i tre år og ikkje kravde noko langvarig føreutdanning. Difor var dette ofte den billegaste og lettaste vegen for landsungdom som ville ha utdanning, konkluderte Nordstrand med.⁹⁸

Andre årsaker som Nordstrand peikar på var at læraryrket og lærarutdanninga var mindre framand for landsungdom enn dei meir typiske akademkarstillingane, og vart difor meir attraktivt som yrkesmoglegheit. Dei var også meir fortruleg med lærarskulemiljøet, då det stort sett var landsungdom som gjekk ved desse skulane, medan det i realskulen, gymnaset og universitetet var ungdom frå eit heilt anna miljø som utgjorde fleirtalet.⁹⁹

Eit anna forhold som Nordstrand nemner er at lærarskulen ikkje utelukkande var ein fagskule som førte til lærarkompetanse. For ein del elevar var det like mykje skulen sin allmenndannande karakter som freista, sidan dei høgare skulane var vanskeleg tilgjengelege. Landsungdomen måtte reise heimanfrå i ein ung alder for å få den

⁹⁷ Høydal 1995: 117

⁹⁸ Nordstrand 1975: 26

⁹⁹ Nordstrand 1975: 27

skulegangen som vart kravd for å få begynne ved universitetet. Dei måtte bu i byar under heilt framande og uvande forhold under heile utdanninga og med få mogelegheiter til å få besøke heimstaden. Mogelegheitene for å kome tilbake til heimstaden etter ei slik utdanning var også liten, slik at denne vegen oftast innebar ei førebuing til bortflytting for alltid. Og avgjerda måtta bli tatt på eit tidleg tidspunkt. Desse forholda kunne ofte kalle på ambivalente kjensler og redusere trongen til å satse på universitetet.¹⁰⁰

Det vart sett på som ei glede av dei som jobba for å styrke landdistriktet sin innflytelse i samfunnet at ein så stor del av landsungdomen som hadde evner og lyst til utdanning valde lærarskulen. Ved at den dyktige landsungdomen valde lærarskulen, førte det til at mange av dei reiste heim til landdistrikta etter enda utdanning, i motsetnad til dei som valde universitetet og anna utdanning. På ei anna side flytta ein del også til byane, på grunn av høgare løn og betre vilkår. For mange av elevane i lærarskulane var det mangelen på andre aktuelle utdanningstilbod som avgjorde deira val. Nordstrand meiner dei sannsynlegvis hadde valt ei anna høgare utdanning dersom dei hadde hatt mogelegheit til det.¹⁰¹

4.1.1.2 Fordeling mellom fylke og landsdelar

Det same biletet gjekk igjen då Nordstrand undersøkte rekrutteringa frå dei ulike fylka og landsdelane. Dei som hadde dei mest allsidige og lettast tilgjengelege skuletilboda valde sjeldan lærarskulane, medan dei som budde i område med få gymnas valde i stor grad lærarskulane.¹⁰²

Oslo, Akershus, Østfold og Bergen hadde særst få elevar i forhold til folkemengda. Av dei som tok lærarprøva kom det i åra 1905, 1915 og 1925 berre mellom 1,5–4 % frå Oslo, medan folkemengda utgjorde 10 % av befolkninga i landet i 1920. Vest-Agder, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal skilde seg ut i motsett veg. Sogn og Fjordane hadde over 10 % av elevane dei tre åra mot berre 3,5 % av folkemengda, og var det fylket som var mest overrepresentert ved lærarskulane. Dette til trass for

¹⁰⁰ Nordstrand 1975: 27

¹⁰¹ Nordstrand 1975: 28

¹⁰² Nordstrand 1975: 28

at ungdom måtte reise utanfor fylket for å gå lærarskulen, først og fremst til skulane i Volda og på Stord.¹⁰³

Ein kan sjå dei same tendensane når ein ser på landsdelane. Elevane frå Oslofjordområdet utgjorde ein liten del av lærarskuleelevar sett i forhold til folkemengda. 27,5 % av befolkninga i landet i 1920 kom frå dette området, medan ved lærarskulane utgjorde elevane herifrå berre høvesvis 14 %, 15 % og 8 % i åra 1905, 1915 og 1925. Vestlandet, med omtrent den same folkemengda, var den landsdelen som var best representert med 43 %, 37 % og 37 % av elevane dei same tre åra. Frå dei andre landsdelane var rekrutteringa om lag som ein kunne vente i forhold til folkemengda.¹⁰⁴

I fordelinga mellom kvinner og menn såg ein at fylka ved Oslofjorden hadde ein mykje større del av jentene enn av gutane. Av alle jentene kom 12 % til 29 % frå dette området i dei tre åra 1905, 1915 og 1925. Medan for gutane låg talet heile tida på rundt 6 til 7 %. På Vestlandet var det gutane som var i overtal, ca. 30 % av jentene kom frå denne landsdelen, medan gutane var prosentdelen mellom 40 % og 50 %.¹⁰⁵ Ei årsak til denne skilnaden låg mykje i at ein på denne tida hadde ei oppfatning av at gutane måtte få den høgste og beste utdanninga. Dette førte til at artium og universitetsutdanning var atterhaldt gutane i tida omkring hundreårskiftet, medan jentene ofte måtte nøye seg med skular med lågare status, som lærarskulane. Ei vanleg oppfatning var at jentene kom til å gifte seg, og difor ville bli forsørgja av mannen, slik at ei kostbar utdanning ikkje var naudsynt. Jentene som gjekk på lærarskulane kom i større grad enn gutane frå heimar med god økonomi, som hadde råd til å gje dei ei utdanning som ikkje vart oppfatta som nyttig.¹⁰⁶

Ikkje overraskande kom dei fleste elevane ved Volda lærarskule frå dei geografiske nærområda til skulen, med Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane i spissen. Verdt å

¹⁰³ Nordstrand 1975: 30

¹⁰⁴ Nordstrand 1975: 31

¹⁰⁵ Nordstrand 1975: 33

¹⁰⁶ Nordstrand 1975: 34

merke seg var at 20 % av elevane kom frå Hordaland. Samla sett var mest 90 % av elevane ved Volda lærarskule i denne perioden vestlendingar.¹⁰⁷ Møre og Romsdal sin del av rekrutteringa gjekk jamt og trutt nedover i denne perioden, frå å vere på 47,9 % i perioden 1895–1899 til å vere på 27,7 % i perioden 1915–1917. Rekrutteringa frå fylke utanom dei tre kjernefylka Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland hadde derimot ei motsett utvikling. I den siste perioden frå 1915–1917 hadde kategorien ”andre fylke” gått frå å vere på 5,1 % i 1895–1899 til 14,9 %. Det var særleg etter 1911 at dei andre fylka skaut fart, medan vestlandsfylka sokk. Såleis var elevflokken langt meir heterogen med omsyn til geografisk opphav.¹⁰⁸

Rogaland var det fylket med den beste kvinnerepresentasjonen med 57,3 %, nest etter kom Sør-Trøndelag med 54,8 %, men herifrå kom berre om lag 5 % av alle kvinnene som vart opptekne ved skulen. Møre og Romsdal var naturleg nok det fylket det kom flest kvinner frå, men her var mennene i fleirtal. Kvinnerepresentasjonen frå Møre og Romsdal låg såleis litt under gjennomsnittet. Kvinnerepresentasjonen frå Hordaland låg derimot over gjennomsnittet med 37,8 %, medan Sogn og Fjordane hadde sær låg kvinnerepresentasjon, her var det mennene som gjorde sitt inntog, likeins med Troms og Nordland.¹⁰⁹

4.1.2 Geografisk rekruttering 1938

August Lange var den første som verkeleg tok til å sjå på rekrutteringa til lærarane, då han i 1947 gav ut boka *Hvem blir lærere – og hvorfor?*¹¹⁰ I motsetnad til Nordstrand og Høydal som tok føre seg perioden 1895–1926, var dette eit resultat av ei undersøking som vart satt i gang hausten 1938. Undersøkinga var eit ledd i arbeidet med å finne fram til nye former for opptakingsprøve ved lærarskulane. Lange vende seg til alle førsteklasseelevar ved alle lærarskulane i landet hausten

¹⁰⁷ Høydal 1995: 111

¹⁰⁸ Høydal 1995: 112

¹⁰⁹ Høydal 1995: 113

¹¹⁰ Lange 1947

1938, både studentklassar og fireårige klassar.¹¹¹ Gjennom Kyrkje- og undervisningsdepartementet vart det sendt ut eit spørjeskjema, der det var 366 lærarskuleelevar som deltok i undersøkinga, 165 frå studentklassar og 201 frå fireårige klassar. Av desse igjen var det i studentklassane 82 kvinner og 83 menn, medan det var 77 kvinner og 124 menn i dei fireårige klassane. Spørjeskjemaet inneheldt to delar, og i den første delen spurde Lange elevane blant anna om kvar elevane kom ifrå.¹¹²

4.1.2.1 Fordeling mellom bygd og by

Lange har undersøkt både fødestad og kvar elevane har budd under oppveksten. Som heimstad rekna han den staden eleven hadde budd samanhengande lengst før ein fylte 18 år. For dei som hadde budd på fødestaden dei første 9 år av sitt liv, er fødestaden rekna som heimstad. 257 elevar, som vil sei om lag 70 %, har budd på fødestaden til 18-årsalder.¹¹³

290 elevar, om lag 79,1 %, hadde heimstad i bygder, medan resten av elevane hørde heime i byar. Av bygde-elevane hadde 13 stykk heimstad i tettbygder: 8 var frå Aker ved Oslo, 2 frå Bærum, dei andre frå Oddernes, Laksevåg og Bodin. Alle desse 13 hadde forsørgjarar med "by-yrke". I 1930 var 28,9 % av befolkninga i Noreg heimehøyrande i byar. I skuleåret 1920/21 kom 9 % av lærarskule-elevane frå byar, medan det i skuleåret 1930/31 var ca. 13 %.¹¹⁴

Lange forklarar den låge prosentdelen i dette tiåret med at det ikkje var studentklassar ved lærarskulane i desse åra. Det var i åra 1922–1926 eittårige kurs for studentar ved ein del lærarskular, men elevtalet i desse studentklassane var lite samanlikna med elevtalet i dei fireårige klassane. Til dømes var det 1426 elevar ved lærarskulane i skuleåret 1926/27, der 145 av dei var i studentklassar. Dette året var 16 % av elevane frå byar. I 1930 vart det innført ei ny ordning med fireårig lærarskule

¹¹¹ Frå 1936 fanst det både toårige lærarliner for artiumskandidatar, så kalla studentliner, og fireårige liner for kandidatar utan gymnas. Frå 1976 vart dei fireårige linene avvikla og ei treårig høgskuleutdanning vart norma (Seip, 1990, s.113).

¹¹² Lange 1947: 14

¹¹³ Lange 1947: 15

¹¹⁴ Lange 1947: 15

og toårige klassar for studentar, og det første kullet med studentklassar vart teke opp i 1936. Frå då av fekk lærarskulane eit større tilskot av elevar frå byane.¹¹⁵

Undersøkinga til Lange viste at det var stor skilnad på studentar og dei fireårige når det gjaldt fordelinga mellom by og bygd. Av dei 201 elevane som gjekk i dei fireårige klassane, høyrde om lag 90 % heime i bygder, medan resten høyrde heime i byar eller tettbygder. Prosenten av by-elevar var altså her omtrent den same som i skuleåret 1920/21. Av dei 165 studentane som vart tatt opp i 1938, var det derimot berre 58 % som kom frå bygder, medan 42 % hadde heimstad i byar eller tettbygder. Talet på by-elevar var også større blant jentene enn blant gutane. Berre 5 av dei 124 gutane i dei fireårige klassane kom frå byar, medan det av dei 77 jentene var 14 som kom frå byar eller tettbygder. I studentklassane var om lag ein fjerdedel av gutane frå byar eller tettbygder, medan dette gjaldt over halvparten av jentene. Mellom dei enkelte lærarskulane viste det seg at talet på elevar med heimstad i byar var minst ved Stord, Volda og Tromsø lærarskule.¹¹⁶

Lange kjem inn på årsakene til kvifor det var fleire frå byane i studentklassane enn i den fireårige lærarskulen. Dette var mykje på grunn av at vegen til artium var mykje lettare for by-ungdomen, fordi det var fleire realskular og gymnas i byane. Difor var det heller ikkje så mange frå byane som søkte til den fireårige lærarskulen. For landsungdomen derimot var denne skulen den lettaste vegen å gå om ein hadde lyst og evner til å lese vidare etter folkeskulen og realskulen. Når det gjaldt kvifor jentene i større grad kom frå byane, både i den fireårige lærarskulen og i studentklassane, så meinte Lange at dette hadde meir samansette årsaker. I byane hadde ein gjerne ei større oppfatning av at døtrene burde skaffe seg ei utdanning. Det var også fleire kvinner enn menn som kom frå velstående heimar, og i desse heimane, som hadde råd til å gje barna ei høgare utdanning, ville sønene helst søke seg til universitetet eller andre høgskular, medan døtrene hadde færre vegar å velje mellom. Dei søkte

¹¹⁵ Lange 1947: 16

¹¹⁶ Lange 1947: 16

helst til filologiske studiar, realstudiet eller til lærarskulane. Mange foreldre ynskte at døtrene deira skulle bli lærarinner fordi dette førte til fast stilling med pensjon.¹¹⁷

4.1.2.2 Fordeling mellom landsdelar

Likeins med Nordstrand, fann også Lange ut at det var vestlandsfylka som sende flest elevar til lærarskulane. 139 av 366 elevar kom i frå dei 5 vestlandsfylka, noko som vil seie at over ein tredjedel kom ifrå desse fylka, medan desse fylka hadde vel femteparten av heile befolkninga til Noreg. Fylka ved Oslofjorden var særleg svakt representert. I 1930 budde 28,1 % av befolkninga i Noreg i desse områda, medan ein berre hadde 11,2 % av elevane ved lærarskulane. Oslo og Akershus, som til saman hadde 17,4 % av folketalet, hadde ikkje meir enn 6,2 % av elevane. Dei andre austlandsfylka var også svakt representerte.¹¹⁸

Av trøndelagsfylka var det Nord-Trøndelag som hadde flest elevar, med 6 % av elevane, medan dei hadde 3,4 % av folketalet. Nord-Noreg som heilskap hadde temmeleg mange elevar, 14,5 % av elevane mot 12 % av folketalet, med det var berre Nordland og Troms som var godt representert. Frå Finnmark kom det ikkje meir enn 2 elevar, og begge desse kom ifrå byar.¹¹⁹

Lange konkluderte med det same som Nordstrand. Fordelinga mellom landsdelane stadfesta at i dei landsdelane der det var lett tilgang til høgare skular, så søkte færre elevar til lærarskulane. I dei skulefattige landsdelane tok lærarskulane opp mange elevar som elles ville ha søkt til ei anna høgare utdanning dersom det hadde vore tilgang til det. Om ein ser på den geografiske fordelinga av elevane ved dei enkelte skulane, syntet det seg at alle studentklassane hadde elevar frå mange ulike landsdelar, medan dei fireårige klassane hadde flest elevar frå dei distrikta som låg nærast skulen.¹²⁰

¹¹⁷ Lange 1947: 17

¹¹⁸ Lange 1947: 18

¹¹⁹ Lange 1947: 18

¹²⁰ Lange 1947: 19

4.1.3 Geografisk rekruttering 1951

Hausten 1951 sende lærarskulerådet ut eit spørjeskjema til utfylling til alle dei nye klassane dette skuleåret. Dette gjorde dei for å få eit samla oversyn over rekrutteringa til lærarskulane. Denne hausten vart det teke opp 24 studentklassar med til saman 715 elevar, og 8 klassar fireårige, med til saman 249 elevar. Dette materialet som St.meld. nr.9¹²¹ kom ut med i 1954, har blitt jamført med materialet til Lange, som er gjennomgått ovanfor. Medan det i undersøkinga til Lange i 1938 berre var 201 elevar i fireårige klassar og 165 studentar, var det i 1951 243 elevar i fireårige klassar og 684 studentar som fylte ut skjemaet.¹²²

4.1.3.1 Fordeling mellom bygd og by

Etter folketeljinga i 1946 høyrde 50 % av Noreg sine innbyggjarar heime i landsbygder, 17 % i tettbygder, medan 33 % høyrde heime i byane. Når ein ser på studentklassane frå 1951 kom 53 % av jentene frå landsbygder, 14 % frå tettbygder og 33 % frå byar. Resultatet synte at det framleis kom fleire kvinner enn menn frå byane, der berre 21 % av gutane kom frå byar. Derimot var det fleire menn frå landsbygda med 66 %. I alt, med både jentene og gutane, var det 59 % som kom frå landsbygder, 14 % frå tettbygder og 27 % frå byar av studentklassane i 1951.¹²³

Når ein ser på dei fireårige klassane frå 1951 kom 92,5 % av jentene frå landsbygder, 3,7 % frå tettbygder og 3,7 % frå byar. Frå byane var det gutane som var i fleirtal, med 8 % frå byar, 4 % frå tettbygder og 88 % frå landsbygder, men skilnaden mellom kvinner og menn var ikkje like stor i dei fireårige klassane som i studentklassane. Når det gjaldt fordelinga mellom bygd og by, var skilnaden på fireårige elevar og studentar den same i 1951 som han var i 1938. I 1951 og i 1938 kom 90 % av dei fireårige og 58–59 % av studentane frå landsbygda.¹²⁴

¹²¹ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

¹²² Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

¹²³ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

¹²⁴ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

4.1.3.2 Fordeling mellom landsdelar

Vedlegget til St.meld. nr.9 1954 viser også den geografiske fordelinga mellom dei ulike landsdelane. For det første kan ein sjå ein skilnad mellom dei fireårige og studentane når det gjeld den geografiske fordelinga. Austlandet og Sørlandet var sterkare representert blant studentane, medan Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg var dei som sende flest elevar til den fireårige lærarskulen. Om ein ser på alle elevane under eitt, kan ein sjå at Austlandet var sterkare representert i 1951 enn dei var i 1938, med 36 % mot 27 %. Ein ser også at det var fleire vestlandselevar i 1938, enn kva det var i 1951, med 38 % i 1938 mot 30 % i 1951. Årsaka til dette vert forklart ved at det i 1951 vart teke opp mange fleire studentklassar enn tidlegare. Elevtalet frå Nord-Noreg hadde auka frå 14,3 % i 1938 til 17 % i 1951. Denne auken vert forklart med at det i 1951 vart teke opp 6 klassar ved lærarskulane i Nord-Noreg, 2 på fireårig line og 4 på studentlina. I 1938 hadde det berre vore ein av kvar klasse.¹²⁵

Når ein samanliknar prosentdelen av lærarskuleelevar frå dei forskjellige landsdelane med prosentdelen av folketalet i dei ulike landsdelane, viste det seg at dei to prosenttala samsvarde nokolunde for innlandsfylka på Austlandet, for Sørlandet og for Trøndelag. Vestlandet og Nord-Noreg var derimot dei to landsdelane der ein sende fleire elevar til lærarskulane enn det ein skulle vente ut ifrå folketalet. Fylka rundt Oslofjorden sende færre. Denne skilnaden var likevel ikkje så stor i 1951, som den var i 1938.¹²⁶

Den geografiske fordelinga fortel oss også noko om skilnaden på kvar jentene og gutane kom frå. Det viste seg at i studentklassane kom det fleire kvinner enn menn frå fylka rundt Oslofjorden, Austlandet elles og frå Bergen. Her var skilnaden mellom jentene og gutane størst i Akershus, Østfold og Vestfold, der 14 % av jentene frå studentklassane kom frå, medan det var 7 % av gutane som kom frå desse plassane. Om ein ser på Austlandet under eitt, kom 49 % av jentene der ifrå, medan delen av gutane var på 32,4 %. Derimot kom det fleire menn enn kvinner frå Sørlandet,

¹²⁵ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

¹²⁶ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Nord-Noreg. Her var skilnaden størst i fylka Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, der 20 % av gutane i studentklassane kom frå, og 8,5 % av jentene.

Årsaka til denne skilnaden mellom kvinner og menn i studentklassane vert gitt av at det på den tid ikkje hadde vore like vanleg for kvinner som for menn å gå på gymnas i desse landsdelane. I dei fireårige klassane var det flest kvinner frå Vestlandet og Austlandet, medan gutane gjorde stort inntog frå Sørlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Skilnadane var ikkje like synlege her, som dei var i studentklassane. Til dømes kom 35,5 % av jentene frå Vestlandet, medan 32,3 % av gutane kom frå same landsdel i dei fireårige klassane.¹²⁷

Dei fleste lærarskulane drog elevar til den fireårige lina berre frå fylka i nærleiken. Unntaket var Oslo, som fekk elevar til den fireårige skulen frå heile 10 fylke, frå Agder i sør til Finnmark i nord, og Elverum, som fekk elevar frå både Austlandet og Vestlandet. Spreiinga i elevflokkene var derimot mykje større blant studentklassane. Dette hang saman med at opptaks måten var annleis her. Oslo, Elverum, Bodø, Sagene og Hamar var dei skulane som fekk elevar frå flest fylke, alt ifrå 16 til 20 fylke. I Bodø var det til dømes av 61 elevar, der berre 20 stykk som kom ifrå Nordland fylke, medan 14 kom frå Vestlandet og 12 frå Austlandet. Lærarskulane i Volda, Stord, Tromsø, Levanger og Kristiansand fekk elevar til studentklassane frå 7 til 9 ulike fylke kvar.¹²⁸

4.1.4 Samanfating

Etter å ha studert desse fire ulike undersøkingane om geografisk rekruttering til læraryrket, finn vi ein del fellestrekk for perioden dei har undersøkt. Det som i størst grad kjem fram i alle undersøkingane er den store rekrutteringa til læraryrket frå landsungdomen. Her legg dei vekt på at årsaka var at ungdom i og omkring byane hadde mykje lettare tilgang til skular. I dei landsdelane der det var lett tilgang til høgare skular, så søkte altså færre elevar til lærarskulane. Dette såg dei ved at

¹²⁷ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

¹²⁸ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

særleg fylka ved Oslofjorden rekrutterte dårleg til lærarskulane i forhold til folketalet. Dette gjaldt for heile den undersøkte perioden, men ved midten av 1900-talet, så vart desse fylka noko sterkare representert på grunn av fleire studentklassar.

Eit anna viktig funn er at særleg fylka på Vestlandet rekrutterte bra til lærarskulane i forhold til folketalet. Dette heng også saman med at undersøkingane peikar på at det var lite elevar frå byar, men dette tok seg også noko opp etter at studentlinene opna. Elles vert det lagt vekt på at det var særskilt jentene kom ifrå byane, medan gutane i større grad kom frå landsbygda. I dei to siste undersøkingane kom det også fram at det var eit skilje mellom fireårige elevar og studentar i høve til kvar dei kom ifrå. Det var ein mykje større del av dei fireårige elevane som kom ifrå bygda, fordi vegen til artium var mykje lettare for byungdomen, og såleis var dei i fleirtal for studentane. Etter å ha sett kva tidlegare forskning seier om den geografiske rekrutteringa til læraryrket, kan vi stille oss spørsmålet om den same tendensen også er gjeldande for dei kvinnelege lærarane som eg har studert.

4.2 Geografisk variasjon i rekruttering av kvinner til lærarutdanninga


I dette delkapittelet vil eg sjå på mine egne funn i forhold til den geografiske rekrutteringa. Som nemnt i kapittel tre har eg ved hjelp av verket *Norske Skolefolk*¹²⁹ henta opplysningar om 1000 kvinnelege lærarar fødde mellom 1935–1945. Desse kvinnene gjekk ut i læraryrket omtrent i perioden 1955–1965, som vil seie at datamaterialet mitt vil vere gjeldande for denne perioden. Av desse 1000 kvinnelege lærarane, var 276 av dei studentar, medan 724 var elevar som hadde tatt den fireårige utdanninga.

4.2.1 Rekruttering frå fylka

Dei 1000 undersøkte kvinnelege lærarane kom frå 377 ulike kommunar i landet. Desse kommunane har eg deretter gruppert inn i dei 20 ulike fylka på denne tida, for å kunne seie noko om kvart enkelt fylke. Slik ein kan sjå i figur 1 nedanfor kom dei fleste lærarane i utvalet frå Møre og Romsdal, med 87 personar av dei 1000 undersøkte. Dernext følgde Rogaland (83), Hordaland (78), Nordland (72), Oslo (68) og Sogn og Fjordane (63) som dei seks fylka med størst rekruttering til læraryrket.

Ved første augnekast ser ein at det var særleg vestlandsfylka, utanom Bergen (35), som særleg rekrutterte flest kvinnelege lærarar. Tek ein med trøndelagsfylka, får ein ei lang samanhengande kjede av kystfylke frå Rogaland i sør og til og med Nordland i nord som rekrutterte sterkt til læraryrket i landet på 1950- og 1960-talet. Elles ser ein at særleg Finnmark (16) rekrutterte dårleg i denne perioden. Dette hadde Finnmark til felles med Troms (30) og ein del fylke på Austlandet.


¹²⁹ Beite 1966



(Figur 1 – Rekruttering av lærarar etter fylke. Absolutte tal)

For å få eit meir korrekt bilete på den geografiske fordelinga av dei kvinnelege lærarane har eg sett på korleis rekrutteringa samsvarde med folketalet i fylka. Ved folketeljinga i 1960 var den heimehøyrande folkemengda i Noreg på 3 591 234 personar fordelt på dei 20 ulike fylka.¹³⁰ I figur 2 nedanfor er prosent av folketalet i kvart fylke og prosent av utvalde fordelt på heimstadsfylke teikna inn som to søyler. Om rekrutteringa samsvarde med folketalet i fylka, ville desse to søylene vore jamstore. Som vi ser er det inga tilfelle der rekrutteringsprosenten (blå søyle) og folketalprosenten (rød søyle) er heilt like innanfor noko fylke. For å kunne sjå kva fylke som rekrutterte best og dårlegast i høve folketalet, har eg rekna ut forholdet

¹³⁰ SSB (1963), Folketeljing 1960, hefte 1: 10




(Figur 2 – Rekruttering av lærarar i høve til folketalet for kvart fylke)

mellom rekrutteringsprosenten og folketalsprosenten. Her vil ein verdi over 1 svare til at ein har ein rekrutteringsprosent som er større enn folketalsprosenten, medan ein verdi under 1 vil svare til det motsette. Dette forholdet mellom rekrutteringsprosenten og folketalsprosenten i kvart fylke i 1960 er vist i figur 3 nedanfor.

Sogn og Fjordane (2,25) kjem heilt klart ut som det fylke som rekrutterte flest kvinnelege lærarar i forhold til folketalsprosenten. Her var rekrutteringsprosenten over dobbelt så stor som folketalsprosenten. Nest etter kjem ti andre fylke, som alle rekrutterte fleire kvinnelege lærarar i forhold til folketalet. I Aust-Agder (2,14) var også rekrutteringsprosenten over dobbelt så stor som folketalsprosenten, og berre litt under det dobbelte hjå Nord-Trøndelag (1,66). Bergen (1,09) og Nordland (1,09) var dei to fylka, der rekrutteringsprosenten og folketalsprosenten var omtrentleg lik.

Vidare kjem det ei rekkje fylker som rekrutterte svakt i forhold til folketalet. Her kom Akershus (0,49), Oslo (0,52) og Vestfold (0,53) dårlegast ut.

Desse resultatane stemmer godt overeins med det tidlegare forskning har vist oss. Ein ser at det gjerne var typiske by-fylke som rekrutterte dårlegast i forhold til folketalet, medan typiske distriktsfylke var godt representerte. Dette forklarar både Nordstrand og Lange med at på dei stadene der det var lett tilgang til høgare utdanning, så søkte færre elevar til lærarskulane. I dei skulefattige landsdelane tok lærarskulane opp mange elevar som elles kanskje ville ha søkt til ei anna høgare utdanning om det hadde vore tilgang til det.¹³¹



(Figur 3 – Forholdet mellom rekrutteringsprosent og folketalprosent for kvart fylke)

¹³¹ Nordstrand 1975; Lange 1947

Av dei undersøkte kvinnelege lærarane fødde mellom 1935–1945 var det altså Sogn og Fjordane, Aust-Agder og Nord-Trøndelag som rekrutterte flest i forhold til folketalet. Då desse kvinnene tok utdanning på 1950- og 1960-talet, så hadde verken Sogn og Fjordane eller Aust-Agder ein lærarskule i fylket. Det vil seie at dei uansett måtte reise vekk for å få seg ei utdanning. Ein kan då lure på kvifor dei ikkje valde ei anna utdanning, enn lærarutdanninga, når dei først måtte reise heimanfrå. Nordstrand skriv at mange av lærarane, både kvinnelege og mannlege, valde lærarutdanninga fordi det var ei kort utdanning, og fordi det ikkje kravde ei lang føreutdanning. Dette gjorde at utdanninga var billeg og gjerne den lettaste vegen for landsungdom som ville ha utdanning. Mange av desse elevane hadde gjerne ikkje hatt mogelegheit til å ta verken realskule eller gymnas.¹³²

Ved å sjå på kvar dei 63 kvinnene frå Sogn og Fjordane gjekk på lærarskule, finn vi at 23 reiste til Volda lærarskule (36,5 %), 10 til Stord lærarskule (15,9 %), og 10 til Bergen lærarskule (15,9 %). Dei resterande 20 lærarskuleelevane frå Sogn og Fjordane fordelte seg på ni andre lærarskular. Dette viser altså at sjølv om dei ikkje hadde lærarskule i sitt eige fylke, tok dei gjerne dei kortaste vegen for å få ei utdanning. Det same gjeld for Aust-Agder, der 20 av 45 (44,4 %) av elevane valde å ta lærarutdanninga si ved den næraste lærarskulen i Kristiansand. Lærarskuleelevane frå Nord-Trøndelag hadde Levanger lærarskule i same fylket, her gjekk 32 av dei 52 (60,4 %) lærarane frå dette fylket. Tek vi med dei 8 som valde lærarskulen på Nesna, er delen 75,5 %.

Desse tre fylka var det vi kan kalle for distriktsfylke. Det er fylke med landlege område, gjerne med relativt spreidd busetnad til forskjell frå byane, og som ligg eit stykke frå dei større byane i landet. På 1950- og 1960-talet hadde desse fylka berre nokre få byar, samstundes som at desse byane var små i forhold til dei største byane i landet på denne tida. Med spreidd busetnad og små tettstader gjorde dette til at tilgangen til gymnaskapasiteten var dårleg på bygdene. Difor kan lærarutdanninga ha vore eit godt tilbod til dei som ikkje hadde mogelegheita til å ta gymnaset, og difor ikkje kunne kome seg inn på universitet.

¹³² Nordstrand 1975: 26

Elles hadde desse tre fylka eit lite differensiert næringsliv, så mangelen på alternative yrkesvegar kan nok ha spela inn. Til dømes i det grisgrendte jordbruks- og fiskeribaserte Sogn og Fjordane med lite industri og mangel på breiare spekter av dei næringane ein fann i storbyar, kan det ha vore meir nærliggjande å ty til læraryrket.¹³³

Særskilt Akershus, Oslo, Vestfold og Buskerud rekrutterte få elevar i forhold til folketalet. I undersøkinga mi som berre gjeld kvinnelege lærarar hadde Oslo eit forholdstal på 0,52. Som tidlegare forskning har vist kom det i åra 1905, 1915 og 1925 berre mellom 1,5–4 % lærarskuleelevar, både kvinnelege og mannlege frå Oslo, medan folketalet utgjorde 10 % av befolkninga i landet i 1920.¹³⁴ Dette gir oss eit forholdstal mellom rekruttering og folketal på 0,15–0,40 i desse tre åra. Det at mitt forholdstal er noko høgare for Oslo enn kva det var tidlegare på 1900-talet, kan nok skuldast at mine tal berre gjeld kvinner. I følgje Hagemann vart by-skulen tidlegare enn landsskulen dominert av kvinner. I 1890 var til dømes 11 % av lærarkorset i landsskulen kvinner, medan denne delen var 62 % i by-skulen.¹³⁵ Dette legg også Nordstrand merke til når han skriv at fylka ved Oslofjorden hadde ein mykje større del av jentene enn av gutane. Ei årsak til meiner Nordstrand er at jentene i byane ofte måtte nøye seg med skular med lågare status, som lærarskulane, medan gutane fekk den høgste og beste utdanninga ved universiteta.¹³⁶

¹³³ Hoel 2017: 232


¹³⁴ Nordstrand 1975: 21

¹³⁵ Hagemann 1992: 67–71

¹³⁶ Nordstrand 1975: 34

4.2.2 Rekruttering frå landsdelar

Figur 4 nedanfor viser prosent av folketalet i kvar landsdel og prosent av utvalde fordelt på desse landsdelane.¹³⁷




(Figur 4 – Rekruttering av lærarar i høve til folketalet for kvar landsdel)

Fylka rundt Oslofjorden var den landsdelen som rekrutterte dårlegast kvinnelege lærarar i forhold til det folketallet skulle tilseie. Medan 30,2 % av befolkninga i landet kom frå dette området, utgjorde elevane herifrå berre 17,1 %. Nord-Noreg og Austlandet elles var dei to landsdelane som rekrutterte nokolunde av det ein kunne forvente, med høvesvis 12,2 % og 18,4 % av folketallet, medan elevtalet var på 11,8 % og 17,7 %. Vi ser at dei tre landsdelane Sørlandet, Vestlandet og Trøndelag rekrutterte fleire kvinnelege lærarar enn det folketallet skulle tilseie. Sørlandet hadde ein folketalsprosent på 5,2 %, medan rekrutteringsprosenten var på 8,6 %.

Vestlandet og Trøndelag hadde ein folketalsprosent på høvesvis 24,9 % og 9,1%, medan rekrutteringsprosenten låg på 34,6 % og 10,2 %. Dette var ikkje overraskande resultat ut ifrå det vi har sett på kva fylke som rekrutterte best i forhold til folketallet.

¹³⁷ Landsdelane er delt inn etter denne måten: Nord-Noreg (Finnmark, Troms, Nordland), Trøndelag (Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag), Vestlandet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Bergen, Rogaland), Sørlandet (Vest-Agder, Aust-Agder), Austlandet elles (Hedmark, Oppland, Buskerud, Telemark) og Fylka rundt Oslofjorden (Oslo, Østfold, Vestfold, Akershus).

Vi ser altså dei same tendensane når vi ser på landsdelane. I figur 5 nedanfor ser vi likeins med fylka tidlegare, forholdet mellom rekrutteringsprosenten og folketalsprosenten i kvar landsdel i 1960. I rekkefølge etter kva landsdel som rekrutterte best i forhold til folketalet får vi altså Sørlandet øvst, deretter Vestlandet, Trøndelag, Nord-Noreg, Austlandet elles og til slutt fylka ved Oslofjorden.



(Figur 5 – Forholdet mellom rekrutteringsprosent og folketalsprosent for kvar landsdel)

Ved å samanlikne desse resultatane med det som er gjort i tidlegare forskning, kan vi sjå om desse funna stemmer overeins, eller om det finst nyansar av ulikskapar. Med tanke på at mi forskning berre rekrutteringa av kvinner, kan ein tenkje seg at vi vil sjå nokre skilnader. Nordstrand fann også ut at det var elevane frå Oslofjordområdet som rekrutterte dårlegast i forhold til folketalet. Medan fylka ved Oslofjorden utgjorde 27,5 % av befolkninga i landet i 1920, utgjorde elevane herifrå berre høvesvis 14 %, 15 % og 8 % i åra 1905, 1915 og 1925.¹³⁸ Dette gir oss eit forhold mellom folketalsprosenten og rekrutteringsprosenten på 0,50, 0,55 og 0,29 i desse tre åra. Ser vi på resultatane til Lange nokre år seinare, hadde fylka ved Oslofjorden

¹³⁸ Nordstrand 1975: 31

28,1 % av befolkninga i landet, medan rekrutteringsprosenten var på 11,2 %.¹³⁹ Dette gir oss eit forholdstal på 0,40. Når vi kjem til funna i St.meld. nr.9 frå 1954 var elevdelen 16 %, medan folketalsprosenten var på 29 % i den same landsdelen.¹⁴⁰ Noko som gir oss eit forholdstal på 0,55. Ser vi på figur 5 ovanfor syner den at forholdstalet mellom folketalsprosenten og rekrutteringsprosenten i mi undersøking er 0,57.

Dette gjer til at vi får forholdstala 0,50, 0,55, 0,29, 0,40 og 0,57 for åra 1905, 1915, 1925, 1938, 1951 og perioden 1955–1965. Jamføringa viser ein viss variasjon, men desse tala ligg så nærme kvarandre at det er vanskeleg å trekkje nokon konklusjonar. Det er særleg forholdstala mellom 1915 og 1925 som skil seg ut. Dette forklarar Nordstrand som ei følgje av første verdskrig. Den førte til ei generell nedgang i elevtalet ved lærarskulane på grunn av høge levekostnader og høge lønningar som ikkje freista til skulegang. Årsaka til at nedgangen var størst i byane, var mykje fordi det var i byane ein i størst grad fekk merke verknadane av dei unormale forholda under krigen.¹⁴¹ Ein ser at når ein kjem til mi undersøking, så har forholdstalet auka til 0,57 mot 0,40 berre eit par år tidlegare.

Dette stadfestar det som tidlegare forskning har vist, at det av lærarskuleelevane var fleire kvinner enn menn som kom frå byane. Sidan mi forskning berre tek føre seg kvinner, er dette resultatet ikkje så rart. Likevel kunne ein kanskje ha forventa at dette forholdstalet skulle ha vore noko større. Ser ein tilbake til undersøkinga til Nordstrand vart det allereie der framheva at ved fordelinga mellom jentene og gutane, så såg ein at fylka ved Oslofjorden hadde ein mykje større del av jentene enn av gutane. Av alle jentene kom 12 % til 29 % frå dette området i dei tre åra 1905, 1915 og 1925.¹⁴² Når forholdstalet frå 1915 viser 0,55 og er gjeldane for både kvinner og menn, og forholdstalet frå mi undersøking viser 0,57, som berre er gjeldande for kvinner, ville det kanskje vore naturleg at dette skulle ha vore større.

¹³⁹ Lange 1947: 18

¹⁴⁰ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

¹⁴¹ Nordstrand 1975: 23

¹⁴² Nordstrand 1975: 34

Går vi over til skilnadane innanfor Vestlandet, skal vi sjå at det her er noko større variasjon. Frå Nordstrand si undersøking frå starten av 1900-talet kom 43 %, 37 % og 37 % av elevane frå Vestlandet i åra 1905, 1915 og 1925.¹⁴³ Med tanke på at dei hadde ein folketalsprosent på 14,7 % i 1920 gjev det oss forholdstala 2,93, 2,5 og 2,5 for dei tre gjeldande åra.¹⁴⁴ Dette vil sei at Vestlandet produserte lærarar nesten tre gonger så mykje som det folketalet skulle tilseie. Går vi 30 år fram i tid, så var folketalsprosenten for Vestlandet på 24,7 %, medan rekrutteringsprosenten var på 30 %, noko som gir oss forholdstalet 1,21. Det vil seie at rekrutteringa så vidt oversteig det ein kunne forvente av folketalet. I mi undersøking kom forholdstalet for Vestlandet på 1,39, som ein kan sjå i figur 5.

Som vi ser har dette talet gått kraftig ned sidan 1920-talet. I St.meld. nr.9 1954 grunngjev ein dette med blant anna at det i 1951 vart tatt opp mange fleire studentklassar. Sett i forhold til det forholdstalet som eg har fått i mi undersøking, vil eg seie at det er forventa at det er mykje lågare enn på 1920-talet. Som Nordstrand skriv, så var gutane i fleirtal i forhold til jentene på Vestlandet. I perioden 1905–1925 kom ca. 30 % av jentene frå Vestlandet, medan blant gutane var prosentdelen på 40–50 %.¹⁴⁵ Sidan eg berre har undersøkt kvinner, er det difor heilt naturleg at dette forholdstalet er trekt langt ned. Samstundes ser vi at dette talet faktisk er større enn kva det var på starten av 1950-talet. Det er vanskeleg å skulle gje noko eksakt forklaring for det. Men som det går fram i St.meld. nr.9 1954 var det i dei fireårige klassane flest kvinner frå Vestlandet og Austlandet, medan gutane i desse klassane oftast kom frå Sørlandet, Trøndelag og Nord-Noreg.¹⁴⁶ I mitt datamateriale var det 312 lærarar frå Vestlandet, 238 av desse hadde gått den fireårige lina, medan 74 hadde vore studentar. Dette vil sei at 76,3 % av lærarane frå Vestlandet var fireårige elevar. Det var ikkje like vanleg for kvinner som for menn å gå på gymnas i denne landsdelen.

¹⁴³ Nordstrand 1975: 31

¹⁴⁴ SSB (1922), Folketeljing 1920, hefte 1: 11

¹⁴⁵ Nordstrand 1975: 33

¹⁴⁶ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

Ved jamføringa av undersøkingane til Lange og St.meld. nr.9 1954 såg ein at i 1938 var rekrutteringsprosenten frå Sørlandet på 6,5 %, mot 7,6 % i 1951.¹⁴⁷ Når prosentdelen av Noreg sitt folketal i denne landsdelen var på 5,3 % i 1946, gir det oss forholdstala 1,23 for 1938 og 1,43 for 1951. Ein ser altså at rekrutteringa av lærarar i denne perioden steig noko i forhold til folketalet. I mi undersøking er dette forholdstalet på 1,65, som ein kan sjå i figur 5. Det vil seie at det har stige omtrent tilsvarande i den neste perioden frå 1951 til om lag 1966. Tek vi omsyn til at mi undersøking berre inneheld kvinner, indikerer dette altså at det var fleire kvinnelege enn mannlege lærarrekruttar frå Sørlandet.

4.2.3 Rekruttering frå by og bygd

Når vi ser på dei undersøkte kvinnelege lærarane kom 67,5 % (675) frå bygder, medan 32,5 % (325) kom i frå byar. Dei 675 kvinnene som kom i frå bygder, fordelte seg på 352 ulike bygde-kommunar, medan dei 325 by-kvinnene fordelte seg på 41 ulike byar. Etter folketeljinga i 1960 hadde 67,9 % av Noreg si befolkning heimstad i bygder, medan 32,1 % hadde heimstad i byar.¹⁴⁸ Dei kvinnelege lærarane i dette utvalet representerte altså godt fordelinga av Noreg si befolkning.

Går vi tilbake i tid, ser vi at på 1930-talet hadde 79,1 % av heimstad i bygder, medan 28,9 % var heimehøyrende i byar. Men etter at det i 1930 vart innført ei ny ordning med studentklassar, auka delen av by-elevar.¹⁴⁹ Dette ser vi resultat av i 1951 der 67,5 % kom i frå bygder, 11 % frå tettbygder og 21,5 % frå byar, noko som er omtrentleg likt det resultatet som eg har fått.¹⁵⁰ Det har altså vore ei gradvis auke av elevar frå byane, etter at studentlinene opna.

Ser vi på skilnaden på kvar dei fireårige elevane og studentane kom ifrå, var det nesten ikkje noko skilnad. Av dei kvinnelege lærarane som har gått i dei fireårige klassane kom 68,6 % frå bygder, medan 31,4 % kom frå byar. I studentklassane var resultatet 64,5 % frå bygder, medan det var 35,5 % frå byar. Det var altså berre litt

¹⁴⁷ Lange 1947; Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

¹⁴⁸ SSB (1963), Folketeljing 1960, hefte 1: 10

¹⁴⁹ Lange 1947: 15

¹⁵⁰ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

fleire som kom frå byar i studentklassane. Jamfører ein dette med tidlegare resultat, ser vi at i Lange si undersøking frå 1938, var det stor skilnad på studentar og fireårige elevar når det gjaldt fordelinga mellom by og bygd. I dei fireårige klassane høyrde om lag 90 % heime i bygder, medan dei resterande 10 % var fordelte på tettbygder og byar, medan det i studentklassane var 58 % som kom frå bygder, og resten frå tettbygder eller byar.¹⁵¹ Denne fordelinga var nesten heilt lik det som kom fram i undersøkinga frå 1951.¹⁵²

I undersøkingane som vart gjort før krigen ser vi at det altså var stor skilnad på kvar dei fireårige elevane og studentane kom ifrå. Resultatet for dei kvinnelege lærarane skil seg klårt ut, men er vanskeleg å skulle samanlikne med tidlegare resultat, sidan dei berre er gjeldande for kvinner. Men det vi veit om perioden frå dei tidlegare undersøkingane vart gjort før krigen til undersøkinga om desse kvinnelege lærarane, er at det har vore ei utvikling i skulen. I løpet av dei første etterkrigsåra føregjekk dei ein kraftig skuleutbygging i landet. Nye skulebygg vart reist over heile landet, og skule og utdanning var viktige felt i Arbeiderpartiet sitt moderniseringsprogram. Å auke befolkninga sitt utdanningsnivå og gje fleire tilgang til høgare utdanning vart viktige målsetnader. I 1939 vart det lagt fram ein landsplan for utbygging av realskular og gymnas på bygdene. Landsgymnas som ikkje allereie var statlege vart overtatt av staten rett etter krigen, og ei rekke nye gymnas vart starta.¹⁵³

Dette vil seie at for dei kvinnelege lærarane i denne undersøkinga hadde særleg kvinnene på landet noko betre tilgang til gymnas enn tidlegare. I 1950 var menn fortsatt i fleirtal blant dei som tok eksamen artium, men tala endra seg jamt og trutt til det var omkring like mange av kvart kjønn rundt 1985.¹⁵⁴ Denne auken i fleire gymnas på landsbygda og fleire kvinner i utdanning, kan truleg vere med å forklare kvifor det ikkje var noko stor skilnad på om ein var fireårig elev eller student på bygda. Ei anna årsak, som vi kjem meir inn på i kapittel seks, kan vere at kvinnene

¹⁵¹ Lange 1947: 16

¹⁵² Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2


¹⁵³ Hagemann 2016

¹⁵⁴ Stugu 2012: 232

som hadde teke gymnas, likevel valde lærarutdanninga på grunn av kva som var vanleg blant kvinner på denne tida.

4.2.4 Rekruttering til dei ulike lærarskulane

Dei 1000 undersøkte kvinnelege lærarane fordelte seg på 17 ulike lærarskular i landet, slik som figur 6 nedanfor viser. Blå søyle står for fireårige elevar, medan raud søyle viser til dei som var studentar, totalt gir desse to søylene oss tal på elevar på kvar enkelt lærarskule.



(Figur 6 – Kor mange kvinnelege lærarar som tok utdanninga si ved dei ulike lærarskulane)

Som vi ser ved første augnekast hadde lærarskulane i Oslo og Kristiansand flest av desse kvinnelege lærarane som elevar ved sin skule. Ved lærarskulen i Oslo gjekk 121 av dei 1000 kvinnelege lærarane. 26 av desse kom frå sjølve Oslo, noko som vil seie at dei resterande 95 vart rekrutterte frå andre fylke. I alt rekrutterte lærarskulen i Oslo elevar frå alle dei 20 fylka. Til samanlikning med andre byar slik som Trondheim og Bergen, rekrutterte lærarskulane her elevar frå berre 6–9 fylke. Det er gjerne ikkje så rart at Oslo rekrutterte så mange elevar, med tanke på at folketallet i Oslo på

denne tida var mykje høgare enn ved mange av dei andre plassane ein fann lærarskular, men det at dei rekrutterte frå heile landet skil seg ut.

Dette kan kanskje ha ein samanheng med at lærarskulen i Oslo vart etablert i 1912 av konservative kristne med støtte frå blant anna indremisjonen. Desse såg med skepsis på den liberale teologien som hadde fått innpass ved lærarskulane og hadde eit ynskje om å utdanne sine eigne lærarar for å oppdra barna i det dei forstod som ei rett kristen ånd. Skulen vart drive av indremisjonen i lang tid, men var heilt avhengig av offentleg støtte. I tida etter andre verdskrig vart skulen overteke av det offentlege.¹⁵⁵ Det kan likevel tenkjast at ein del av desse kvinnene valde denne skulen nettopp på grunn av skulen sitt omdømme. Ser ein på Sagene lærarskule som også låg i Oslo og som hadde eit meir radikalt omdømme, hadde denne berre 61 av dei kvinnelege lærarane.

Lærarskulen i Kristiansand var den skulen som hadde flest av dei kvinnelege lærarrekruittane, her gjekk i alt 128 av dei 1000 undersøkte. Denne skulen rekrutterte godt frå sitt eige fylke og nabofylka. Til saman kom 80 av dei 128 frå fylka Vest-Agder, Aust-Ager, Telemark og Rogaland. Som vi har sett tidlegare var Sørlandet den landsdelen som rekrutterte flest i høve til folketalet. Ei anna årsak til at denne skulen rekrutterte bra, kan vere at det var ein tradisjonsrik skule. Utanom dei fylka som er nemnde, rekrutterte lærarskulen i Kristiansand elevar frå heile 16 fylke. Det kan sjå ut som at dei skulane som har hatt ei lang fartstid, også var dei skulane som rekrutterte flest.

Tromsø, Stord, Kristiansand, Hamar, Levanger, Elverum, Notodden, Volda, Oslo og Nesna fekk alle lærarskular i tidsrommet 1826–1918. Vi ser at mange av desse skulane ligg høgt oppe i tal på kvinnelege lærarar i figur 6. Lærarskulane som hørte til Bodø, Bergen, Stavanger, Eik, Trondheim, Sagene og Halden kom alle etter andre verdskrig i tidsrommet 1951–1963. Desse skulane kom i gang på grunn av den store lærarmangelen etter andre verdskrig, forårsaka av store barnekull etter krigen og

¹⁵⁵ Ramsfjell 1997: 17

utbygging av skuleverket. I tillegg hadde lærarutdanninga nesten stoppa opp under krigen. Skulane vart plassert i byar for å kunne rekruttere frå der befolkningstettleiken var stor og for å kunne få med fleire med ulik bakgrunn.¹⁵⁶ Dette vil seie at når dei kvinnelege lærarane eg har undersøkt skulle søke seg til lærarutdanninga, var mange av desse skulane akkurat etablert.

Av desse 1000 kvinnelege lærarane hadde 72,4 % (724) av dei tatt den fireårige utdanninga, medan 27,6 % (276) av dei var studentar. Ved å sjå på prosentdelen fireårige elevar og studentar frå kvar lærarskule opp mot den samla prosentdelen, kan vi sjå om det fanst variasjonar innanfor dei enkelte lærarskulane. Store delar av lærarskulane rekrutterte fireårige elevar og studentar i samsvar med det totale bilete. Det vil sei at dei hadde ein prosentdel på fireårige elevar på rundt 70 %, medan studentane var på opp mot 30 %. Men vi finn nokre unnatak, slik som tabell 1 nedanfor viser oss.

¹⁵⁶ Hagemann 1992: 225

Lærarskular	Prosentdel av fireårige elevar	Prosentdel av studentar
Nesna	86,4 %	13,6 %
Stord	80,3 %	19,7 %
Oslo	80,2 %	19,8 %
Kristiansand	78,1 %	21,9 %
Levanger	77,3 %	22,7 %
Sagene	75,4 %	24,6 %
Notodden	75,0 %	25,0 %
Stavanger	73,5 %	25,5 %
Elverum	72,5 %	27,5 %
Bergen	71,4 %	28,6 %
Volda	71,1 %	28,9 %
Hamar	69,7 %	30,3 %
Tromsø	62,7 %	37,3 %
Halden	53,3 %	46,7 %
Bodø	48,4 %	51,6 %
Eik	46,2 %	53,8 %
Trondheim	41,2 %	58,8 %
I alt (gj.snitt)	58,2 %	31,5 %

(Tabell 1 – Prosentdel fireårige elevar og studentar ved dei ulike lærarskulane)

Vi finn tre skular som hadde ein høgare prosentdel studentar enn fireårige elevar. Desse var Trondheim (58,8 %), Eik (46,2 %) og Bodø (51,6 %). Dette kan kanskje skuldast at desse skulane låg i ein by, slik at mange av dei som gjekk på desse skulane også hadde tatt gymnas i same byen, eller at dei kom frå ein plass der ein hadde gymnas. Elevane som gjekk på lærarskulen i Trondheim, kom frå fylka Buskerud, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Rogaland, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag. Av dei 17 elevane som er registrerte hjå Trondheim lærarskule, kom 10 frå Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag, slik at dei kan ha hatt ei tilknytning til denne byen på førehand.

På ei anna side hadde lærarskulen i Oslo fleire fireårige elevar enn kva dei hadde studentar. Samanlikna med dei andre skulane hadde dei saman med lærarskulane på Stord og Nesna den høgste delen fireårige elevar med 80,2 %, medan det var 19,8 % studentar. Her skulle ein gjerne tru at delen studentar skulle vore mykje høgare, med tanke på at vi snakkar om byen Oslo. Men som vi har sett rekrutterte Oslo elevar frå alle dei 20 fylka i Noreg. Dette kjem også fram i St.meld. nr.9 1954, der det blir hevda

at dei fleste lærarskulane drog elevar til den fireårige lina berre frå fylka i nærleiken. Unnataket var Oslo, som fekk elevar til den fireårige skulen frå ti fylke.¹⁵⁷ Nesna (86,4 %) og Stord (80,3 %) lærarskule hadde også ein høg del fireårige studentar. Dei fleste av elevane frå desse skulane kom frå bygder, som ikkje hadde den tilgangen til gymnas, som dei som kom frå byane hadde. Difor hadde dei truleg ein høg del av fireårige elevar. Samstundes skal ein vere forsiktig med å seie noko konkret om kvifor dei enkelte skulane hadde ein høg eller låg del av fireårige elevar og studentar. Dette kom nok også an på kor mange klassar kvar enkelt skule kunne ta opp av anten fireårige elevar eller studentar. På ein liten skule, ville ein ekstra klasse av det eine eller det andre slaget, hatt stor betydning for det totale biletet.

4.2.5 Kvar tok dei kvinnelege lærarane arbeid?

Etter at dei kvinnelege lærarane var ferdige på lærarskulane, var tida inne for å søkje seg til ledige lærarstillingar. *Norske skulefolk*¹⁵⁸ har opplysningar om kva for ein kommune desse lærarane fekk arbeid. Dette har eg gruppert etter fylke, slik at vi får ei jamføring mellom heimstadsfylke og det fylket som desse kvinnelege lærarane tok arbeid i. Lærarane har oppgjeve alle arbeidsplassar etter enda utdanning. Nokre har arbeidd mange plassar, medan somme berre har hatt ein arbeidsplass. Dette kjem nok an på kor lang tid det var gått sidan dei var ferdig utdanna, men har sjølv sagt også med trivsel på staden å gjere. Eg har tatt utgangspunkt i den sistnemnde arbeidsstaden dei har oppgjeve, for somme kunne altså dette også vere den første arbeidsstaden.

Nokre ynskte seg gjerne heim til det nære og kjende. Andre ynskte seg kanskje til ukjende områder med nye utfordringar, og søkte seg difor til stader langt vekk, kanskje til meir tettfolka stader enn det som dei kjende frå oppveksten og utdanninga. Nokre fann kanskje kjærleiken på lærarskulane, og difor måtta ta eit val om busetnad som ikkje berre gjaldt dei sjølve. Anten dei ynskte seg heim eller til ein ny stad etter enda utdanning, var dette sjølv sagt avhengig av om det var lærarstillingar tilgjengelege. Med ei kraftig skuleutbygging etter andre verdskrig var

¹⁵⁷ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

¹⁵⁸ Beite 1966

det eit stort behov for utdanna lærarar. Sjølv om talet på lærarskulane auka, tok det tid før behovet for lærarkrefter var dekket. I 1955 var rundt 20 % av lærarane i grunnskulen utan godkjent utdanning. Ti år seinare låg denne delen på rundt 30 %.¹⁵⁹ Det var altså stor etterspørsel etter lærarar, men det kunne sjølvstundt tenkjast at i nokre tilfelle måtte lærarane ta til takke med den stillinga ein kunne få, sjølv om det ikkje var det dei ynskte seg mest.

I spørjeskjemaet til *Norske Skulefolk*¹⁶⁰ går det ikkje fram kva for eit ynskje desse kvinnelege lærarane hadde, og om dei fekk oppfylt det. Men det fortel altså kva for ein kommune dei fekk lærarstilling i, og difor kva plass dei hadde søkt seg til, sjølv om det kanskje ikkje var førstevalet. Sidan dei hadde søkt seg til denne plassen, kan det tenkjast at dette var ein plass dei kunne tenke seg å arbeide.

Det var mange kvinnelege lærarar som fekk seg jobb i andre fylke enn der dei var fødde. I tabell 2 nedanfor kan ein sjå at prosentdelen utflyttarar varierer mellom 40 % til 76,2 % for det samla materialet, noko som gir oss eit gjennomsnitt på 56,8 %. På motsett side varierer prosentdelen heimflyttarar frå 23,8 % til 60,0 %, noko som gir oss eit gjennomsnitt på 43,2 % for heimflyttarane. I dei fylka med flest utflyttarar relativt sett finn vi Sogn og Fjordane, Aust-Agder og Oslo på dei tre øvste plassane. Der har høvesvis 76,2 %, 73,3 % og 72,1 % flytta til eit anna fylke enn heimstadsfylke for å jobbe. I dei fylka der flest flytta heim, og som difor også er dei fylka som har minst utflyttarar, finn vi Telemark med 40 % utflyttarar, Buskerud (42,3 %) og Nord-Trøndelag (49,1 %). I absolutte tal var det tydeleg at det var vestlandsfylka som eksporterte flest lærarar til andre fylke, med unntak av Oslo (49). Sogn og Fjordane (48), Møre og Romsdal (43), Rogaland (41) og Hordaland (41) eksporterte til saman 173 lærarar til andre fylke enn sitt eige.

¹⁵⁹ Hagemann 2016

¹⁶⁰ Beite 1966

Fylke	Flytta tilbake til heimstadsfylket *	Flytta frå heimstadsfylket
Sogn og F.	23,8 % (15)	76,2 % (48)
Aust-Agder	26,7 % (12)	73,3 % (33)
Oslo	27,9 % (19)	72,1 % (49)
Bergen	37,1 % (13)	62,9 % (22)
Oppland	38,1 % (24)	61,9 % (39)
Vestfold	38,5 % (10)	61,5 % (16)
Vest-Agder	39,0 % (16)	61,0 % (25)
Akershus	40,6 % (13)	59,4 % (19)
Hedmark	42,1 % (16)	57,9 % (22)
Finnmark	43,8 % (7)	56,2 % (9)
Sør-Trøndelag	44,9 % (22)	55,1 % (27)
Østfold	46,7 % (21)	53,3 % (24)
Troms	46,7 % (14)	53,3 % (16)
Hordaland	47,4 % (37)	52,6 % (41)
Nordland	50,0 % (36)	50,0 % (36)
Møre og R.	50,6 % (44)	49,4 % (43)
Rogaland	50,6 % (42)	49,4 % (41)
Nord-Trøndelag	50,9 % (27)	49,1 % (26)
Buskerud	57,7 % (15)	42,3 % (11)
Telemark	60,0 % (30)	40,0 % (20)
I alt (gj.snitt)	43,2 % (433)	56,8 % (567)

(Tabell 2 – Oversyn over kva fylke som "eksporterte" flest lærarar frå heimstadsfylke til yrkesfylket. * Inkludert dei som tok utdanning i heimstadsfylket)

Det at Sogn og Fjordane var det fylket som eksporterte flest kvinnelege lærarar, er kanskje ikkje så rart med tanke på at det også var det fylket som hadde flest lærarar i forhold til folketalet. På grunn av den store produksjonen av lærarar, var det ikkje nok arbeidsplassar om alle desse lærarane skulle heim igjen. Det ser vi ved at det berre var 15 som kom tilbake til Sogn og Fjordane. I tillegg var det berre 5 andre som

tok seg arbeid i dette fylket. Det vil seie at frå heile utvalet, var det berre 20 som tok seg arbeid i Sogn og Fjordane. Lærarane frå Sogn og Fjordane måtte flytte frå heimfylket sitt for å ta utdanning ved ein lærarskule. Difor kan ein også tenkje seg at mange hadde fått lyst til å busetje seg på ein større stad. Det same gjeld for Aust-Agder, som heller ikkje hadde lærarskule. Dette fylket eksporterte 73,3 % av sine kvinnelege lærarar, og var saman med Sogn og Fjordane to av dei fylka som hadde flest kvinnelege lærarar i forhold til folketalet.

Oslo var også eitt av dei fylka som eksporterte flest kvinnelege lærarar med 72,1 % av sine lærarar i materialet. Som ein har sett tidlegare i kapittelet var Oslo eitt av dei fylka som hadde minst lærarar i forhold til folketalet, difor skulle ein gjerne tru at mange av desse hadde fått seg arbeid i Oslo. Men for Oslo sin del er det kort avstand til mange nabofylker, som til dømes Akershus, Buskerud, Vestfold og Østfold.

4.2.6 Samanfating

Etter å ha sett på rekrutteringa frå fylka, var resultatet at Sogn og Fjordane var det fylket som rekrutterte flest kvinnelege lærarar i forhold til folketalet. Nest etter kom Aust-Agder og Nord-Trøndelag. Dette stemmer godt overeins med det tidlegare forskning kan fortelje oss. Det var altså dei typiske distriktsfylka med spreidd busetnad og få gymnas, som rekrutterte flest kvinner til lærarutdanninga. På motsett ende rekrutterte særskilt Akershus, Oslo, Vestfold og Buskerud få elevar i forhold til folketalet. Dette var også noko som vi såg i tidlegare forskning.

Når vi då såg på rekrutteringa frå landsdelane, var det ikkje noko overrasking at det var fylka rundt Oslofjorden som rekrutterte dårlegast i forhold til det folketalet skulle tilseie, medan det var Sørlandet, Vestlandet og Trøndelag som rekrutterte fleire kvinnelege lærarar enn det folketalet skulle tilseie. Rekrutteringa frå by og bygd skilde seg ut i forhold til tidlegare forskning. Av dei kvinnelege lærarar kom 67,5 % frå bygder, medan 32,5 % kom frå byar, der det var liten skilnad frå kvar dei fireårige elevane og studentane kom ifrå.

Dei kvinnelege lærarane gjekk på 17 ulike lærarskular. Her viste det seg at Oslo og Kristiansand var dei skulane som rekrutterte flest elevar. Lærarskulen i Oslo var den skulen som rekrutterte frå alle fylka i landet, noko som kunne vere på grunn av skulen sitt omdømme. Elles såg vi også at det var dei tradisjonsrike skulane som rekrutterte bra, medan dei nybygde skulane frå etter krigen, hadde mindretalet av dei kvinnelege lærarane søkt seg til. Etter at desse kvinnene var ferdig med lærarskulen tok dei til med lærargjeringa. Her var det Sogn og Fjordane, Aust-Agder og Oslo som relativt sett hadde flest utflyttarar, medan Telemark, Buskerud og Nord-Trøndelag hadde minst utflyttarar.

5.0 Sosial rekruttering

I dette kapitlet vil eg først presentere tidlegare forskning som omhandlar den sosiale rekrutteringa til læraryrket. Deretter vil eg presentere mine egne funn når det gjeld den sosiale rekrutteringa til dei tidlegare kvinnelege lærarane og drøfte dette opp mot tidlegare forskning.

5.1 Tidlegare forskning – sosial rekruttering

I dette delkapitlet vil eg gjere greie for tidlegare forskning som omhandlar den sosiale rekrutteringa til læraryrket. Det vil her bli presentert resultat frå dei same undersøkingane som vart vist i delkapittel 4.1 I tillegg til å ta opp den geografiske rekrutteringa til lærarskulane, har nemleg desse undersøkingane også sett på far si livsstilling, og kan difor seie noko om kva sosialt opphav desse lærarskuleelevane hadde.

5.1.1 Sosial rekruttering 1895–1926

Nordstrand har i elevprotokollane funne livsstillinga til fedrane til lærarskuleelevane. Desse har han delt inn i ti ulike grupper. Den første gruppa består av nesten berre gardbrukarar, i tillegg til nokre få småbrukarar, forpaktarar, sjølveigarar og gartnarar. Gruppe 2 som vart kalla jordbruksarbeidarar inneheld for det meste husmenn, men også nokre gardsarbeidarar, plassmenn og drengar. Gruppe 3 er fiskarar, medan gruppe 4 inneheld alle slags handverkarar, som blant anna snekkarar og skomakarar. Gruppe 5 inneheld kjøpmenn, medan gruppe 6 er ei sær sars ueinsarta gruppe som består av funksjonærar frå industri, forretningsverksemd, sjøfart, jernbane osv. Gruppe 7 omfattar arbeidarar og formenn ved industri, forretningsverksemd, sjøfart, jernbane osv. Gruppe 8 er lærarar og kyrkjesongarar, medan i gruppe 9 finn ein funksjonærar og sjølvstendige ved immateriell verksemd. Den siste gruppa inneheld alle dei der faren sin stilling ikkje var oppført, men også dei som hadde formueinntekt og husleg arbeid.¹⁶¹ I undersøkinga til Høydal har ho brukt den same inndelinga som Nordstrand, der 1406 av dei 1563 undersøkte oppgav yrket til far.¹⁶²

¹⁶¹ Nordstrand 1975: 40–41

¹⁶² Høydal 1995: 138

I Nordstrand si undersøking var det særleg barn av gardbrukarar som gjorde seg merkbare med 56 % av elevane. Nest etter kom lærarbarn med 14 %, slik at desse to gruppene utgjorde til saman 70 % av elevane. Vidare utgjorde barn av handverkarar og funksjonærar 7 % kvar, medan industriarbeidarar og kjøpmenn var fedrar til høvesvis 5 % og 4 % av elevane. Dei minste gruppene var barn av landbruksarbeidarar, funksjonærar og sjølvstendige ved immateriell verksemd, fiskarar og dei som mangla opplysningar om faren si stilling.¹⁶³

Nordstrand har samanlikna desse tala med fordelinga i landsmålestokk, for å sjå kva grupper som eventuelt var over- eller underrepresentert. Folketeljinga i Noreg i 1920 oppgav korleis barn under 15 år fordelte seg etter forsørgjarane si livsstilling. Her utgjorde barn av gardbrukarar 29 %, medan i Nordstrand si undersøking var dette talet 56 %. Noko som vil seie at barn av gardbrukarar var sterkt overrepresentert ved lærarskulane. Dette gjaldt også for barn av lærarar, desse utgjorde 1 % av alle barn i 1920, medan dei utgjorde 14 % i undersøkinga. Barn av arbeidarar, handverkarar og fiskarar utgjorde over halvparten av barna under 15 år, men dei hadde berre 15 % av elevplassane. Resten av gruppene hadde omtrent same del av elevane som av samlege barn i landet.¹⁶⁴

Nordstrand kjem inn på årsakene til kvifor dei forskjellige yrkesgruppene var så ulikt representert ved lærarskulane. Faktorar som spelar inn er foreldra si økonomiske evne, bustad og ei oppfatning av at utdanning si betyding varierer sterkt frå ein befolkningsklasse til ei anna. Inntrykket Nordstrand fekk av lærarskulen, var at dei foreldregruppene som var særst velstående, og dei som var det vi kan kalle for mindre velstående var dårleg representert blant lærarskuleelevane. På grunn av læraryrket sin relativt moderate status i overklassa, har læraryrket truleg vore mindre aktuelt for representantar for dei velstående gruppene i samfunnet. For desse var gjerne ei universitetsutdanning meir attraktivt. Også dei som sat i dei trongaste kår var dårleg representert ved lærarskulane. Landbruksarbeidarar, skogsarbeidarar, fiskarar og arbeidarar ved industri, handel osb. hadde 39 % av

¹⁶³ Nordstrand 1975: 42

¹⁶⁴ Nordstrand 1975: 42

barna under 15 år, men opptok berre 7 % av elevplassane ved lærarskulane. Dette meiner Nordstrand i stor grad kunne skuldast deira økonomiske stilling, sjølv om kanskje deira innstilling til skulegang og utdanning var medverkande.¹⁶⁵

Derimot såg lærarutdanninga til å ha passa godt for dei mellomliggande gruppene. For dei var dette ein god almenndannande skule og fagskule som førte til ei trygg stilling, samstundes med at eit langt og kostbart universitetsopphald var vanskeleg ut i frå deira økonomiske stilling. Folketeljinga i 1920 viste blant anna at i dei befolkningsgruppene kor nesten alle budde på landet var det få av barna som fekk meir utdanning enn folkeskulen. For by-familiane derimot viste det seg at talet på barn som fekk utdanning var større. Det var likevel ein del grupper som ikkje viste noko samanheng mellom bustad og utdanning. Til dømes gjaldt dette lærarane. Sjølv om mange av dei budde på landet og i til dels små kår, klarde dei i større grad å skaffe barna sine utdanning enn andre befolkningslag som ein skulle tru hadde mykje lettare for det. Avvika gjaldt også motsett veg, særleg grupper av arbeidarar som for det meste budde i byane, her fekk sjeldan barna meir skulegang enn folkeskulen, sjølv om dei hadde skule i nærleiken.¹⁶⁶

Ved lærarskulane var det gruppene frå landet som var best representert, særskilt born av gardbrukarar og lærarar, medan få elevar kom frå dei yrkesgruppene som hørte heime i byane. I elevprotokollane fann Nordstrand ut at nesten alle barn av gardbrukarar, landbruksarbeidarar og fiskarar kom frå landet, og berre 10 % av lærarbarna kom frå byane. Frå dei resterande gruppene kom mellom 30 % og 40 % frå byar.¹⁶⁷

Nordstrand såg også på skilnaden når det gjaldt kvinner og menn på lærarskulane. Kvinnene sin del av elevane frå dei ulike gruppene hadde ein tydeleg samanheng med dei økonomiske og geografiske tilhøva. Det kom mange fleire kvinner enn menn frå dei velstående "by-gruppene", medan gutane var i fleirtal blant elevane frå

¹⁶⁵ Nordstrand 1975: 46

¹⁶⁶ Nordstrand 1975: 47

¹⁶⁷ Nordstrand 1975: 49

gardbrukarar, landbruksarbeidarar og fiskarar. Til dømes var berre 22 % av elevane frå immateriell verksemd menn, og gruppene kjøpmenn og funksjonærar var høvesvis 24 % og 29 %. Dette var grupper med yrke som sokneprestar, lensmenn, tannlegar osv. På grunn av læraryrket sitt relativt moderate prestisje var lærarskulen som tidlegare nemnt mindre aktuell for representantar for desse velstående gruppene i samfunnet, fordi dette i mange tilfelle ville bety ein sosial degradering. Dette gjaldt først og fremst for gutane, men for jentene betydde deira plass i prestisjehierarkiet mindre fordi fleirtalet av dei seinare ville gifte seg, og då ville det vere mannen sin status som ville avgjere deira sosiale plassering.¹⁶⁸

Eit anna forhold som Nordstrand nemner er at kvinner i utgangspunktet hadde lågare status enn mennene. For kvinner frå høgstatusbakgrunn ville difor ikkje læraryrket i same grad som for mennene med denne bakgrunnen innebære ei degradering. På ei anna side såg ein at barn av arbeidarar i jordbruk og fiskarar som både på grunn av deira økonomiske kår og at dei hadde lang veg til vidaregåande skular, hadde størst vanskar med å skaffe seg utdanning. I motsetnad til dei velstående gruppene som budde i byane, var det ytst få av desse som fekk vidaregåande utdanning, men også her var det gutane som kom i første rekke. Artium og universitetsutdanning var utenkeleg for dei fleste frå desse gruppene, og også lærarskulen var eit stort økonomisk løft, som berre kom nokre få til gode, og då først og fremst gutane. Den vanlege oppfatninga var truleg at når døtrene gifta seg ville dei bli forsørgde av mannen. Difor var det større sjansar for at ei lærarutdanning til jentene var "vekkasta".¹⁶⁹

I Høydal si undersøking var det heller ingen tvil om kva for yrkesgruppe som skilde seg ut. Samla sett utgjorde gardbrukarborna mest to tredelar (64,4 %) av elevane ved Volda lærarskule, og som vi har sett ved Nordstrand sine fem lærarskular over halvparten. Her er det også viktig å peike på at Volda lærarskule er med i Nordstrand sitt materiale, og med sin store elevdel dreg skulen heilt klart opp dette gjennomsnittet. Skilnaden mellom Volda og dei andre skulane vert såleis større for

¹⁶⁸ Nordstrand 1975: 51

¹⁶⁹ Nordstrand 1975: 52

gardbrukarborna, det er heilt klart at Volda rekrutterte relativt fleire av desse enn dei andre skulane.¹⁷⁰

Den andre gruppa som skilde seg ut hjå Høydal var lærarborna, der den gjennomsnittlege representasjonen for Volda-elevane var 14,3 %. Her skil ikkje Volda seg så mykje ut som for gardbrukarborna i gjennomsnitt, men vi ser at lærardøtrene var relativt betre representerte ved dei andre skulane enn i Volda. Skilnaden var likevel ikkje svært stor, og det er heller ikkje kjønsskilnaden. Litt fleire menn enn kvinner hadde lærarfedrar i Volda, medan tendensen var motsett for dei andre skulane, men skilnaden var minimal. Når det gjaldt resten av yrka kunne ein derimot sjå ein viss kjønsskilnad. Kvinnene såg ut til å rekruttere frå eit breiare spekter av yrke enn mennene. Særleg var skilnaden stor når det gjaldt born av sjølvstendige næringsdrivande, her var døtrene langt fleire enn sønene. Men også gruppene handverkarar, funksjonærar, immateriell verksemd og arbeidarar hadde større innslag mellom kvinnene enn blant mennene.¹⁷¹

Skilnaden i rekrutteringa frå fedrar med immaterielt yrke er kanskje den mest interessante. Her viser både Nordstrand og Høydal sine tal ein samanfallande tendens. Det er klart fleire kvinner enn menn som kom frå denne yrkesgruppa. Samanhengen er ikkje vanskeleg å slå fast og forklaringa er mellom anna knytt til den kjønnsdelte arbeidsmarknaden. For mennene var det eit sosialt nedrykk å bli lærar når faren til dømes var embetsmann. For embetsmannsdøtrene hadde lærarinneyrket lenge før hundreårsskiftet vore ein utveg nettopp for å unngå sosial degradering.¹⁷²

5.1.2 Sosial rekruttering 1938

Lange har gruppert livsstillinga til far til lærarskuleelevane inn i 14 ulike grupper. I gruppe 1 og 2 finn vi gardbrukarar og småbrukarar. Desse utgjorde til saman 137 eller 37,4 % av alle forsørgjarane. Her var det ein betydeleg stor skilnad mellom dei

¹⁷⁰ Høydal 1995: 140

¹⁷¹ Høydal 1995: 140

¹⁷² Høydal 1995: 141

fireårige klassane og studentklassane. Blant elevane i dei fireårige klassane var 108 av 201 barn av gardbrukarar eller småbrukarar, noko som svara til 54 %. I studentklassane var berre 29 av 165, om lag 17 %, barn av anten ein gardbrukar eller småbrukar.¹⁷³

Gruppa lærarar var den gruppa som var størst etter gardbrukarar og småbrukarar. 28 %, som vil seie 103 av forsørgjarane var lærarar. 82 av lærarane kom ifrå bygder, medan 21 kom ifrå byar eller tettbygder. Det var fleire lærarbarn i studentklassane enn i dei fireårige. Av dei 201 elevane i dei fireårige klassane, var 49 (25 %) lærarbarn. I studentklassane var det 54 av 165 studentar (33 %) som var lærarbarn. For studentane sin del var lærarane den største gruppa av alle forsørgjargruppene, nesten dobbelt så stor som gardbrukarane og småbrukarane til saman.¹⁷⁴

Barn av gardbrukarar, småbrukarar og lærarar utgjorde til saman 240 stykk, nesten 66 % av alle dei 366 elevane. Av dei resterande 126, spreidde 104 seg nokolunde jamt på dei fem forsørgjargruppene som omfattar handverkarar, forretningsmenn og tre ulike typar funksjonærgrupper. Desse gruppene bestod av 19 til 24 forsørgjarar kvar. Her fann ein størsteparten av dei elevane som hadde heimstad i byar. 61 av dei 104 elevane høyrde heime i byar eller i tettbygder. Talet på barn av handverkarar, forretningsmenn og funksjonærar var atskillig større blant studentane enn blant dei fireårige. Av dei 104 elevane i dei nemnde gruppene var 70 studentar og 34 fireårige elevar.¹⁷⁵

Av dei gruppene som er omtalt hittil, tel desse til saman 344 forsørgjarar. Dei resterande 22 fordelte seg på fleire grupper, som berre opptok nokre få av kvar. Desse var blant anna jordbruks- og skogsarbeidarar, fiskarar og industriarbeidarar. I tillegg var det tre som ikkje hadde oppgitt forsørgjar sitt yrke.¹⁷⁶

¹⁷³ Lange 1947: 20

¹⁷⁴ Lange 1947: 21

¹⁷⁵ Lange 1947: 21

¹⁷⁶ Lange 1947: 22

Oversynet over forsørgjarane si livsstilling viste ein tydeleg skilnad i den sosiale rekrutteringa mellom studentklassane og dei fireårige klassane. Lange la vekt på at dette hadde årsak i at studentane i større grad kom frå byane. Difor fann han blant anna færre barn av gardbrukarar og småbrukarar, men fleire barn av handverkarar, forretningsmenn og funksjonærar i studentklassane. Dessutan så var også lærarbarna sterkare representert blant studentane.¹⁷⁷

Lange samanlikna sine egne funn opp mot opplysningar om den sosiale rekrutteringa av lærarskuleelevane i 1920 og 1931/32. I desse åra var det ikkje studentklassar ved lærarskulane, så samanlikninga tok berre føre seg dei fireårige elevane. Barn av gardbrukarar og småbrukarar utgjorde i 1920 ca. 58 %, i 1931/32 ca. 42 % og i 1938 ca. 54 %. Lærargruppa utgjorde ca. 10 % av forsørgjarane i 1920, i 1931/32 ca. 24 %, og i 1938 ca. 25 %. Barn av handverkarar, forretningsmenn og funksjonærar var i 1920 ca. 18 %, i 1931/32 23 % og i 1938 17 %. Samanlikninga viste at barn av gardbrukarar, småbrukarar og lærarar til saman har utgjort rundt to tredjedelar eller meir av elevane i lærarskulane i denne perioden, når ein såg vekk i frå studentklassane. Vidare såg det ut som om talet på lærarbarn hadde auka etter 1920.¹⁷⁸

I statistikken over privat-forsørgde elevar frå 1920 var det for ei rekkje yrkesgrupper berekna kor mange barn over 15 år som fekk vidaregåande utdanning etter folkeskulen pr.1000 forsørgjarar i vedkomande gruppe. Dei gruppene som hadde den høgste "utdanningsintensiteten" var blant anna prestar, lærarar ved høgare skular og lærarskular, professorar, legar, høgare funksjonærar ved sivil administrasjon, skipsreiarar, advokatar og sakførarar, folkeskulelærarar, redaktørar, tannlegar, direktørar og disponentar. Gardbrukarar kom langt ned i rekkja, som nummer 31, medan skogsarbeidarar kom ut som den gruppa med minst utdanningsintensitet med nummer 73. Elles låg også jordbruksarbeidarar og fiskarar langt nede på lista.¹⁷⁹

¹⁷⁷ Lange 1947: 22

¹⁷⁸ Lange 1947: 23

¹⁷⁹ Lange 1947: 23

Lange såg på den sosiale rekrutteringa frå 1938 opp mot dette oversynet over utdanningsintensiteten. Her fann han blant anna ut at blant lærarskuleelevane var det ganske få barn av skogsarbeidarar og jordbruksarbeidarar. Industriarbeidarar og andre arbeidar-grupper var også svakt representert, det same gjaldt for fiskarane. Dette var lag av folket som berre i lita utstrekning makta å skaffe sine barn noko vidare skulegang, og difor meiner Lange at det er grunnen til at det heller ikkje er mange barn frå desse yrkesgruppene ved lærarskulane. Også dei sosiale laga som låg lengst framme når det gjaldt høgare utdanning, sende få elevar til lærarskulane. Blant dei 366 lærarskuleelevane var det blant anna berre 2 barn av prestar, 7 barn av lærarar ved høgare skular eller lærarskular, 2 av legar, 3 av høgare funksjonærar. Advokatar, sakførarar, redaktørar, tannlegar, direktørar og disponentar var yrke som ikkje var representert blant desse elevane.¹⁸⁰

Årsaka til dette meinte Lange var at ungdom frå desse laga av folket søkte til gymnasa, og vidare tok til med universitet eller andre høgskular. I tillegg ville foreldra gjerne gje barna sine ei utdanning som var minst like god som den dei sjølve hadde, og barna ville gjerne ha eit yrke som var like sosialt akta og like godt løna som fedrane. For døtrene kunne det førekome noko oftare at ein hadde foreldre av dei øvste laga. Lange delte hovudintrykket med Nordstrand og Høydal – dei fleste lærarskuleelevane kom frå jamne økonomiske kår. Korkje dei laga av folket som sat i dei trongaste kåra eller dei mest velstående sende mange elevar til lærarskulane.¹⁸¹

5.1.3 Sosial rekruttering 1951

St.meld. nr.9 1954 har gruppert yrka til forsørgjaren etter den same inndelinga som statistisk årbok har gjort. Også her har ein jamført resultatata med Lange sine funn frå 1938. Ved jamføringa såg ein at det var ein nedgang i nokre yrkesgrupper frå perioden 1938–1951. Denne nedgangen gjaldt for jord- og skogbruk (frå 39 % til 31 %), forretningsverksemd (frå 12 % til 10 %) og lærarar (frå 28 % til 19 %). På motsett side var det derimot oppgang i nokre yrker. Dette var fiske (frå 1 % til 3 %), industri

¹⁸⁰ Lange 1947: 23–24

¹⁸¹ Lange 1947: 24

og handverk (frå 7 % til 13 %), samferdsel (frå 5 % til 8 %) og immateriell verksemd (frå 6 % til 9 %).¹⁸²

Denne nedgangen og oppgangen for dei ulike yrkesgruppene var noko ulikt for studentane og dei fireårige elevane. For lærarrekruttar med fedrar knytt til jord- og skogbruk hadde prosenttalet for dei fireårige gått ned frå 55 % til 52 %, for studentane var det derimot gått opp frå 17,5 % til 24 %. Oppgangen i talet på elevar frå yrkesgruppa fiske og fangst fall sterktast for dei fireårige, frå 0,5 % i 1938 til 7 % i 1951. Gruppa industri og handverk viste oppgang for både studentane og dei fireårige, men mest hjå dei fireårige, der prosenttalet fordobla seg frå 5 % til 10 %. For gruppa forretningsverksemd var det nedgang i begge elevkategoriane, men sterktast for studentane, frå 18 % til 11 %. Mest påfallande var det at talet på lærarborn var gått så sterkt ned. For dei fireårige gjekk dei frå 25 % til 14 %, og 33 % til 21 % for studentane.¹⁸³

Likeins med 1938 viste det seg ein klår skilnad mellom studentane og dei fireårige i den sosiale rekrutteringa. Yrkesgruppene jord- og skogbruk og fiske og fangst hadde større prosenttal blant dei fireårige enn blant studentane. Alle dei andre yrkesgruppene var sterkare representert hjå studentane. Slår ein saman prosenttala for alle gruppene utanom jord- og skogbruk og fiske og fangst, såg ein at to tredjedelar (66 %) av studentane, men berre litt over ein tredjedel (35 %) av dei fireårige kom frå desse yrkesgruppene. Den fireårige lina fekk altså flest elevar frå bondesamfunnet, medan studentlina trakk til seg dei andre gruppene.¹⁸⁴

St.meld. nr.9 1954 har også sett på fordelinga på yrkesgrupper opp mot fordelinga mellom landsdelane. Når det gjaldt studentane var 131 av desse barn av gardbrukarar. 73 av desse (56 %) høyrde heime på Sørlandet og Vestlandet. Derimot kom dei 32 studentane som var barn av småbrukarar og jord- og skogsarbeidarar, mest frå Austlandet og Nord-Noreg. Dei 13 fiskarbarna høyrde alle heime på

¹⁸² Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

¹⁸³ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

¹⁸⁴ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

Vestlandet og i Nord-Noreg. Dei andre yrkesgruppene for studentane hadde nokså jamn spreining over alle fylka. Av lærarbarn var det 142 i alt, der Nordland, Oppland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane hadde flest. Ved å sjå på dei fireårige elevane fann ein eit liknande bilete. Det var i alt 126 elevar med forsørgjarar i gruppa jord- og skogbruk. Av desse kom 47 frå Vestlandet, 17 frå Trøndelag og 17 frå Nordland. Av fiskarbarna kom 12 ifrå Nord-Noreg, medan av dei 34 lærarbarna kom dei fleste ifrå Hordaland og Nordland.¹⁸⁵

5.1.3.1 Ulik yrkesfordeling mellom menn og kvinner

I studentklassane var prosenten større for gutane enn for jentene i forsørgjargruppene jordbruk-skogbruk, fiske og industri-handverk. På ei anna side hadde jentene større prosenttal i gruppene forretningsverksemd, samferdsel og spesielt immateriell verksemd. I desse tre sistnemnde gruppene kom 41 % av jentene mot 22 % av gutane under desse. For gruppa lærarar, stod kvinner og menn nokså likt. Jamført med det som tidlegare er skrive, så ser ein at til studentklassane kom det fleire kvinner enn menn frå byane, fleire kvinner enn menn frå Austlandet, og fleire kvinner enn menn frå dei nemnde yrkesgruppene ovanfor. St.meld. nr.9 1954 meiner dette tyder på at innanfor desse gruppene i folket søker sønene i større grad til andre høgskular eller til universitet. Når det gjaldt landsdelane Sørlandet, Vestlandet og Nord-Noreg, og yrkesgruppene jordbruk-skogbruk, fiske og industri-handverk, var derimot gutane i fleirtal. Det kan sjå ut som at det på den tid ikkje var blitt like vanleg for kvinner som for menn å søke høgare utdanning, og for gutane var den toårige lærarskulen økonomisk lettare å klare enn eit studie ved høgskule eller universitet.¹⁸⁶

For dei fireårige klassane var stoda noko annleis. Her var det flest kvinner frå yrkesgruppene jordbruk-skogbruk, forretningsverksemd, immateriell verksemd og lærarar, medan det var flest menn frå fiske, industri-handverk og samferdsel. St.meld. nr.9 1954 peikar på at det gjerne var rimeleg at jentene frå yrkesgruppa

¹⁸⁵ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

¹⁸⁶ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

jordbruk-skogbruk gjorde seg sterkare gjeldande her, nettopp fordi det ikkje var så lett for dei å kome seg til eit gymnas.¹⁸⁷

5.1.4 Samanfating

Etter å ha studert desse fire ulike undersøkingane om sosial rekruttering til læraryrket, ser ein at første halvdel av 1900-talet har ein del fellestrekk. Det som i første omgang kjem fram er den store rekrutteringa av gardbrukarborn og lærarborn. Desse to yrkesgruppene var dei største i heile perioden, men hadde noko nedgang i dei seinare år. I forhold til landsmålestokken var det også desse to gruppene ein såg var sterkt overrepresentert ved lærarskulane, medan born av særleg arbeidarar, handverkarar og fiskarar var underrepresentert.

Dei ulike undersøkingane såg også at lærarskuleelevane kom ifrå jamne økonomiske kår, verken dei som særst velstående og dei som var mindre velstående. Undersøkingane er samde i at årsakene til dette ligg i læraryrket sin moderate status i overklassa. For dei velstående familiane har det nok vore meir aktuelt å gje barne ei universitetsutdanning, eller ei utdanning som i alle fall var minst like god som den foreldra hadde. For dei ikkje fullt så velstående familiane, kan nok økonomi ha spelt ei rolle i kvifor dei ikkje er så mange ved lærarskulane. Lærarskolen trakk altså til seg fleire frå dei mellomliggende gruppene, der lærarskolen vart sett på som ein god almenndannande skule. Ein såg også at kvinnene gjerne var i fleirtal frå dei velstående by-gruppene. Dette fordi det ikkje var like mykje ei sosial degradering for kvinner som for menn å søke seg til lærargjerninga. Elles såg ein også skilnader mellom studentar og fireårige elevar, til dømes kom det flest frå bondesamfunnet av dei fireårige elevane, medan det til studentlina kom flest frå dei andre yrkesgruppene.


¹⁸⁷ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

5.2 Sosial variasjon i rekruttering av kvinner til lærarutdanninga

Kva skjedde med den sosiale bakgrunnen til dei kvinnelege lærarrekruttane på 1950- og 1960-talet? Ser vi ein kontinuitet med dei tidlegare tendensane, eller utviklar det seg nye rekrutteringsmønster i denne perioden? I dette delkapittelet vil eg sjå på mine egne funn i forhold til den sosiale rekrutteringa. Funna er baserte på opplysningane som eg har henta frå *Norske skolefolk*¹⁸⁸. Som tidlegare nemnt har eg undersøkt 1000 kvinnelege lærarane fødde mellom 1935–1945. Dette delkapittelet vil gje eit bilete av kva sosialt opphav desse kvinnene hadde.

5.2.1 Rekruttering frå dei ulike yrkesgruppene

Alle dei 1000 undersøkte kvinnelege lærarane gav opp yrket til far sin. Desse hadde i alt ca. 229 ulike yrkestitlar. Somme gav også opp yrket til mor si, der dei fleste av desse var lærarinner. Men dette skjedde særst sjeldan, så difor har eg valt å utelate det frå undersøkinga. Ei rimeleg tolking kan vere at mødrene til desse kvinnelege lærarane var husmødrer, og difor ikkje hadde noko anna yrke utanom heimen. Ut i frå dei ulike yrka til far, har eg kategorisert dei inn i sju ulike yrkesgrupper (vedlegg 4).



(Figur 7 – Sosial rekruttering basert på far si livsstilling. Absolutte tal)

¹⁸⁸ Beite 1966

Som ein kan sjå i figur 7 ovanfor er desse gruppene primærnæringar, skulefolk, offentleg- og privat tenesteyting, andre yrke, industri og handverk, frie yrke og kjøpmenn.

I gruppa primærnæringane finn vi yrke som til dømes gardbrukar, småbrukar og fiskar. Desse utgjorde i alt 329 stykk, noko som svara til 32,9 % av alle forsørgjarane. Dette var den klart største gruppa med nesten dobbelt så mange enn dei som kom i yrkesgruppa på andre plass. Det var gruppa skulefolk. I denne gruppa finn ein alle som jobbar i skulen, som anten lærar, skulestyrar, skuleinspektør, lektor eller rektor. Desse utgjorde til saman 177 stykk, altså 17,7 % av materialet. Som nummer tre kom dei som hadde ein far som jobba i offentleg eller privat tenesteyting. Dette er ei gruppe med sær mange og forskjellige yrker, alt ifrå prest til banksjef til fyrvaktar. Denne gruppa utgjorde 16,9 % av det samla materialet. Deretter kom gruppa industri og handverk med 110 stykk av materialet, noko som svara til 11,0 %.

Dei to minste gruppene var kjøpmenn og frie yrke. I gruppa kjøpmenn finn vi blant anna yrka kjøpmann, handelsmann og grosserar. Denne gruppa utgjorde 4,1 % av materialet. Gruppa frie yrke inneheld dei som ikkje er tilsette av det offentlege og som gjerne har høgare akademisk utdanning, dette er til dømes yrka lege, tannlege, advokat og veterinær.¹⁸⁹ Denne gruppa utgjorde 4,3 % av materialet. Til slutt er gruppa andre yrke, som er det fjerde største gruppa. Denne gruppa inneheld alle yrke som det er vanskeleg å skulle plassere i nokre av dei andre gruppene. Det er også den gruppa der det gjerne berre er ein person av utvalet som har ein forsørgjar med dette yrket. Dette er til dømes alt i frå sykkelfabrikant til organist til sjåfør.

Barn av fedrar som jobba i primærnæringa og skulefolk utgjorde altså dei to største gruppene blant dei kvinnelege lærarane. Ser ein på fordelinga av desse to gruppene i landsmålestokk, ser ein at begge desse gruppene er overrepresenterte. I folketeljinga for 1960 utgjorde barn av primærnæringane ca. 21,8 % av dei

¹⁸⁹ Konkurransetilsynet 2005: 6

yrkesaktive i Noreg, medan dei utgjorde 32,9 % i dette materialet.¹⁹⁰ Endå større skilnad ser ein hjå lærarborna. På landsbasis høyrde skulefolket til 2,5 % av dei yrkesaktive i Noreg, medan dei utgjorde 17,7 % i dette materialet. Dei andre gruppene er vanskeleg å samanlikne, fordi ein ikkje har same gruppesamansetnad.


Til saman utgjorde gruppa primærnæringar og skulefolk 50,6 % av materialet, altså rundt halvparten. Ser vi tilbake til dei andre undersøkingane i tiåra før som var gjeldande for kvinner og menn, ser vi at desse to gruppene var dei største i denne perioden også. Men til samanlikning har kvinnene i denne undersøkinga noko mindre prosentdel, i tillegg til at denne gruppa inneheld yrke fiskar, samt nokre arbeidaryrke som eit fåtal hadde. Truleg kan det skuldast at kvinnene i større omfang kom ifrå meir velstående heimar, der foreldra hadde høgstatus-yrke. Dette synet delte også Hagemann. Ho skriv at det parallelt med lærareksplosjonen etter krigen skjedde store endringar i lærarstaden si samansetning. Noko av dette var at stadig færre av dei som vart rekrutterte til yrket var menn, og at bygdeungdommen sin del var søkkande. Dette gjorde blant anna til ein tilbakegang i gardbrukarbarn, saman med ei feminisering av yrket. Kvinnene har heilt frå førre århundre vore sterkt underrepresentert blant lærarar med gardbrukar- og fiskeribakgrunn, medan dei har dominert blant lærarar med akademikarbakgrunn.¹⁹¹

5.2.2 Skilnad på studentar og fireårige elevar

Figur 8 nedanfor viser korleis studentane og dei fireårige elevane prosentvis har fordelt seg innanfor dei ulike yrkeskategoriane. I yrkesgruppene kjøpmenn, industri og handverk, andre yrke, offentleg- og privat tenesteyting og skulefolk er det studentane som har fleire fedrar innanfor desse yrkeskategoriane, medan dei fireårige elevane har fleire fedrar innanfor primærnæringane og frie yrke.

¹⁹⁰ SSB (1963), Folketeljinga 1960, hefte 1: 10

¹⁹¹ Hagemann 1992: 234



(Figur 8 – Prosentdel fireårige elevar og studentar innanfor dei ulike yrkesgruppene)

Skilnaden på studentar og fireårige elevar er størst innanfor gruppene skulefolk og primærnæringane. I yrkesgruppa skulefolk høyrer 15,6 % til dei fireårige elevane, medan 23,2 % høyrer til studentane. Dette gir oss ein skilnad på 7,6 %. I gruppa primærnæringar høyrer 36,3 % av dei fireårige elevane til denne gruppa, medan prosentdelen for studentane er 23,9 %. Noko som gir oss ein skilnad på 12,4 %. Dei fem andre gruppene viser ikkje like stor skilnad, og varierer berre mellom 1,2 % til 2,5 %.

Som vi har sett ovanfor i figur 7 var det 329 som hadde fedrar som jobba innanfor primærnæringane. Blant elevane i dei fireårige klassane var 263 av 724 barn av fedrar innanfor primærnæringane, medan det i studentklassane var 66 av 276. I yrkesgruppa skulefolk var det 177 som hadde fedrar med eit yrke innanfor denne gruppa. 113 av desse var frå dei fireårige klassane, medan 64 var frå studentklassane. Dette vil seie at det var fleire barn av skulefolk i studentklassane, medan det var fleire barn av fedrar som hadde eit yrke i primærnæringane i dei fireårige klassane. For studentane sin del var yrkesgruppene primærnæringar og skulefolk nesten jamstore, og utgjorde til saman 47,1 % av alle studentane. For dei fireårige elevane var det gruppa primærnæringar som var størst, på neste plass kom

gruppa offentleg- og privat tenestenyting med 16,6 %, berre 1 % framfor gruppa skulefolk. Til samanlikning med studentane, hadde dei fireårige elevane 51,9 % av fedrane sine innanfor yrkesgruppene primærnæringar og skulefolk.

For å kunne jamføre dette resultatet med dei tidlegare undersøkingane, er ein nøydd til å trekkje fiskarane og jordbruksarbeidarane ut frå gruppa primærnæringar, sidan dette var ei einskild gruppe i dei andre undersøkingane. I gruppa primærnæringar var det som nemnt 329 stykk, ved å trekkje frå fiskarar og jordbruksarbeidarar står ein igjen med 297 stykk. Av desse høyrde 238 til dei fireårige klassane, medan 59 høyrde til studentane. Dette vil seie at i dei fireårige klassane var det 32,9 % som var barn av fedrar innanfor primærnæringane utanom fiskarar og jordbruksarbeidarar (238 av 724), medan det i studentklassane var 21,4 % (59 av 276).

Lærarutdanning hadde før 1936 ikkje noko studentline, så jamføringa tek i første omgang føre seg dei fireårige studentane. Frå Høydal si undersøking som baserer seg på perioden frå 1895 til 1920, hadde 64,4 % av utvalet fedrar som arbeidde innanfor yrkesgruppa gardbrukarar.¹⁹² For Nordstrand sine undersøkte var dette talet 56 %.¹⁹³ Lange hadde opplysningar om den sosiale rekrutteringa av lærarskuleelevane i 1920 og 1931/1932, her var høvesvis rekrutteringa i 1920 ca.58 %, medan den i 1931/32 var ca.42 %. Lange fann sjølv ut med si undersøking frå 1938 at barn av gardbrukarar frå dei fireårige klassane utgjorde 54 %.¹⁹⁴ For studentane har ein berre tal frå Lange si undersøking, der det var 17 % som var barn av gardbrukarar.

For dei fireårige lærarbarna var dei i perioden frå 1895 til 1902 rundt 14,3 %, det same som for Nordstrand si undersøking.¹⁹⁵ I 1920 var dei nede på 10 %, medan dei i 1931 og 1938, høvesvis var på 24 % og 25 %. I St.meld. nr.9 1954 var dei fireårige lærarbarna nede på 14 % igjen.¹⁹⁶ Blant studentane var lærarbarna i Lange si undersøking på 33 %, medan i St.meld. nr.9 1954 var dei på 21 %.¹⁹⁷

¹⁹² Høydal 1995: 140

¹⁹³ Nordstrand 1975: 42

¹⁹⁴ Lange 1947: 20

¹⁹⁵ Høydal 1995: 140; Nordstrand 1975: 42

Lange si undersøking er den einaste undersøkinga der ein kan samanlikne dei fireårige lærarskuleelevane med studentane når det gjeld yrkesgruppa gardbrukarar. Her fann Lange ut at det var færre barn av gardbrukarar og småbrukarar hjå studentane enn hjå dei fireårige elevane, nemleg 54 % mot 17 %. Sjølv om Lange si undersøking er gjeldande for menn og kvinner, finn ein dei same resultatane i mi undersøking for kvinner. Her var prosentdelen for barn av gardbrukarar for dei fireårige 32,9 %, medan den for studentane var 21,4 %. Lange forklarar dette med at studentane i større grad kjem frå byane, og at ein difor finn færre barn av gardbrukarar og småbrukarar der.¹⁹⁸

Når det gjaldt lærarbarna var desse i fleirtal hjå studentane enn blant dei fireårige elevane. Hjå Lange var dei fireårige lærarbarna på 25 %, medan studentane var 33 %.¹⁹⁹ I St.meld. nr.9 1954 var 14 % av dei fireårige elevane lærarbarn, medan studentane var 21 %.²⁰⁰ Det same er også her gjeldande for dei undersøkte kvinnelege lærarane, der var 15,6 % av dei fireårige elevane lærarbarn, medan 23,2 % var studentar.

5.2.3 Skilnad på by og bygd

Ein kan også sjå skilnad på den sosiale rekrutteringa blant dei kvinnelege lærarar etter kvar dei kom frå, anten om det var ein by eller ei bygd. I figur 9 nedanfor er det angitt kor stor prosentdel av by-elevar og bygde-elevar det var innanfor kvar yrkesgruppe. Den gruppa som skil seg klart best ut, er gruppa primærnæringar. Dei elevane som hadde ein far som jobba innanfor denne yrkesgruppa, kom nesten 90 % frå bygda, medan rundt 10 % kom frå ein by.


¹⁹⁶ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

¹⁹⁷ Lange 1947; Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2

¹⁹⁸ Lange 1947: 20

¹⁹⁹ Lange 1947: 21

²⁰⁰ Kyrkje- og undervisningsdepartementet 1954: St.meld. nr.9 vedlegg 2



(Figur 9 – Prosentdel by-elevar og bygde-elevar innanfor dei ulike yrkesgruppene)

Nest etter kjem gruppa skulefolk, her var rundt 68 % frå bygda, medan 32 % kom frå byar. Ein ser også at bygde-elevane har fleirtal i yrkesgruppene offentleg- og privat tenesteyting, industri og handverk og kjøpmenn. By-elevane på si side står i fleirtal i yrkesgruppene frie yrke og andre yrke.

I yrkesgruppa frie yrke finn ein gjerne yrke som krev ei lang og høg akademisk utdanning, slik at det ikkje er spesielt rart at det er dei som kjem frå byane som har fedrar innanfor denne yrkeskategorien. Likeins er det med gruppa andre yrke. Her finn ein yrke som det gjerne er få av, slik som hotelleigar, radio- og TV-forhandlar og hovudbokhandlar, yrke som ein gjerne ser i byar, sjølv om denne kategorien også inneheld yrke som ein kan møte på landsbygda, men heller meir sjeldan. Det at yrkesgruppene primærnæringar og skulefolk har flest elevar frå bygdene, kan henge saman med at det i byane er fleire jobbmogelegheter. Det same fann Nordstrand ut, då han i elevprotokollane fann ut at nesten alle barn av gardbrukarar, landbruksarbeidarar og fiskarar kom frå landet, og berre 10 % av lærarbarna kom frå byane. I dei resterande gruppene kom mellom 30 % og 40 % frå byane, noko som vil sei at i Nordstrand si undersøking hadde ikkje byane fleirtal i nokon yrkesgrupper.

Går ein meir detaljert til verks kan ein sjå på kva yrke det er størst skilnad på innanfor desse yrkesgruppene, når det gjeld skilnaden på by og bygd. Dette ser ein i tabell 3 nedanfor.

Yrkestitlar	By	Bygd	Totalt
Gardbrukar	20 (8,1 %)	228 (91,1 %)	248
Småbrukar	2 (7,4 %)	25 (92,6 %)	27
Fiskar	6 (18,8 %)	26 (81,2 %)	32
Lærar	40 (30,8 %)	90 (69,2 %)	130
Skulestyrar	7 (25,9 %)	20 (74,1 %)	27
Disponent	14 (77,8 %)	4 (22,2 %)	18
Ingeniør	14 (87,5 %)	2 (12,5 %)	16
Kontorsjef	7 (63,6 %)	4 (36,4 %)	11
Prest	10 (32,3 %)	21 (67,7 %)	31
Lege	10 (71,4 %)	4 (28,6 %)	14
Snikkar	7 (22,6 %)	24 (77,4 %)	31

(Tabell 3 – skilnad på by og bygd innanfor ulike yrkestitlar)

Her er det lista opp dei yrka som det er størst skilnad på innanfor dei ulike yrkeskategoriane. For yrkesgruppa primærnæringar, finn ein at yrka gardbrukar, småbrukar og fiskar er dei yrka som det er størst skilnad på, med tanke på by og bygd. Rundt 91 % av dei kvinnelege lærarane som hadde fedrar som gardbrukarar kom frå bygda, det same gjaldt for småbrukarar, der prosentdelen er 92 %. Fiskarane hadde ein litt mindre prosentdel, men likevel høg med rundt 81 %. Der gardbrukarane kom ifrå byane, kom dei fleste ifrå Telemark (6), medan bygde-gardbrukarane hadde størst omfang i Hordaland (27), Oppland (23), Rogaland (23) og Sogn og Fjordane (20). Resten var spreidde på alle dei andre fylka, utanom by-fylka Bergen og Oslo. Dei to småbrukarane som kom frå byar kom ifrå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, medan fleirtalet av småbrukarane frå bygda kom ifrå Hedmark (7) og Sogn og Fjordane (6).

Av dei yrka som har ein større del innanfor by-fedrane, finn vi disponent, ingeniør, kontorsjef og lege, som ein kan sjå på som typiske by-yrke. Desse yrka varierer ifrå 63,3 % til 87,5 %, der dei to yrka med høgast prosentdel er ingeniør og disponent. Fleirtalet av disponentane frå byane kom ifrå Oslo (7). Ingeniørane var dei som hadde høgast del av by-fedrar med 87,5 % av ingeniør-fedrane. Dei to ingeniørane frå bygda kom ifrå Buskerund og Telemark, medan ingeniørane frå byane fordelte seg på ti ulike fylke, der det var flest i Oslo (3).

5.2.4 Velstående og mindre velstående kår

I undersøkingane til Nordstrand og Lange fann dei ut at dei som sat i dei trongaste kåra var dårleg representert ved lærarskulane i perioden 1902–1926 og i 1938. Dei fann begge ut at det var ganske få barn av særleg fiskarar og skogsarbeidarar, jordbruksarbeidarar og industriarbeidarar. Noko som kunne skuldast deira økonomiske stilling, og innstilling til skulegang og utdanning.²⁰¹ Utan å ha noko tal på kor mange det var av desse forskjellige yrka i undersøkingane til Lange og Nordstrand, kan det verke som at mi undersøking av kvinnelege lærarar representerte fleire frå dei trongaste kåra. Særskilt kan ein tenkje seg det når ein ser på kor mange fiskar-barn det var hjå desse kvinnelege lærarane.

Som nemnt ovanfor var det i alt 32 lærarskuleelevar som var barn av fiskarar. Dette var faktisk det yrke som hadde størst frekvens, berre slått av yrka gardbrukar (248), lærar (130) og kjøpmann (33). 25 av desse 32 fiskarbarna var fireårige lærarskuleelevar, noko som vil seie at dei mest truleg ikkje hadde gymnas-utdanning. Dette er gjerne ikkje så rart, med tanke på at fiskar-yrke på denne tida stort sett var eit yrke utan utdanning og med ei variabel inntekt, og det difor kunne bli dyrt dersom ein skulle sende døtrene på gymnas. Såleis vart det sett på som eit lite velstående yrke i forhold til mange andre yrke. Det var også ein del arbeidar-barn blant desse kvinnelege lærarane. Fedrar som hadde yrke som anten anleggsarbeidarar, bygningsarbeidarar, jordbruksarbeidarar og særskilt fabrikkarbeidarar og skogsarbeidarar. Dette var også yrke som låg langt nede på den

²⁰¹ Nordstrand 1975: 46; Lange 1947: 23–24

sosioøkonomiske rangstigen.²⁰² Det vil seie at ein del av desse kvinnelege lærarar kom ifrå tronge økonomiske kår, og likevel hadde klart å skaffe seg ei utdanning.

Noko av årsakene til dette kan sjølvstg vere at yrkestrendane forandra seg. Men ei anna årsak kan kanskje vere innføringa av lånekassen i 1947. Dette gjorde til at ein kunne søkje om støtte til utdanning, og på denne måten fekk ein betre mogelegheiter til å ta utdanning uavhengig av til dømes geografiske forhold, kjønn og økonomiske og sosiale forhold.²⁰³ Dette kunne gjere at dei som kom frå trongare kår, hadde ein mogelegheit til å gje døtrene sine ei utdanning. Denne ordninga fantes ikkje i dei periodane Lange og Nordstrand har undersøkt.

Ei anna årsak kan vere at innstillinga til kvinner og utdanning har forandra seg i løpet av tida. Det at kvinner skulle ha ei utdanning, var i første halvdel av 1900-talet ikkje noko sjølvstg. Det var tradisjonelt ei kraftig overvekt av menn blant dei som tok høgare utdanning, men i tida rundt 1960 vart kvinnene gradvis sterkare representert.²⁰⁴ Så kanskje det er denne utviklinga ein ser tendensar av, at kvinnene stadig meir vart viktigare med tanke på utdanning, og ikkje berre skulle vere heimeverande. Det at det i sterkare grad kom fleire frå trongare kår inn i utdanningssystemet, er i tråd med korleis Stugu skildrar denne perioden. Han skriv at det i 1975 vart uteksaminert rundt fire og ein halv gonger så mange kandidatar frå universiteta som i 1960. Samstundes vart talet på studentar med annan bakgrunn enn akademikarar og borgarskap mangedobla. Relativt sett var ungdom med arbeidar-, bonde- og fiskarbakgrunn likevel enno underrepresenterte mellom dei som søkte høgare utdanning, men var i stadig auke.²⁰⁵

Blant dei kvinnelege lærarane fanst det også ein del som var barn av den meir velstående klassen. Dette var dei som hadde fedrar som til dømes var akademikarar og forretningsfolk. Her finn ein til dømes barn av prestar, legar, tannlegar,

²⁰² Skrede 1971: 48

²⁰³ Stugu 2012: 211

²⁰⁴ Aamodt & Stølen 2003: 74

²⁰⁵ Stugu 2012: 211

redaktører, advokatar, disponentar, hotelleigarar og fabrikkieigarar, distriktssjefar og revisorar som dei mest framstående. Dei tre yrka med høgast frekvens innanfor desse var prestar (31), disponentar (18) og legar (14). Dette står i motsetnad til det Lange fann ut i si undersøking i 1938, som gjaldt kvinner og menn. Han fann berre 2 som var barn av prestar, 7 av lærarar ved høgare skular eller lærarskular, 2 av legar. Medan yrke som advokat, sakførarar, redaktører, tannlegar, direktører og disponentar ikkje fantes i det heile teke.²⁰⁶ Det skal seiast at Lange si undersøking berre tok føre seg 366 lærarskuleelevar, slik at det er naturleg at det vil førekome fleire med desse yrka i mi undersøking. Men likevel var det mykje mindre av desse yrka i Lange si undersøking relativt sett.

Ei årsak til dette kan vere det som Nordstrand og Lange tidlegare har vore inne på. På grunn av læraryrket sin relativt moderate prestisje i overklassen var lærarskulen mindre aktuell for representantar for desse velstående gruppene i samfunnet, fordi dette i mange tilfelle ville bety ei degradering. Nordstrand peikar på at dette først og fremst gjaldt for gutane, men for jentene frå ein høgstatusbakgrunn ville ikkje læraryrket i same grad som for mennene med denne bakgrunnen innebere ei degradering.²⁰⁷ Sidan mi undersøking berre har tatt føre seg kvinner, vil det gjerne i sterkare grad kome fram døme frå denne velstående gruppa i samfunnet.

Det kan altså sjå ut til at kvinnene i større grad kom frå dei velstående og mindre velstående gruppene i samfunnet, i forhold til det tidlegare undersøkingar av både menn og kvinner har vist. Likevel er ikkje delen av desse gruppene så stor at ein kan konkludere med at det er ifrå desse gruppene dei kjem ifrå. Også dei kvinnelege lærarane kom ifrå det vi kan kalle for jamne økonomiske kår. Det var ein god almenndannande skule som førte til ei trygg stilling, og som heller ikkje var like kostbar som ei lang universitetsutdanning.²⁰⁸

²⁰⁶ Lange 1947: 23

²⁰⁷ Nordstrand 1975: 51

²⁰⁸ Nordstrand 1975: 47

5.2.5 Samanfating

Fleirtalet av dei kvinnelege lærarane hadde fedrar med arbeid i primærnæringane, i hovudsak gardbrukarar. Desse utgjorde 32,9 % av materialet. Nest etter kom skulefolk, der det var 17,7 % av dei kvinnelege lærarane som hadde ein far som arbeidde i skulen. Den store rekrutteringa av gardbrukarborn og lærarborn er også det som kjem tydeleg fram i tidlegare forskning. Når vi såg på skilnaden mellom fireårige elevar og studentane, såg vi at dei fireårige elevane var best representert med fedrar som jobba i yrkesgruppene primærnæringane og frie yrke, medan studentane hadde overtaket i yrkesgruppene kjøpmenn, industri og handverk, andre yrke, offentleg- og privat tenesteyting og skulefolk.

Vi såg også at det var skilnader i dei enkelte yrkesgruppene på om ein budde i ein by eller i ei bygd. Den gruppa som skilde seg mest ut, var gruppa primærnæringar. Dei elevane som hadde ein far som jobba innanfor denne yrkesgruppa, kom nesten 90 % frå bygda, medan rundt 10 % kom frå ein by. Også innanfor yrkesgruppene kunne vi sjå forskjellar på enkelte yrke. Her fann vi den største forskjellen i yrket gardbrukarar, der rundt 91 % av dei kvinnelege lærarane som hadde fedrar som gardbrukarar kom frå bygda.

Det som gjorde seg merkbart i høve til tidlegare forskning var at desse kvinnene i større grad kom frå dei velståande og mindre velståande gruppene i samfunnet. Dette ser ein ved at desse kvinnene til dømes hadde mange fedrar som jobba som fiskarar, legar, advokatar, prestar osv. Dette er yrkestitlar som den tidlegare forskinga viser lite til.

6.0 Dei kvinnelege lærarane sin motivasjon for læraryrket

I denne delen av oppgåva vil eg først presentere tidlegare forskning som har blitt gjort om motivasjon for læraryrket, deretter teori som omhandlar indre og ytre motivasjon. Vidare vil funna frå den kvalitative forskinga bli presentert. Desse funna har blitt kategorisert etter ulike faktorar som har spelt inn på yrkesvalet for dei undersøkte kvinnelege lærarane. Til slutt vil eg sjå på denne funna i lys av motivasjonsteori, for å sjå om desse kvinnelege lærarane var indre eller ytre motivert då dei tok til med læraryrket.

6.1 Indre og ytre motivasjon

For å studere kva som kjenneteiknar desse tidlegare kvinnelege lærarane sin motivasjon for å begynne på lærarutdanninga og for å bli lærar, er det naudsynt å sjå nærare på omgrepet motivasjon. Feltet er stort, og det finst mange ulike teoriar og retningar innanfor motivasjon, men i denne oppgåva vil eg presentere motivasjonsteori som er interessant for dette prosjektet. I denne delen av oppgåva er det eit mål om å forstå kva som motiverte desse kvinnelege lærarane til å bli lærarar.

Motivasjon er eit psykologisk omgrep, som seier noko om ein disposisjon i eit menneske i forhold til aktivitet. Sjølv omgrepet er utleia av det latinske ordet *movere*, som betyr å "bevege" eller å "setje i bevegelse", og studiar av motivasjon spør gjerne om kva drivkrefter som får oss til å handle.²⁰⁹ Ein må altså kome bak handlinga for å få eit svar på kva som motiverer den, kva som opprettheld den og kva som gjer at den blir fullført. Det er difor vanleg at ein innanfor motivasjonsstudiar i stor grad stiller spørsmålet *kvifor*. Kvifor engasjerer vi oss i ein aktivitet? Kvifor legg nokon eit stort engasjement i arbeidet, medan andre tilsynelatande ikkje bryr seg?

Men motivasjonspsykologien er også oppteken av å forklare retning i åtferd, det vil seie kvifor handlingane våre går i eitt spor framfor eit anna. Spørsmålet vert med

²⁰⁹ Kaufmann & Kaufmann 2009: 93

andre ord kva som er målet for handlingane, eller kva hensikter vi har. Dimensjonen *intensitet* i handlingane høyrer også med. Kva kan forklare at to individ med same kompetanse, same løn og same jobb arbeider i høgst forskjellig tempo i jobben sin? Vi er interessert i å vite kva som fører til forskjellar i innsats mellom ulike individ som har dei same føresetnadene for å utføre ei handling. Kort samanfatta vert omgrepet motivasjon definert som dei biologiske, psykologiske og sosiale faktorane som aktiverer, gir retning til og opprettheld åtferd i ulike gradar av intensitet for å nå eit mål.²¹⁰

I motivasjonspsykologien er det vanleg å operere med eit skilje mellom ytre og indre motivasjon. Indre motivasjon handlar om interesse for ein aktivitet, medan ytre motivasjon handlar om aktiviteten sin instrumentelle verdi.²¹¹ Den indre motivasjonen, eller eigenmotivasjonen, har rot i eigenskapar ved sjølve aktiviteten fordi den appellerer til nysgjerrighet, utfordrar eller skapar glede. Den har ein naturleg tendens til å oppsøke og overvinne utfordringar når vi forfølgjer personlege interesser og utviklar våre ferdigheiter. Med ein indre motivasjon treng vi ikkje påskjøning eller straff, fordi aktiviteten i seg sjølv er ei påskjøning. Omsett til yrkesval blir indre motivasjon forstått som at individ søker seg til felt fordi dei trivst med arbeidsoppgåvene, påskjøninga ligg i sjølve arbeidet. Ein lærar som har positive tankar om yrket eller faget sitt og trivast med det, er indre motivert.²¹²

Indre motivasjon blir vanlegvis sett i motsetnad til ytre motivasjon. I motsetnad til å setje i verk ei handling fordi aktiviteten i seg sjølv skapar glede, er det konsekvensen av aktiviteten som lokkar når ein er ytre motivert. Åtferda vert difor instrumentell, og påskjøninga for å utføre handlinga blir drivkrafta for aktiviteten. Mange engasjerer seg altså i aktivitet for å oppnå ei eller anna form for påskjøning. Ein er eigentleg ikkje interessert i aktiviteten, men bryr seg meir om kva gevinst den vil gje.

²¹⁰ Kaufmann & Kaufmann 2009: 93

²¹¹ Manger 2011: 280

²¹² Woolfolk 2010: 275

Ytre motiv er altså knytt til påskjøninga utanfor arbeidet eller aktiviteten, som til dømes løn, status, mykje fritid eller feriemogelegheiter.²¹³

Eit poeng innanfor dette perspektivet er at ikkje alle søker den same type påskjøninga når dei vel utdanning og yrke. Til dømes kan det tenkjast at løn er mindre viktig for personar som går inn i typiske menneskeorientert arbeid, slik som læraryrket, fordi desse personane primært er motivert av andre typar påskjøningar ein kan få gjennom arbeidet. Indre og ytre motivasjon er nødvendigvis ikkje endepunkt, eller motpolar på ein skala. Ei betre forklaring er at motivasjonen for ein bestemt aktivitet eller handling kan innehalde både indre og ytre element.²¹⁴ Indre og ytre motivasjon er også utgangspunktet for min studie. Eg ynskjer å studere ytre og indre motiv slik dei kjem til uttrykk hjå respondentane mine.

6.2 Tidlegare undersøkingar

Det har tidlegare vore gjort undersøkingar av kvifor kvinner og menn har valt lærarutdanninga, hovudsakleg gjennom ulike spørjeskjema. August Lange si undersøking *Hvem blir lærere – og hvorfor?* (1947) er nemnt tidlegare, men undersøker også dette.²¹⁵ I tillegg kom Gerd Holm i 1975 med undersøkinga *Lærer – hvorfor?*, og deretter ei oppfølgingsundersøking i 1989 (*Lærer – hvorfor ? II*). Ho sende ut eit spørjeskjema til 1500 tilfeldige utvalde søkjarar til 2-, 3- og 4-årig lærarutdanning, dette var 500 frå kvar line, og det var like mange kvinner som menn.²¹⁶ I nyare tid har det også vore gjort liknande undersøkingar. Blant anna har Dag Roness gjennom si doktoravhandling i 2012 tatt føre seg motivasjonen for å bli lærar hjå studentar ved praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) ved fire norske universitet.²¹⁷

Resultata frå desse undersøkingane syner heilt klart at det var dei indre motivasjonsfaktorane som var dominerande. Blant studentane som Roness

²¹³ Manger 2010: 275

²¹⁴ Woolfolk 2010: 276

²¹⁵ Lange 1947

²¹⁶ Holm 1974; Holm 1989

²¹⁷ Roness 2012

undersøkte, viste det seg at dei mest betydingsfulle motivatorane for å bli og vere lærar var dei faglege og dei indre motivatorane. Dette gjaldt også for Holm, der motivasjonsanalysane viste samanfallande resultat innanfor kvar line, slik at ein konkluderande kunne hevde at for søkjarar til lærarutdanning var indre motiv vesentlegare enn ytre motiv for å velje læraryrket. Samstundes viste desse undersøkingane at påverknad frå vener og familie i meir eller mindre grad hadde hatt noko å seie for val av yrket.²¹⁸ Lange si undersøking viste også desse resultatane, men var den undersøkinga som i tillegg bar sterkast preg av dei ytre motivasjonsfaktorane blant studentane.²¹⁹

Desse resultatane kan vi sjå igjen hjå Trygve Bergem sin studie frå 1994 av allmennlærarstudentar sine yrkesetiske haldningar, der det store fleirtalet av dei 663 undersøkte studentane grunngav sitt yrkesval med at dei anten likte å arbeide med barn og unge, og/eller at dei synast læraryrket var eit interessant og utfordrande yrke. For enkelte si avgjerd hadde ei gunstig arbeidstid vore avgjerande. Men det var ein klar tendens at dei indre motiva såg ut til å vere meir avgjerande enn dei ytre for det store fleirtalet av studentane. Dei likte å undervise, og interessa for skulefaga har vore ei medverkande årsak til at dei valde læraryrket.²²⁰

Marianne Dæhlen har på ei anna side ikkje direkte undersøkt lærarstudentar åleine, men omtalar studentar ved ni ulike profesjonsutdanningar, deriblant allmennlærar, og deira syn på kva verdiar som er viktige i samband med val av yrke. Ho fann at dei fire faktorane samfunnsnytte, fleksibilitet, inntekt- og avansemogelegheiter og interessante og sjølvstendige arbeidsoppgåver var dei jobbverdiane som var sentrale blant dei undersøkte. Ved å sjå nærare på dei ulike utdanningane fann ho ut at lærarane la mindre vekt på inntekts- og avansementmogelegheiter og fleksibel arbeidstid enn dei andre utdanningane. På den andre sida var dei særskilt opptatt av samfunnsnytte og det å ha interessante og sjølvstendige arbeidsoppgåver.²²¹

²¹⁸ Holm 1975: 318

²¹⁹ Lange 1947: 109

²²⁰ Bergem 1994: 418

²²¹ Dæhlen 2001

Eit samla resultat av alle desse undersøkingane viser oss at dei indre motiva har vore dominerande. Noko som heilt klart er positivt for lærargjerninga. Hadde ytre påskjøningar, som status og høg løn vore det som stod i fokus, kunne dette fått uheldige verknader på kven som hadde blitt rekruttert til dette yrket. Fordi typiske velferdsstatsprofesjonar, som lærarar, i liten grad vert lønt etter innsats, kan ei stor lønsauke for heile gruppa kunne tiltrekke seg personar som er ytre motivert, og som særleg vert motivert av mogelegheitene for høg løn uavhengig av innsats. Bård Kuvaas har i si forskning funne ut at høgt indre motiverte medarbeidarar leverer betre arbeidsprestasjonar enn dei som er ytre motiverte, som vil seie at dei er motivert av løn og prestisje.²²²

I den komande delen av oppgåva vil det bli presentert ulike faktorar som har spelt inn på yrkesvalet for dei undersøkte kvinnelege lærarane, her vil eg undersøke om desse kvinnene også har vore prega av dei indre motivasjonsfaktorane som er nemnt ovanfor.

6.3 Kva faktorar verka inn på yrkesvalet?

I denne delen av oppgåva vil eg gjere greie for og diskutere funna frå intervju med dei tidlegare kvinnelege lærarane for å kunne svare på problemstillinga sin andre del: *Kvifor valde dei læraryrket?* Eg har valt å presentere funna etter kva felles emne respondentane har tatt opp gjennom intervju. Frå det store datamaterialet har eg nytta mange sitat for å kaste lys over interessante sider ved emna i analysen. Ein ser snart at dei tidlegare kvinnelege lærarane har kome fram til ulike faktorar som har spelt inn på yrkesvalet deira. Ettersom tal på respondentane er nokså høgt, og dei i ulik grad har gitt detaljerte opplysningar, vil ikkje alle bli med som døme i analysen. Men samla sett har alle dei 28 respondentane gitt eit heilskapleg bilete av kva faktorar som spelte inn på yrkesvalet. Men motivasjonen var ikkje det einaste som spela ei rolle i forhold til kvinnenenes veg inn i læraryrket. Før vi går nærare inn på drøftinga av motivasjonsfaktorane skal vi derfor sjå litt nærare på haldningane til kvinner og utdanning, slik kvinnene opplevde det.

²²² Kuvaas 2009: 44

6.3.1 Den samfunnsmessige konteksten: Haldningar til kvinner og utdanning

Det som har prega store delar av datamaterialet og som skin mest igjennom, er dåtidas haldningar til kvinner og utdanning. I datamaterialet er det temmeleg brei semje om at i den næraste familien til desse kvinnene var det forventta at ein skulle ut i yrkeslivet på den tida dei vaks opp. Men som vi skal sjå, førte dette også med seg mykje motstand.

I datamaterialet finn vi Eva, som den einaste av dei intervjua kvinnene som ikkje har gått ut i læreryrket etter enda utdanning. Etter ei veke etter avsluttande eksamen på Stord lærarskule gifta ho seg med ein eldre prest og vart deretter heimeverande. Ho har difor aldri arbeidd som lærar, sjølv med ei fireårig lærarutdanning (Eva, 18.01.18, brev-intervju). Dette har nok mykje med den rolla ei prestekona skulle ha på denne tida. Det å vere ei prestekone var ein jobb i seg sjølv, der det var mange tydlege forventningar om kva ei prestekone skulle vere og kva ho skulle gjere.

Det var elles fleire av respondentane som fekk negative kommentarar på at dei valde å ta ei utdanning. Kirsten fortel til dømes om farmora si som ikkje kunne forstå at ho skulle ha bruk for ei utdanning, og om morfaren som kommenterte: "Eg kan sjå at Kirsten er eit særst intelligent barn, det er jo berre synd at ho er ei jente" (Kirsten, 07.02.18, telefon-intervju). Slike negative opplevingar finn vi også igjen hjå Laila:

Ja, det var nok ei forskrekking for mine svigerforeldre at eg begynte å jobbe som lærar igjen etter at eg gifta meg. Og når eg hadde kome meg inn på lærarskulen, synst foreldra mine det var veldig stas, men svigerforeldra mine sa ikkje noko, eg trur dei prøvde å fortrenge det. (Laila, 22.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

Laila hadde også fleire slektningar som hadde meiningar om yrkesvalet hennar, deriblant ein nabo som ikkje kunne forstå at ho ville ta utdanning som lærar, ho kom jo berre til å gifte seg (Laila, 22.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju).

Det var altså sprikande meiningar om kvinner og utdanning mellom dåtidas generasjonar. Dette var gjerne ikkje så rart med tanke på at då desse kvinnene tok utdanning rundt 1960-talet, var det i ei tid som var i rask utvikling når det gjaldt kvinner og utdanning. Dette kan knytast til det som Ida Blom og Sølvi Sogner beskriv som eit samfunn prega av optimisme og velstandsvekst.²²³ Medan det berre var 24 % yrkesaktive kvinner i 1960, der 10 % av desse var gifte, så gjekk ein meir og meir vekk ifrå husmorsepoken på slutten av 1960-talet. Dette førte til at det i 1970 var 24 % gifte kvinner i løna arbeid.²²⁴ Berre på ti år hadde det skjedd meir enn ei dobling. Dei kvinnelege lærarane høyrde til generasjonen som skulle ut i arbeidslivet, medan generasjonen over hadde levd lenge med at familien skulle bestå av ein forsørgjarfar og ei heimeverande mor. Difor var det nok ikkje enkelt å skulle forstå at desse kvinnene skulle ut i arbeid. Mange av respondentane hadde forståing for dette synet, blant andre Grethe, som snakkar om svigerforeldra sine:

Dei skjønnte det nok etter kvart at det ikkje vart slik dei hadde tenkt. Det var jo trenden på dei tidene at ein skulle kome tilbake i heimen og hjelpe til og vere, og det kunne eg jo ikkje tenke meg i det heile tatt, då hadde eg nok sikkert tørna. (Grethe, 12.01.18, brev-intervju)

Sjølv om det var mange kommentarar frå generasjonen over på at desse kvinnene valde å utdanne seg, kom ingen av desse kommentarane frå foreldra deira. Mange av dei tidlegare kvinnelege lærarane skildrar foreldra sine som "føre si tid" og "moderne". Tove skildrar far sin som ein framtidsretta mann, annleis enn mange andre på si tid:

Far min, for å seie det sånn, han var ein veldig framtidsretta mann. Då eg var lita, var det han som trilla barnevogna. Det var jo så sjeldan å sjå menn med barnevogn. Og han bar den yngste systema mi til dåpen, det var jo heilt forferdeleg, farmora mi gjekk utanfor kyrkja, gjekk ikkje inn, for han skjemde

²²³ Blom & Sogner 2005: 231

²²⁴ Erichsen 2017: 63

jo vekk heile familien. Så det var i grunnen ein moderne og ei gammaldags tid, som blanda seg. (Tove, 05.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

Mange av foreldra til respondentane hadde også sjølv utdanning, og det kan vere med på å forklare kvifor det var viktig at døtrene tok utdanning. Slik Jorunn skildrar det, var det ikkje noko val med tanke på å ta utdanning: "Mor mi var utdanna og far min var utdanna, så det har aldri vore noko diskusjon heime om vi skulle ta utdanning, det var sjølvsagt" (Jorunn, 08.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju). Sjølvsagt var det også heime hjå Ingrid: "Vi fekk ei sånn oppseding heime på garden, at liksom, det var ikkje snakk om eg skulle ta utdanning eller ikkje. Det vart forventet at vi tok utdanning" (Ingrid, 23.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju). Sjølv om mange av foreldra hadde utdanning, fann ein også dei som ikkje hadde utdanning, men ville unne barna sine det som dei sjølv ikkje fekk. Grethe fortel om mor si, som måtte svare for seg om kvifor dei ville gje Grethe ei utdanning:

Mor mi var ei særs oppegående dame som aldri hadde fått utdanning, så ho svarte til tanta mi at forstår du ikkje, no får ho sjansen som vi ikkje fekk. Og då vart det heilt stille. Foreldra mine var nok litt stolte, for dei tenkte ikkje slik som andre, dei var litt føre si tid då. (Grethe, 12.01.18, brev-intervju)

Likeins var det med mor til Ingrid, som heller ikkje hadde utdanning, men som hadde kome til ein gard då ho vart gift:

Ja, det var forventet at eg skulle ha utdanning, og eg trur kanskje det var litt fordi eg hadde ei mor som kom til garden. Og det å kome til ein gard, det var jo å kome 50 år tilbake i tid. Og eg trur nok at ho tenkte at mine døtrer aldri skal kome bort i noko sånt. (Ingrid, 23.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

Det at desse foreldre var opptekne av at barna skulle ha ei utdanning kjem også til uttrykk hjå far til Wenche, som var ein aktiv pådrivar for å skaffe realskule til bygda:

Altså far og foreldra mine var jo opptekne av skule og at vi skulle få skulegang, så i fleire år arbeidde han far med å få starta ein toårig realskule. Han jobba hardt og skulle prøve å overtyde desse her bøndene at det var naudsynt med skule og skulegang også for jenter. Så han stod på og fekk nokon med seg, men det tok si tid for å overtyde skulestyrar og heradstyret som det heitte då. (Wenche, 06.02.18, telefon-intervju)

Felles for alle desse foreldra var at dei ville gje barna sine ei utdanning, anten dei sjølv hadde det eller ikkje. Dei var såleis moderne for si tid, og opptekne av kva ei utdanning hadde å seie for døtrene, i motsetnad til mange andre, slik vi har sett ovanfor. For desse familiane var det naturleg at borna skulle ha ei utdanning. Dei såg nok gjerne at det var bruk for kvinnene andre plassar enn kva i berre heimen, slik som byrjinga av 1970-talet vert skildra, då fleire og fleire kvinner kom i utdanning og ut i arbeidslivet.²²⁵

Det var ikkje berre i tida før val av utdanning at dei kvinnelege lærarane fekk merke negativ merksemd i høve yrkesvalet. Det skjedde også når dei var komne inn i yrket. Det var tydeleg at det på denne tida ikkje var tilrettelagt for kvinner på ein arbeidsplass. Alle dei kvinnelege lærarane kan fortelje om kor hardt det var med berre tre månaders fødselspermisjon når dei fekk born. Dette førte til at ein måtte leige inn barnepass, eller ha familie som kunne passe barna, sidan det var lite av barnehagar på denne tida.

Mange skildrar vonde episodar. Ei av desse var Tove, som fortel om kva som skjedde når dei skulle ha møte i regi av skulen på kveldstid:

Vi skulle helst ikkje ha barn, merkelig nok. Vi var lærarar, men vi skulle helst ikkje ha barn. Og så ein gong om hausten, då hadde vi noko som heitte lærarråd, og då skulle vi ha det klokka halv sju. Vi bad om å få utsette det til halv åtte, vi var jo så mange med små barn heime. Men ikkje tale om, han

²²⁵ Erichsen 2017: 60

[skulestyraren] var så steil. Ungar skulle ikkje sjåast, og vi skulle ikkje ha barn. ...Vi var så sinte til slutt at vi hadde faktisk planlagt å ta ungene med oss på skulen om kvelden og amme dei der. Men av ein eller anna grunn utsette han møtet til slutt. (Tove, 05.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

Det er fleire liknande døme i datamaterialet, og det seier noko om kva haldningar ein enno kunne finne til kvinner og utdanning på denne tida. Desse kvinnene som faktisk tok utdanning, stod fram som føregangskvinner for veldig mange andre kvinner.

6.3.2 Kvifor lærar?

Som vi har sett opplevde mange av desse kvinnelege lærarane negativ merksemd i høve det å skulle ta ei utdanning. Felles for dei fleste var likevel at dei hadde foreldre som var særst oppmuntrande og støttande i valet deira, og sjølv ynskte at døtrene deira skulle ta ei utdanning. Dei tidlegare kvinnelege lærarane var veldig klare på at dei skulle ha ei utdanning, men kvifor fall valet på akkurat lærarutdanninga?

Datamaterialet syner at det var fleire faktorar som kan ha spelt ei rolle i akkurat dette valet.

6.3.2.1 Få utdanningsmogelegheiter for kvinner

Dei tidlegare kvinnelege lærarane fortel at dei mest vanlege yrka for kvinner på den tida dei vaks opp, var butikktilsett, fabrikkarbeidar, kontorarbeid eller hushjelp. Men dersom ein skulle ta ei utdanning som kvinne, var det lærar eller sjukepleiar ein måtte velje mellom. Dette er det fleire som gir uttrykk for, blant anna Jorunn: "Ja, kva elles enn lærar skulle eg bli? Det var jo ikkje så mange alternativ for kvinner, sånn i det vanlege. Mogelegheitene var der ikkje. Det var liksom helsevegen eller lærarvegen som var det du visste om" (Jorunn, 08.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju).

Det same skildrar Åse med denne ytringa:

Jo, men på slutten av 50-talet, så var det ikkje så mykje for kvinner, du kunne bli frisør, og du kunne sitte i butikk, og det var ein del industri, og du kunne bli lærar og sjukepleiar dersom du hadde utdanning. (Åse, 12.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

I forhold til dagens ungdom var det altså ikkje mange utdanningsval desse kvinnene stod ovanfor. Nærast alle dei kvinnelege lærarane i denne undersøkinga nemner desse to utdanningsvala som dei einaste som kravde utdanning og var aksepterte for kvinner på denne tida. Slik forklarar Else kvifor ho valde læraryrket: "Men læraryrket var kanskje eit av dei yrkesvala som var akseptert blant kvinner rundt 1960. Men vi skulle helst halde oss i barneskulen" (Else, 15.01.18, brev-intervju). Læraryrket var altså eitt av to moglege val, men også innanfor dette yrket fanst det avgrensingar.

Likestillinga har i dag kome mykje lengre enn kva den var då desse kvinnene skulle ta utdanning. No kan ein velje og vrake i ulike utdanningstilbod, og ein finn kvinner i dei fleste yrke. På grunn av dei få utdanningsvala som desse kvinnelege lærarane hadde i si tid, har nokre vore bevisste i lærargjerninga si på å fortelje elevane sine at kvinner kan jobbe i alle slags yrker, slik som Laila:

Eg har jo prøvd å ta med meg klassar tidlegare, når dei kom i åttande, og få dei ned på biblioteket. For det var no alltid ei dame som var bibliotekar. Prøvde liksom å reklamere litt. For det var jo sånn, kan eg hugse, at vi har hatt diskusjonar med elevar. Det hugsar eg, det var ein som synast det var så godt å snakke om kva slags yrke jenter kan ha og kva slags yrke gutar kan ha. Ja, så heldt vi no på med det her då, å ramse opp. Så var det ein gut som sa: Ja, men jagarflygar det kan dei no i alle fall ikkje bli. Med fortvilning i stemma. Det er jo haldningar der altså, men no trur eg ikkje det er sånn lenger. (Laila, 22.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

For mange var det altså eit val mellom å utdanne seg til sjukepleiar eller lærar, og såleis måtte dei vurdere kva som passa seg best. Det at dei følte at det berre var desse to yrka som var sosialt aksepterte, er nærliggjande å knyte til noko Morris Rosenberg skriv. Han meiner at kvinner og menn kanskje ureflektert eliminerer massar av yrkesområde, fordi dei berre vert vurdert som sosialt aksepterte for det motsette kjønn.²²⁶ Men kvifor lærar og ikkje sjukepleiar? Truleg har nokre av

²²⁶ Rosenberg 1957: 5

faktorane vi skal gå inn på nedanfor vore avgjerande når desse kvinnene valde læraryrket framfor sjukepleiaryrket.

6.3.2.2 Tidlegare skulegang

Det kan sjå ut til at tidlegare skulegang kan ha vore viktig for nokre av dei kvinnelege lærarane. Vi har tidlegare vore inne på at på den tida desse kvinnene tok utdanning, fanst det eit skilje mellom fireårige elevar og toårige studentar ved lærarutdanningane. Dei som var såkalla studentar, og som hadde gått på den toårige lina på lærarutdanninga, hadde gått på gymnaset før lærarutdanninga. Desse hadde difor examen artium og større mogelegheiter, som til dømes å søke seg inn på universitetsstudiar. Dei som gjekk på den fireårige lina hadde ikkje gymnasutdanning, og kom difor rett frå folkeskule, folkehøgskule, framhaldsskule eller realskule.²²⁷ Av dei respondentane eg har intervju, var 16 av dei fireårige elevar, medan 12 av dei hadde gått den toårige lina.

Blant dei kvinnelege lærarane som tok den fireårige lina, var det ulike årsakar til at dei ikkje hadde tatt realskule eller gymnas. Ingrid, Laila, Karin, Reidun og Ragnhild nemner økonomi som ei årsak til kvifor dei ikkje fekk gå på realskule eller gymnas, og difor såg på ei fireårig lærarutdanning som ein veg til å ta utdanning. Ingrid skildrar situasjonen sin slik:

Du skjønner, når vi måtte bu vekke på realskulen, så måtte jo foreldra betale ganske mykje for det, og pengar var det aldri mykje av blant folk, slik at eg skjønnte jo at det her vart veldig tøft for dei å klare, og då såg eg mogelegheita. Det var ein av grunnane heilt sikkert til at eg valde læraryrket, det var det at eg såg ein mogelegheit i fireårig lærarskule. Visst eg klarte å komme inn der, då fekk eg tak i studielån, det fekk eg ikkje på gymnaset den gongen. (Ingrid, 23.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

Ingrid og dei fire andre kvinnene budde i utkantstrøk slik at dei måtte reise vekk for å få gå på realskule eller gymnas, som oftast låg i meir sentrale strøk. Dette vart ein

²²⁷ Østerud, Sunnanå & Frøysnes 2015: 15

stor kostnad for mange foreldre. Utan støtte frå noko hald, måtte foreldra betale kost og losji for døtrene, og hadde ein fleire sysken, vart det endå dyrare. Som Ingrid skildrar ovanfor hadde foreldra hennar allereie sendt ho på realskule, som kosta foreldra pengar, men at ho attpåtil skulle gå på gymnaset, vart nok for dyrt. Difor var det nok mange som såg på fireårig lærarskule som ei løysing på å få seg ei utdanning. Ragnhild hadde folkehøgskule som einaste skule i nærleiken, og skildrar sin situasjon på denne måten:

Eg drøymde om å ta utdanning. Eg kunne heftet "Hva vil du bli?" utanom. Draumen min var å jobbe med dyr, helst som dyrlege. Det var vanskeleg, langt til realskule og gymnas, og dyrt. Kven ville vel låne pengar til ei jente, vi måtte ha kausjon for lån. Heime hadde vi ikkje råd til slikt, visste eg. Det året på folkehøgskule gjorde utslaget for meg. Nokre elevar gjekk andre året for å bli lærarar. Eg skjønnte at vi kunne kome inn på fireårig lærarskule med å ta opptaksprøva, og kom ein inn, fekk ein studielån frå Statens lånekasse. Bravo, der var redninga tenkte eg. (Ragnhild, 25.01.18, brev-intervju)

Ragnhild hadde heller ikkje råd til å gå på verken realskule eller gymnas, difor fall valet på den fireårige lærarutdanninga, sjølv om dette eigentleg ikkje var førstevalet hennar. Fleire budde slik til at det ikkje var mogeleg for dei å ta realskule eller gymnas i heimbygda. Nokre av dei hadde kanskje råd, men valde av andre grunnar å ikkje gå på desse skulane. Som til dømes Solveig som fortel at ho kom ifrå ei øy, der det ikkje var noko realskule eller gymnas. Ho måtte difor reise langt vekk og bu på hybel i ein alder av 14 år dersom ho skulle få gå på realskule. Dette kunne ho ikkje tenke seg i denne alderen. Difor gjekk ho heller på folkehøgskule, og søkte seg inn på fireårig lærarskule (Solveig, 23.01.18, brev-intervju). Det same gjaldt for Anne som også kom ifrå ei øy. Ho forklarar at når ein kom ifrå ei øy var det ikkje mykje utdanning og ta med unnatak av det praktiske, difor vart det heller ikkje realskule på ho, fordi ho ikkje ville reise vekk som ung (Anne, 17.01.18, brev-intervju).

Ei tredje årsak til at mange valde den fireårige lærarskulen, var at dei var skuleleie. Difor var det ikkje noko alternativ for dei å ta gymnas, sjølv om dei hadde moglegheitene til det. Åse forklarar det slik:

Eg ville jo gjerne kome inn på realskulen, for det var jo litt prestisje i forhold til dei andre, så eg skjønnte jo at eg burde gjere noko. Men mor mi ville jo at eg skulle ta gymnas i tillegg, men det ville ikkje eg. Eg var så skulelei då, eg var nok litt i opposisjon, så då vart eg sendt på folkehøgskule, og der var det jo ikkje noko eksamenspress, der leste du fordi det var gøy. (Åse, 12.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

Når eg spurde Tove, som er oppvaksen i ein by, om kvifor ho ikkje valde å gå på gymnaset når ho kunne bu heime gratis, var hennar svar også at ho var skulelei. Ho var komen inn på gymnaset, men ho orka det rett og slett ikkje, difor vart det også folkehøgskule på Tove (Tove, 05.02, ansikt-til-ansikt-intervju).

Avstanden til realskular og gymnas førte nok til at mange kvinner på denne tida gjekk glipp av ei utdanning, på grunn av familien sin dårlege økonomi eller frykta for å reise heimanfrå. Dette kjem også til uttrykk hjå Laila som skildrar venninna si: "Men ho vart ikkje lærar, ho fekk ikkje utdanning heller stakkars. Ho var jo mykje flinkare enn meg så, men det var no sånn" (Laila, 22.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju). Det sat nok ein god del unge kvinner heime som ikkje fekk tatt utdanning, men som heilt klart ville ha vore ei styrkje for oss i fleire yrke. Mange fekk likevel moglegheita ved å ta fireårig lærarskule. Dette stadfestar det som Arve Nordstrand skriv, og som vi har vore inne på i tidlegare kapittel, at kvinnene frå distrikta gjerne valde læraryrket fordi det ikkje var så mange andre utdanningsmoglegheiter, slik som i byane og meir urbane område. I tillegg kunne det å reise langt vekk i tidleg alder kalle på ambivalente kjensler, som gjerne reduserte trongen til å satse på gymnas og vidare på universitet, noko som nokre av dei intervjuja kvinnene sa seg samde i.²²⁸

²²⁸ Nordstrand 1975: 27

Som tidlegare nemnt hadde 12 av dei kvinnelege lærarane valt å gå på gymnaset, og tatt den toårige lærarlina etterpå. Med artium stod fleire yrkesvegar opne, og då kan jo vi spørje kvifor dei valde lærarutdanninga, og ikkje valde noko anna? Dette uttalar Kirsten seg om:

Ja, og når du hadde gymnas, så var det liksom, det var ikkje så veldig mange som tok lærarskulen av dei som tok gymnas, fordi eg trur det var sånn at, med eit visst atterhald sjølvst, men mitt inntrykk var at dei som då tok lærarskulen etter gymnaset, det var dei som ikkje hadde karakterar nok til å komme inn på universitetsstudiar. (Kirsten, 07.02.18, telefon-intervju)

Kirsten har rett i at det ikkje var så mange av dei som hadde gymnas frå før av som tok lærarskulen. Ser vi tilbake til kapittel fire, så såg vi der at 276 av dei 1000 undersøkte tidlegare kvinnelege lærarane var studentar, og dermed hadde teke gymnas. Men om dei valde lærarutdanninga fordi dei ikkje hadde karakterar til å kome inn på universitetsstudiar, er det ingen av respondentane som seier noko om. Dette er også heller tvilsamt. Dei fleste skuleretta universitetsstudium var på denne tida opne, medan ein måtte ha relativt gode karakterar for å kome inn på lærarskulen. Årsaka til at studentar valde lærarutdanning kan vere, som vi har vore inne på, at dei såg på lærarutdanninga som ei av dei utdanningsvala som var aksepterte blant kvinner på den tida, eller det kan vere ei eller fleire av årsakene som vi kjem til nedanfor.

6.3.2.3 Påverknad og tidlegare erfaringar

Som vi har sett ovanfor var foreldra til dei kvinnelege lærarane ei viktig drivkraft til at desse kvinnene fekk ta utdanning. Dei var særstøttande i valet om å ta ei utdanning, men i kva grad hadde dei og andre nære relasjonar ein påverknad på at desse kvinnene valde læraryrket?

Alle respondentane er samde i at dei stod heilt fritt til å velje utdanningsretning sjølv, sjølv om foreldra var aktive pådrivarar for utdanning, Turid uttrykkjer det slik: "Eg følte alltid at det var ei sjølvfølgje at eg skulle utdanne meg, men dei prøvde ikkje

å påverke meg i ein bestemt retning” (Turid, 09.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju). Men sjølv om dei meinte at dei stod heilt fritt til å velje utdanning sjølv, kan foreldre og andre familiemedlemmar likevel ha påverka dei i nokon grad, sjølv om dette kanskje ikkje var direkte avgjerande for valet om å ta lærarutdanning.

Dette kjem til uttrykk hjå fleire av respondentane. Åse hadde til dømes tenkt tanken på å bli gartner, men fortel at ho hadde ei mor som råda ho frå det. Ho trur difor at mor hennar hadde ein finger med i spelet, sjølv om ho ikkje tenkte på det på den tida (Åse, 12.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju). Randi hadde også planar om eit anna yrkesval, nemleg ortopedi. Men foreldra oppmoda ho til også å søke på lærarskulen, så ho kunne ta valet etterpå. Ho kom inn begge stader, men valde til slutt lærarskulen (Randi, 12.01.18, brev-intervju). Kirsten uttrykte også at foreldra fristilte ho veldig, og at dei var opptekne av at ho og syskena måtte velje yrke som dei kunne tenkje seg å leve med. Oppveksten med ein far som lærar meiner ho likevel kan ha farga ho, sidan ho levde med skulen døgnet rundt (Kirsten, 07.02.18, telefon-intervju).

Blant respondentane hadde seks av dei foreldra sine som lærar, medan nokre få hadde andre familiemedlemmar som lærarar. Det ser ikkje ut til at desse har hatt nokon større påverknad enn dei som ikkje hadde nære familiemedlemmar som lærarar. Dei legg likevel vekt på at dei kjente mykje meir til dette yrket enn dei elles ville ha gjort.

Det var kanskje ikkje så rart at eg valde same yrket. Det er vel noko med gena? Eg visste tidleg at det var mykje arbeid, planlegging, retting og så vidare, men det skremde meg ikkje. Eg kjende meir til lærarskulen ut ifrå hans [fars] forteljingar, så det betydde vel noko, sjølv om valet mitt var fritt. (Aud, 16.01.18, brev-intervju)

Slik forklarar Aud korleis ho trur lærarfar sin kan ha påverka ho. Vener og tidlegare lærarar ser ut til å ha påverka desse kvinnene i mindre grad. Særleg vener frå dei første skuleåra ser ikkje ut til å ha hatt noko spesielt å seie for utdanningsvalet. Turid

fortel til dømes at det berre var fire–fem av jentene på hennar barneskule som tok gymnas (Turid, 09.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju). Likeeins fortel Torill at ingen av hennar barndomsvenner tok gymnas. Derimot vart ein del av venene på gymnaset lærarar (Torill, 15.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju). Det inntrykket får ein av dei andre også, at når ein var på gymnaset eller folkehøgskule, så vart ein oppmuntra til å gå på lærarskulen, og det var mange andre rundt ein som gjorde akkurat det. Turid er den einaste personen i utvalet som kan fortelle at ein lærar har hatt noko å seie for valet hennar:

Nokre av lærarane mine kan nok ha påverka meg når det gjeld mitt val. Eg var veldig heldig med lærarane, men det var vel kanskje norsklæraren min på gymnaset som har hatt mest å seie. Han var helten min. Han har nok hatt ein del å seie for at eg tok lærarutdanning, og spesielt hovudfag i norsk. (Turid, 09.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

Fleire av respondentane fekk altså kjennskap til yrket gjennom familiemedlemmar sine erfaringar, det kjente kjem også igjen i fleire sine forklaringar på kvifor valet fall på læraryrket, i staden for noko anna. Mange av respondentane er opptekne av at dei som yngre leika skule og gjerne dirigerte på småsøsken, og såleis hadde ibuande typiske leiaregenskapar. Dette forklarar Tove slik:

Nei, altså, det har vel alltid vore sånn at læraryrket låg nærast, likte jo alltid å leike skule, eg var jo eldst av søskenflokken. Og eg likte veldig godt det der å lære frå meg, lære noko til ungar, det har eg alltid synest var kjekt. (Tove, 05.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

Det å vere eldst i søskenflokken er det fleire som legg vekt på. Også Karin seier at ho leika skule i barndommen, der var det som oftast ho som var læraren og dirigerte på småsøsken sine og deira vener. Ho meiner at eigenskapen som eldst i ein søskenflokk utvikla ho som ein leiartype og kan ha vore avgjerande for at ho følte at læraryrket var det rette (Karin, 18.01.18, brev-intervju). Laila fortel også om betydinga av å ha leiaregenskapar:

Vi var på eit kurs ein gong, og der hadde kursleiarane føre seg at dei eldste barna skulle stille seg i ein ring, dei som var nummer to barn i ein ring, og dei som var einebarn skulle stå i ein ring, så skulle vi sjå. Og så viste det seg at dei som var eldste barn, var kjempemange. Og vi var ein svær gjeng som stod der, så seier desse leiarane til oss at vi likte å styre og leie vi, og liksom gjorde narr av oss. Så det kan jo hende det ligg noko i det, ein må jo liksom vere sånn leiartype. Eg hugsa jo at vi leika skule heime hjå kvarandre og dirigerte på småsøskena våre. (Laila, 22.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

Det å ha leiareigenskapar fekk også Åse tidleg erfare. Ho meiner at erfaringane hennar frå speidarrørsla har vore ein av grunnane til at ho vart lærar. Ho begynte tidleg i speidaren, og vart etter kvart både patruljeførar og seinare troppsførar. Til slutt hadde ho ansvaret for 95 barn, og skulle organisere alt. Ho fekk nok då ei forståing av at dette meistra ho, og på denne måten også passa godt i eit yrke som lærar (Åse, 12.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju).

Erfaringar frå barndommen ser altså ut til å ha spelt ei rolle. Men samstundes var det ein del respondentar som jobba som lærarar før dei tok utdanning, og på denne måten fekk erfaring frå yrket før dei tok til med utdanninga. Dette gjaldt for ti av dei 28 respondentane. På den måten fekk dei erfare yrket før dei valde utdanningsretning, og kunne få stadfesta om dette var det rette å satse på. Desse ti kvinnene var samde i at yrket stod til dei forventningane dei hadde, og at det var avgjerande før dei søkte utdanning. Torill skildrar det første møtet med læraryrket slik:

Dei forventningane eg hadde til læraryrket vart innfridde, og eg vart glad i alle elevane mine. Kvar dag var rike på positive opplevingar og dei oppgåvene som måtte løysast tok eg som ei utfordring. Og eg var sikkert på at det var lærar eg ville bli, eg stortreivst i yrket. (Torill, 15.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

Desse kvinnene vart altså i nokon grad påverka av kva familie og vener rundt ein hadde å seie om utdanningsretning. Men det kan sjå ut som om det kjente og nære kan ha spelt ei endå større rolle i deira val av yrke. Læreryrket var noko alle kjente til som skuleelev, og det kunne nok kjennast trygt å velje dette yrket, slik som vil skal sjå nedanfor.

6.3.2.4 Ein sikker arbeidsplass

Mange av dei tidlegare kvinnelege lærarane fortel at på den tida dei tok lærarutdanning var det særskilt enkelt å få seg jobb. Torill seier det slik "Det var stor mangel på utdanna lærarar, så vi kunne velje og vrake både når det gjaldt arbeidsstad og ulike lærarjobbar" (Torill, 15.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju). Dette samsvarar med det som blir fortalt av Gro Hagemann i boka *Skolefolk (1992)*. Ved byrjinga av 1950-åra auka talet på elevar i folkeskulen brått på grunn av babyboomen under andre verdskrig, difor steig etterspurnaden etter lærarar dramatisk. Lærarmangel vart ein periode eit permanent problem, særleg i utkantkommunane. I 1955 var kvar femte folkeskulelærar utan godkjent utdanning, og så seint som i 1965 var fortsatt mellom ein fjerdedel og ein tredjedel av lærarane ufaglærte.²²⁹ Dette blir stadfesta av Reidun, som kan fortelje at på den første arbeidsplassen hennar hadde dei ikkje hatt lærar med utdanning på 11 ½ år (Reidun, 15.01.18, brev-intervju).

Det at det på denne tida var stor lærarmangel, ser ut til å ha vore ein medverkande årsak til at nokre valde læreryrket. Dette kan vi til dømes sjå hjå Kirsten:

Eg hadde lyst på sjøen. Eg såg føre meg at eg kunne tenkje meg å bli telegrafist. Eg var kome så langt at eg var begynt å tenke på dette yrket reelt, men så sa begge mine farbrøyr som var på sjøen, at eg ikkje burde velje det. Det var fordi det var på veg ut, og då hadde eg stått der utan yrke. Så var eg veldig glad i musikk og song, men det gjekk det jo ikkje an å leve av på dei tidene. (Kirsten, 07.02.18, telefon-intervju)

²²⁹ Hagemann 1992: 226

Kirsten valde altså eit sikrare yrke framfor dei yrka og interessene ho eigentleg hadde. Dette ser vi også igjen hjå Åse, som likte tanken på å bli arkeolog, men som avstod frå dette yrket fordi venninna hennar som nyleg var utdanna arkeolog, sleit med å få seg jobb. I tillegg hadde Åse ein far, som også kan ha vore medverkande til at ho valde eit sikkert yrke:

Far min var veldig opptatt av at han og mor måtte få jobb i stat og kommune, og ha sikker jobb altså, og pensjon, så eg vart nok litt farga av det. Fordi du var jo sikra jobb når du kom ut [av lærarskulen]. For det var jo den perioden det var veldig mange sånne gymnasiastar som tok lærarjobbar utan utdanning, så det var nesten garantert at du fekk jobb ein stad. (Åse, 12.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

I tillegg til at det var lett å få seg jobb som lærar, var det også ein del som peika på at dette yrket hadde gode ferieordningar, og at dette kom godt med. Turid kunne fortelje at lærarutdanninga var eit bevisst val, som ho og kjærasten hennar hadde diskutert:

Vi bestemte i fellesskap at det var veldig praktisk for meg som kvinne å ta ei kort utdanning, medan kjærasten min skulle gå inn for ei høgare utdanning. Dessutan tenkte vi på at det var veldig greitt å arbeide korte dagar utanfor heimen fordi ein del av jobben kunne utførast heime etter at barna var i seng. I tillegg ville dei lange feriane også vere greie med tanke på barn. (Turid, 09.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

Denne tankegangen er også Hagemann inne på. Ho skriv at for mange kvinner la ofte ekteskapsforventningar ei bremse på trongen til vidareutdanning. Lærarutdanninga var ei kort utdanning som gav ei rimeleg livsforsikring og som dessutan var lettare å kombinere med arbeid i heimen enn andre yrke for kvinner som forventa å leggje ned betydeleg arbeidsinnsats i familien.²³⁰ For Turid var altså dei gode

²³⁰ Hagemann 1992: 244

ferieordningane medverkande til det livet ho og mannen planla med tanke på utdanning. For andre har det nok vore mindre avgjerande, men likevel ein god bonus med dette yrket. På spørsmål til Ingrid om ho har angra på sitt val av yrke, svarar ho at ho synst dette yrket har vore veldig greitt, blant anna på grunn av "privilegiet" med sommarferiane. Ho legg vekt på at etter ein hard vinter med mykje arbeid, var det alltid godt med ferie, spesielt med tanke på ungane, sidan ein kunne følgje same rytmen som dei (Ingrid, 23.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju).

Dei kvinnelege lærarane har altså sett pris på dei gode ferieordningane. Likevel synast dette i liten grad å ha vore avgjerande for valet av læraryrket, som Reidun seier: "Sjølv om det ikkje var sommarferiane som avgjorde mitt val av yrke, kom dei no vel med." (Reidun, 15.01.18, brev-intervju). Det same synast å gjelde status og løn, dette hadde særst lite å seie for desse kvinnene.

Dei fleste uttrykkjer at løna ikkje var heilt det store på den tida dei tok utdanning, så det kjem ikkje som noko stor overrasking at dette ikkje påverka valet deira med å verte lærarar. Laila går så langt at ho seier at dersom ho ikkje hadde fått løn, hadde ho vore lærar likevel fordi det er eit så ufatteleg interessant yrke (Laila, 22.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju). Heller ikkje Solveig tenkte mykje på det økonomiske, ho synast det var heilt topp då ho i 1962 fekk jobb og tente egne pengar (Solveig, 23.01.18, brev-intervju). Dei kvinnelege lærarane er elles samde om at læraryrket hadde meir status då dei starta i yrket enn kva det hadde på slutten. Dette gjeld blant andre Randi:

Då eg søkte lærarskulen, var ikkje læraryrket sitt renommé noko eg tok omsyn til. Når eg ser tilbake, trur eg at læraryrket hadde større status på den tid eg begynte enn kva det har no. No er det meir vanleg å ta høgare utdanning, og mange får gode stillingar. Så læraryrket har vel ikkje same status som i mi tid. Men det er ikkje mindre viktig. Eg trur foreldra også ser på læraren som viktig. Men løna må vere god nok til at dei unge vel læraryrket. (Randi, 12.01.18, brev-intervju)

Det at desse kvinnene ikkje var opptekne av statusen til læraryrket når dei søkte seg til lærarutdanninga, står litt i kontrast til korleis Hagemann skildrar denne tida. Ho hevdar at lærarane i etterkrigstida var blitt stadig meir opptekne av sin eigen status. I slutten av 1970-åra gav mange lærarar uttrykk for misnøye med sin yrkessituasjon og den status som lærargjeringa gav dei. Det var særleg mannlege lærarar som opplevde denne mangelen på status som ei stor belastning ved yrket. Ikkje få meinte at læraren tidlegare naut ein heilt annan respekt i nærmiljø og offentlegheit.²³¹

Sjølv om desse kvinnene ikkje var så opptekne til statusen til yrket, meiner Ingrid at dette yrket tilførte dei andre verdiar:

Eg tenkte ikkje på statusen nei, eg gjorde ikkje det altså. Men ein annan ting er jo det at ei utdanning i ryggen gir jo deg litt meir sjølvtilitt og du våga meir, det trur eg. Det er eg ganske sikker på. Det å ta ord i ei forsamling, ja, eg trur det hjalp deg på ein måte. (Ingrid, 23.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

Det kan verke som om desse kvinnene var meir opptekne av kva ei utdanning kunne føre med seg på det personlege plan, at dei kunne få bruke evnene sine og utfalde seg, meir enn at yrket skulle ha ein høg status. Vi må også ta med oss at dette er det dei kvinnelege lærarane hevdar, men at dei kanskje kan ha vore meir opptekne av status enn det dei gjev uttrykk for.

6.3.3 Har ikkje angra på yrkesvalet

Sjølv om desse kvinnene fortel om få utdanningsmogelegheiter, der dei opplevde at valet stod mellom lærarutdanninga og sjukepleiarutdanninga, har dei fleste ikkje angra på dette yrkesvalet i etterkant. 20 av dei intervjua respondentane uttrykkjer at dei aldri har angra på yrkesvalet sitt. Åse seier det slik: "Ikkje ein einaste gong har eg angra, aldri. Eg har ikkje nokon negative tankar om det, eg har faktisk gleda meg til kvar dag. Ja, så det må eg seie har vore eit riktig val." (Åse, 12.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju). Berre Anne gjev uttrykk for at ho angrar på dette valet (Anne, 17.01.18, brev-intervju).

²³¹ Hagemann 1992: 249

Respondentane fekk spørsmål om dei ville ha valt det same yrket om igjen, om dei skulle ha valt yrke i dag. Sjølv om dette er eit vanskeleg spørsmål å svare på, fordi tida då dei tok utdanning og notidas situasjon er så annleis, svarde dei resterande sju respondentane at dei ikkje direkte hadde angra på dette yrket, men at dei kanskje hadde valt annleis i dag. Det var ulike grunnar til dette. Eitt punkt som kom fram, var korleis dei over tid hadde mist fridomen sin i lærargjeringa. Slik som Ingrid skildrar det:

Eg tenkjer det at før hadde eg større fridom i å leggje jobben i dei yngste og få bruke mine evner. Eg opplevde det slik at det vart meir og meir styring ifrå leiaren på skulen. Og til slutt var det jo ei veldig hard styring. (Ingrid, 23.02.18, ansikt-til-ansikt-intervju)

Medan Ingrid snakkar om mindre fridom i lærargjeringa, skildrar Unni ei lærargjering som har blitt altfor byråkratisk med åra:

Eg har ikkje angra, men læraryrket har blitt for byråkratisk med åra. Mange møter, som kan verke heilt unauddsynlege, og som går på kostnad av førebuingstida til undervisinga til elevane. Eg tvilar på at eg hadde valt det igjen, sidan det har blitt så byråkratisk etter kvart. Med tre born og full jobb, slik eg har hatt, hadde eg ikkje kunne gjennomføre det slik det har blitt. (Unni, 23.01.18, brev-intervju)

I tillegg er det også ein del som nemner at det på slutten av deira tid som lærar kom mykje nytt inn i skulen, som ikkje alltid var så lett å ta stilling til. Det hadde på mange måtar blitt ein anna skule enn den som dei ein gong valde å gå inn i. Dette har nok også spelt ei rolle når to av respondentane valde å ta utdanning i logopedi, medan ei til slutt valde å ta seg jobb i kommunen på område som hadde med skulen å gjere. Dei angra ikkje på læraryrket, men meinte at læraryrket hadde gitt dei nye vegar å gå.

Det at så mange av respondentane aldri har angra på yrkesvalet, samstundes som dei også ville ha valt dette om igjen, fortel oss at dei på mange måtar må ha lukkast i lærargjeringa, eller hatt eigenskapar som høvde seg bra for dette yrket.

Respondentane kjem inn på kva som har gjort til at dei treivst så godt i dette yrket, og kva som gjorde at dei følte dei passa inn i dette yrket. For mange av desse kvinnene har det å vere med på å forme barn og unge sine liv vore avgjerande i yrkesvalet og vidare i lærargjeringa. Wenche seier at det som har vore med på å drive ho er å hjelpe barn og unge i deira danning og utvikling av menneske (Wenche, 06.02.18, telefon-intervju). Det same uttrykkjer Ragnhild:

Eg har hatt eit superkjekt yrke. Eg likte å arbeid, og vere saman med barn og ungdom, og hjelpe dei i deira utvikling og danning som menneske. Eg likte å bruke mine evner og anlegg i planlegging og til nytte og utvikling for andre. Eg har aldri angra på yrkesvalet. For meg sjølv har også yrket vore utviklande. Eg gleda meg for gode tilbakemeldingar frå elevar og føresette. Vart etter kvart stadig meir trygg på meg sjølv, meir sosial, modigare og tryggare.

(Ragnhild, 25.01.18, brev-intervju)

Ragnhild peikar på at læraryrket også har vore utviklande for ho sjølv. Dette går igjen hjå mange av desse kvinnene. Else skildrar eit yrke som gjorde at ho følte seg betydingsfull og verdsett som person (Else, 15.01.18, brev-intervju). Evna til å lære frå seg og formidle kunnskap har også vore viktig. Her er Inger eit godt døme:

Eg har alltid likt det å lære frå meg, og eg trur eg har hatt ei evne til å sette meg inn i deira tankegang. Det har vore herleg å følgje dei når dei meistrar oppgåver og veks som menneske. I tillegg har eg likt veldig godt å undervise og samarbeide med andre lærarar. (Inger, 19.01.18, brev-intervju)

I tillegg til å hjelpe barn og unge i deira utvikling og formidling av kunnskap, har desse kvinnene fortalt at dei var glad i kontakten med menneske. Eit siste punkt som desse kvinnene var særst interessert i var arbeidet med born som hadde faglege vanskar. Dette kan nok vere ei medverkande årsak til at heile tolv av respondentane

har tatt vidareutdanning i spesialpedagogikk. I tillegg hadde nesten alle respondentane tatt vidareutdanning i eitt eller fleire fag, noko som kan vise til at dei var fagleg interesserte, og ville vere fagleg godt kvalifiserte.

6.4 Indre eller ytre motivasjon?

Yrkesval er ein merkelapp som generelt blir brukt om handlingar som hovudsakleg unge menneske utfører for å få innpass i eit yrke. Som vi har sett ovanfor er dei tilhøva og faktorane som spelar inn på valet ofte samansette, og fleire faktorar er avgjerande for yrkesvalet.

Ein av faktorane som har spelt ei rolle for desse tidlegare kvinnelege lærarar, var at dei hadde foreldre som var særst støttande, og nærast forventa at døtrene sine skulle ta ei utdanning uavhengig om dei sjølv hadde fått utdanning. Dette stod i motsetnad til mange andre sine syn på denne tida, og desse kvinnene omtalar foreldra sine som både moderne, framtidretta og føre si tid. Det at dei hadde så motiverande foreldre, hadde utvilsamt mykje å seie. I dag tek ein nesten for gitt at alle skal ha ei utdanning, og ein vert nesten sett ned på dersom ein ikkje har det. Difor var desse kvinnene i si tid føregangskvinner, som stod i stormen. Men sjølv om dei trassa negativ merksemd i høve utdanning, valde dei likevel eit yrke som dei såg på som sosialt akseptert for kvinner.

Når så mange valde læraryrket, hadde dette fleire årsaker. Som vi har sett var ei av desse årsakene tidlegare skulegang, noko som i særleg grad gjaldt dei som tok den fireårige lærarutdanninga. Her var det tre årsaker som var framståande. For det første hadde mange av dei kvinnelege lærarane ikkje økonomi til å verken ta realskule eller gymnas. For dei som budde i grisgrendte strøk låg realskulane og gymnasa i meir urbane strøk. Dette førte til ein del kostnader i samband med kost og losji, dersom ein skulle gå på desse skulane. For det andre var det ein del som ikkje ville flytte heimanfrå i tidleg alder for å gå på realskule, fordi ein ikkje følte seg moden nok. For det tredje var det også nokre som var skuleleie, som difor ikkje såg på gymnaset som aktuelt. Alle desse tre årsakene førte til at desse kvinnene såg ein utveg i å ta fireårig lærarskule, som ikkje hadde noko krav om at ein måtte ha artium.

Dei kvinnelege lærarane la også vekt på innsikta og nærleiken til læraryrket. Alle var samde i at dei stod fritt til å velje yrke sjølv, men at dei samstundes hadde følgd råd frå nær familie. I tillegg kan det å ha familiemedlemer i same yrket ha spelt ei ubevisst rolle. Dei la også vekt på at læraryrket var noko som dei kjente til frå barndommen, gjennom skulegang og leik. Ein del hadde også erfart yrket før dei tok til med utdanninga, noko som gjorde til at dei fekk stadfesta at dette var riktig for dei.

Stor mangel på utdanna lærarar på denne tida, var også ein medverkande faktor til at mange av desse kvinnene valde læraryrket. Nokre valde vekk andre tenkjelege yrke, og satsa heller på læraryrket, der det var gode jobbmogelegheiter over heile landet. Dei lange feriane var derimot noko som ikkje var avgjerande for yrkesvalet, men som kom godt med for dei fleste. Elles hadde ingen av dei intervjuva kvinnelege lærarane tenkt på verken løn eller status når dei valde læraryrket, men seier at det heller var eit yrke som gav dei sjølvtilitt og ”ryggrad”. Fleirtalet av respondentane har aldri angra på yrkesvalet, og ville mest truleg ha valt det på nytt. Elles er det å forme unge barn sine liv, jobbe med menneske, formidle fag og kunnskap vore viktige årsaker til at desse kvinnelege lærarane har tredd inn i dette yrket og trivst så godt med det.

Ved å sjå på alle desse faktorane som har spelt ei rolle for utdanningsvalet for desse kvinnene, kan vi spørje oss om dei var indre eller ytre motiverte når dei valde læraryrket. Som nemnt innleiingsvis i kapittelet blir indre motivasjon i yrkessamanheng gjerne definert i relasjon til eit yrke sitt arbeidsinnhald. Det vil altså seie at individet søker seg til eit felt fordi dei trivst med arbeidsoppgåvene, og at påskjøninga ligg i sjølve arbeidet.²³² Det at desse kvinnene ville utdanne seg til lærarar, går i retning av indre motivasjon. Årsaka til å ville ta utdanning, skuldast ikkje løn eller status, som vert forbunde med å vere ytre motivert. På den tida dei tok utdanning, kunne dei heller ha valt andre yrke som til dømes butikktilsett,

²³² Woolfolk 2010: 275

fabrikkarbeidar, kontorarbeid og liknande, som var vanlege yrke som desse kvinnene har nemnt, og der løna ikkje nødvendigvis var lågare.

Vi ser også at desse kvinnene nemnde undervisingsoppgåver som å formidle fag og kunnskap som noko at det som hadde vore givande med yrket. Dette ser vi igjen ved at nesten alle har tatt vidareutdanning i forskjellige fag. I tillegg nemner dei sosiale relasjonar som betydingsfullt, det at dei er glad i menneske, og måtte ha ein jobb der ein kunne bruke denne eigenskapen. Også oppsedingsfunksjonen vert brukt som forklaring på kva som har vore gjevande i yrket. Det å skulle vere med å byggje grunnmuren i barna sine liv, og vere med å forme dei. Desse ytringane høyrer heilt klart heime hjå dei indre motivasjonsfaktorane. Dette er årsaker som er knytt til arbeidet sitt innhald, og som vi difor kan konkludere med å vere indre motiv.

Inntrykket av den indre motivasjonens dominans vert forsterka når desse tidlegare kvinnelege lærarane seier at løn og status ikkje har hatt noko å seie for deira yrkesval. Som vi akkurat har vore inne på, og som også har vore nemnt tidleg i dette kapitlet, er ytre motivasjon knytt til påskjøning utanfor arbeidet eller aktiviteten, som til dømes løn, status, mykje fritid eller feriemogelegheiter.²³³ Det som i noko grad har hatt noko å seie for desse kvinnene er det at læraryrket var eit sikkert yrke, der ein nesten kunne få jobb kvar ein ville. Men dette har ikkje eine og åleine vore ei årsak til at desse kvinnene har valt læraryrket. Dette ser ein igjen i ferieordningane, som for dei kvinnelege lærarane har blitt omtalt som ein bonus, men som ikkje har vore avgjerande for yrkesvalet.

Det at det er dei indre motivasjonsfaktorane som har spelt ei rolle hjå desse tidlegare kvinnelege lærarane får vi dessutan stadfesta når størsteparten av respondentane svarar at dei ville ha valt dette yrket om igjen i dag. Med tanke på at læraryrket i dag vert sagt å ha lågare status enn tidlegare, og vert lønna dårlegare enn mange andre yrke med tilsvarande lengde på utdanninga, kan ein konkludere med at for desse kvinnene har det viktigaste i dette yrket vore yrket sitt

²³³ Manger 2010: 275

arbeidsinnhald. Ein ser også at desse resultata samsvarar med det tidlegare undersøkingar har vist oss. Det er den indre motivasjonen som motiverer desse lærarane til å gå inn i læraryrket, både på midten av 1900-talet, men også i nyare tid.

7.0 Samanfating og konklusjon

I arbeidet med denne oppgåva ynskte eg å undersøke kvinnelege lærarar fødde kring 1935–1945, og sjå på den geografiske og sosiale rekrutteringa til læraryrket blant desse kvinnene, samt kvifor dei valde dette yrket. Difor vart det i kapittel ein definert ei todelt problemstilling for denne oppgåva:

Kven var dei kvinnelege lærarane på 1950- og 1960-talet, og kvifor valde dei nettopp læraryrket?

For å kunne svare på desse spørsmåla som denne problemstillinga tek opp, har eg gjennom kvantitativ og kvalitativ forskingsmetode undersøkt fleire kvinnelege lærarar, som gjekk ut i læraryrket rundt tiåret 1955–1965. Gjennom den kvantitative og kvalitative analysen, har eg kome fram til fleire ulike fellesstrekk som kan seie noko om denne gruppa som eg har undersøkt.

7.1 Kven var dei kvinnelege lærarane?

På spørsmålet om kven dei kvinnelege lærarane var, har eg gjennom den kvantitative delen av oppgåva fått opplysingar om den geografiske og sosiale tilhøyrsla til desse kvinnene. Her kom det fram at særskilt Sogn og Fjordane var det fylket som rekrutterte best til læraryrket i forhold til det folketalet skulle tilseie. Tendensen var den same som i tidlegare forskning. Dei som hadde lett tilgang til gymnas og høgare utdanning valde vekk lærarutdanninga, medan dei som kom frå plassar med liten tilgang til skule valde i større grad lærarutdanninga.

Ein såg også at fleirtalet av dei kvinnelege lærarane kom frå bygder, medan mindretalet kom frå byar. Noko som støttar det som vart sagt ovanfor. Dei kvinnelege lærarane gjekk på 17 ulike lærarskular, og det kan sjå ut som om det var ein tendens til at dei valde dei tradisjonsrike skulane, medan dei nybygde skulane etter krigen trakk til seg eit mindretal. Til slutt såg ein geografisk på kor desse kvinnene tok til med lærargjerninga. Her kom det fram at Sogn og Fjordane, Aust-Agder og Oslo var dei fylka lærarane relativt sett flytta mest ifrå, medan Telemark,

Buskerud og Nord-Trøndelag var dei fylka som fekk fleire av sine kvinnelege lærarar tilbake.

Når det gjaldt den sosiale tilhøyrsla viste det seg også her, som i tidlegare forskning, at det var spesielt yrka gardbrukar og lærar som var fleirtalet av fedrane si livsstilling. Det som skilte seg ut var at dei undersøkte kvinnelege lærarane i større grad kom frå dei velstående og mindre velstående gruppene i samfunnet. I tidlegare forskning har det vist seg at desse gruppene har vore lite representert, og at ein difor kunne seie at rekrutteringa til læraryrket var frå dei mellomliggende gruppene i samfunnet. Desse kvinnene derimot hadde i forhold til tidlegare forskning ein del fedrar med si livsstilling i yrke som fiskar, lege, advokat, prest osb. Noko som tidlegare forskning kunne vise lite til.

7.2 Kvifor valde dei læraryrket?

Noko av det som har vore mest givande med denne oppgåva, var å få lov til å intervju 28 tidlegare kvinnelege lærarar. Gjennom ansikt-til-ansikt-intervju, telefonintervju og brevintervju har eg fått ei god innsikt i dei tilhøva og faktorane som har spelt inn på yrkesvalet til desse kvinnene, og det viser seg at det er fleire faktorar som har vore avgjerande.

I datamaterialet såg ein at felles for desse kvinnene var at dei hadde foreldre som var særst støttande, og nærast forventet at døtrene sine skulle ta ei utdanning. Dette var eit noko annleis syn enn kva mange andre hadde på denne tida. Dette erfarte dei kvinnelege lærarane ved at dei fekk mykje negativ merksemd med tanke på at dei skulle ta ei utdanning. Dette kan nok også ha hatt noko å seie når desse kvinnene uttrykkjer at dei einaste aksepterte yrkene for kvinner på denne tida, var anten lærar eller sjukepleiar. Difor omtalar desse kvinnene foreldra sine som framtidsretta og føre si tid.

Tidlegare skulegang var også ein faktor som mange av desse kvinnelege lærarane peika på. Mange av dei hadde begynt på lærarskulen, nettopp fordi dette var ein utveg for dei som ikkje hadde fått mogelegheita til å ta gymnas. Som nemnt hadde

ikkje den fireårige lærarskulen noko krav om at ein måtte ha artium, slik at dette vart ein god mogelegheit til å ta seg ei utdanning for mange. Dei kvinnelege lærarane la også vekt på innsikta og nærleiken til yrket. Dei stod heilt fritt til å velje yrke sjølve av foreldra, men la vekt på at det dei kjente til frå barndommen, gjennom skulegang og leik, kunne ha påverka dei til å velje læraryrket. Nokre av dei hadde også testa ut læraryrket på førehand, slik at dei visste at dette var noko dei ynskte.

Læraryrket var på den tida desse kvinnene valde utdanningsveg eit sikkert yrke. Ein hadde gode jobbmogelegheter, fordi det var stor mangel på lærarar. Dette nemnte dei kvinnelege lærarane som ein medverkande faktor til at dei valde læraryrket, framfor andre yrker som dei også hadde interesse av. Sjølv om desse kvinnene uttrykkjer at dei på denne tida valde eit yrke som var sosialt akseptert blant kvinner, hadde fleirtalet av respondentane aldri angra på yrkesvalet, og ville mest truleg ha valt det på nytt. Dette seier noko om at dei har trivast med det yrket dei har tredd inn i. Samla sett førte alle desse faktorane til at vi kan konkludere med at desse kvinnene var indre motiverte for lærargjerninga.

Avslutningsvis kan vi seie at desse kvinnene verkeleg har vore prega av det samfunnet dei levde i på den tida dei tok til med læraryrket. Dagens samfunn gjer til at ungdomen har hundrevis av val med tanke på utdanningsretning. Etter at eg gjennom dette prosjektet har fått ei ny innsikt i kvifor nettopp eg også valde dette yrket, kunne det ha vore interessant å undersøke kven dagens nyutdanna lærarar er, og kvifor dei valde dette yrket.

Litteraturliste

- Aamodt, P. O. & Stølen, N. M. (2003). *Vekst i utdanningssystemet*. Henta frå <https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/sa60/kap-4.pdf>
- Beite, Lars. (Red.) (1966). *Norske skolefolk* (3.utg.). Stavanger: Dreyer Forlag.
- Bergem, T. (1993). *Tjener – aldri herre: om lærerutdanning og yrkesetiske holdninger*. Bergen: Norsk lærerakademi.
- Blom, I. & Sogner, S. (Red.). (2005). *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*. Oslo: Cappelen akademiske forlag
- Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt Forlag AS.
- Dahl, H. (1959). *Norsk lærerutdanning fra 1814 til i dag*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving* (5.utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Dokka, H-J. (1988). *En skole gjennom 250 år*. Oslo: NKS-forlaget.
- Dæhlen, M. (2003). Egenutvikling, høy lønn eller det å være til nytte. Profesjonsstudentenes jobbverdier. I P. O. Aamodt & L. I. Terum (Red.), *hvordan, hvor mye og hvorfor studerer studentene? Om læringsmiljø, jobbpreferanser og forståelse av kompetanse i profesjonsutdanningene*. (Vol.8, s.1–27). Oslo: HiO-rapport 2003 nr.8.
- Erichsen, B. C. (2017). *Norske kvinners liv og kamp: 1850–2000* (Bind 1). Oslo: Res Publica.
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Oslo: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Hagemann, G. (1992). *Skolefolk: lærernes historie i Norge*. Oslo: Ad Notam Gyldendal a.s.
- Hagemann, G. (2016). Utdanningsekspløsjon. Henta frå <https://www.norgeshistorie.no/velferdsstat-og-vestvending/kommunikasjon-og-kunnskap/1812-utdanningsekspløsjon.html>
- Halvorsen, H. (1999). *Hundre år på lag med lærerutdanningen 1899–1999*. Notodden: Forskerforbundets forening for lærerutdanning.

- Halvorsen, K. (2008). *Å forske på samfunnet*. Oslo: Cappelens Forlag as.
- Hoel, O. L. (2017). *Soga om Sogn og Fjordane: Fjordfylket på nye vegar 1875–1945* (Band 3). Bergen: Fagbokforlaget.
- Holm, G. (1975). *Lærer – hvorfor?: en undersøkelse blant søkere til allmennlærerutdanningen 1974*. Universitetet i Oslo, Oslo.
- Holm, G. (1989). *Lærer – hvorfor? II : oppfølgingsundersøkelse om motivasjon for læreryrket blant søkere til allmennlærerutdanning 1974 og 1982*. Universitetet i Oslo, Oslo.
- Holtermann, S. & Johnsen, S. (2015). *Stadig færre menn i skolen*. Henta frå <https://www.utdanningsnytt.no/nyheter/2015/januar/stadig-farre-menn-i-skolen/>
- Høydal, R. (1995). *Periferiens nasjonsbyggjarar: vestlandslæraren og Volda lærarskule 1895–1920* (KULTs skriftserie nr.39). Oslo: Noregs Forskningsråd.
- Jacobsen, D-I. (2005). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?: innføring i samfunnvitenskapelig metode* (3.utg.). Kristiansan: Høyskoleforlaget.
- Kaufmann, G. & Kaufmann, A. (2009). *Psykologi i organisasjon og ledelse* (4.utg.). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Konkurransetilsynet. (2005). *Frie yrker – friere konkurranser?* Henta frå <http://www.konkurransetilsynet.no/globalassets/filer/publikasjoner/rapporter/friere-yrker---friere-konkurranse.pdf>
- Kunnskapsdepartementet. (2009) *Læreren Rollen og utdanningen*. (St. Meld. Nr.11 2008-09) Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-11-2008-2009-/id544920/>
- Kuvaas, B. (2009). *A test of hypotheses derived from self-determination theory among public sector employees. Employee Relations*. Oslo: Handelshøgskolen BI.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2012). *Det kvalitative forskningsintervju* (2.utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Kyrkje- og undervisningsdepartementet. (1954). *Om tiltak til styrking av skoleverket*. (St. Meld. 9 1954 vedlegg 2). Henta frå

https://www.stortinget.no/nn/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlingar/Lesevisning/?p=1954&paid=2&wid=b&psid=DIVL514&pgid=b_0311

- Lange, A. (1947). *Hvem blir lærere – og hvorfor?* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Larsen, A. K. (2007). *En enklere metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Lønnå, Elisabeth. (2017, 28. november). Kvinneres rettigheter i Norge fra 1945 til 1990-årene. I Store norske leksikon. Henta frå https://snl.no/Kvinneres_rettigheter_i_Norge_fra_1945_til_1990-%C3%A5rene.
- Manger, T. (2011). Motivasjon og læring. I T. Manger, S. Lillejord, T. Nordahl & T. Helland (Red.), *Livet i skolen 1* (s. 33–57). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Nordstrand, A. (1975). *Rekruttering til lærerskolene i tiden 1902 til 1926* (Hovedoppgåve i pedagogikk). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Opplandsarkivet. (u.å.). *Kort skolehistorie i Norge fram til ca. 1900*. Henta frå <http://opam.no/skolehistorie/no/kort-skolehistorie/>
- Paulsen, Åshild. (2009, 13. februar). Nikka Vonen. I Norsk biografisk leksikon. Henta frå https://nbl.snl.no/Nikka_Vonen.
- Ramsfjell, O. (1997). *Tradisjon og fornyelse i norsk allmennlærerutdanning* (HiO-rapport 1997 nr.7). Oslo: Høgskolen i Oslo.
- Roness, D. (2012). *Hvorfor bli lærer? Motivasjon for utdanning og utøving* (Doktoravhandling). Bergen: Universitetet i Bergen.
- Rosenberg, M. (1957). *Occupations and values*. Glencoe, Illinois.
- Seip, Å. A. (1990). *Lektorene: profesjon, organisasjon og politikk 1890–1980* (FAFO-rapport 108). Oslo: FAFO.
- Skrede, K. (1971). *Sosioøkonomisk klassifisering av yrker i Norge, 1960* (INAS rapport 71-1). Oslo: INAS.
- Slagstad, R. (2015). *De nasjonale strateger* (3.utg.). Oslo: Pax Forlag A/S.
- Statistisk sentralbyrå. (1922). Folketelling 1920: hefte 1. Henta frå https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_vii_039.pdf
- Statistisk sentralbyrå. (1963). Folketelling 1960: hefte 1. Henta frå https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_xii_108.pdf

- Statistisk sentralbyrå. (2003). Hovedtall for utdanning. Henta frå <https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/sa60/kap-1.pdf>
- Statistisk sentralbyrå. (u.å.). Tabell 5.4. Grunnskoler. Skoler, klasser, lærere og elever. Henta frå <http://www.ssb.no/a/histstat/tabeller/5-5-4t.html>
- Statistisk sentralbyrå. (u.å.). 50 mest populære navn i 1940–1949. Henta frå <http://www.ssb.no/a/navn/topp10/topp50/1940.html>
- Strømsnes, Å. L. (1988). *Lærarrolla til ulike tider: foredrag på møte i Selskapet for norsk skolehistorie, 19.november 1988*. Trondheim: n.s.
- Stugu, O. S. (2012). *Norsk historie etter 1905*. Oslo: Det norske samlaget.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode* (4.utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Thune, T. (2017, 28.november). Norsk utdanningshistorie. I Store norske leksikon. Henta frå https://snl.no/Norsk_utdanningshistorie
- Thurèn, T. (2013). *Vitenskapsteori for nybegynnere* (2.utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Woolfolk, A. (2010). *Pedagogisk psykologi* (4.utg.). Trondheim: Tapir Akademiske Forlag.
- Østerud, P., Sunnanå, S. & Frøysnes, Å. (2015). *Norsk lærarutdanning i etterkrigstida: ei utvikling mellom tradisjon og fornying*. Oslo: ABM as.

Vedlegg

Vedlegg 1 – Brev til respondentar og tilhøyrande intervjuguide

Hei (namnet på respondenten handskrive)

Mitt namn er Sandra Nilsen Sjørebø. Eg er 25 år gamal og kjem frå tettstaden Dale i Sunnfjord i Fjaler kommune. For tida er eg student ved Høgskulen på Vestlandet (Bergen), der eg no går mitt siste år på lærarutdanninga. Her tek eg ein mastergrad i Samfunnsfagdidaktikk, og det er nettopp difor du har fått dette brevet.

Eg har valt å skrive mastergradsoppgåve om tidlegare kvinnelege lærarar som er fødte hovudsakleg i tidsperioden 1935–1945. Problemstillinga mi for dette prosjektet, og det eg ynskjer å svare på er: ***"Kven var dei kvinnelege lærarane på 1950- og 1960-talet, og kvifor valde dei nettopp læraryrket?"***

Eg har ved hjelp av boka *Norske skolefolk* (1966) innhenta informasjon om 1000 kvinnelege lærarar. Det er også i denne boka eg har funne namnet ditt. Dette er informasjon som går på den sosiale bakgrunnen og den geografiske tilhøyrsla til desse kvinnene. Denne informasjonen skal eg vidare analysere, men det viser seg at fleirtalet av desse kvinnene kjem frå vestlandsfylka. Difor har eg av praktiske, men også av faglege grunnar lyst å intervjuje tidlegare kvinnelege lærarar frå desse fylka om *kvifor dei valde å bli lærarar*. Eg kjenner berre eit fåtal som eg sjølv kan intervjuje, så for å få eit betre heilskapleg bilete treng eg di hjelp, og eg hadde blitt særst glad om du hadde hatt lyst til det. I tidlegare forskning har ein ikkje gjort skilnad på mannlege eller kvinnelege lærarar, og undersøkingane har tatt føre seg eit stort tal personar med lite detaljar. Med di hjelp kan denne forskinga vere med på å bringe noko nytt inn i litteraturen.

I dette brevet har eg lagt ved nokre spørsmål. Dette er spørsmål eg ynskjer at du skal svare på. Sidan dette er eit datamateriale eg skal handsame og deretter analysere, er eg nøydd til å setje ein tidsfrist for tilbakelevering. Denne har eg satt til **26.januar**,

men det gjer sjølvstakt ikkje noko om det blir gløymt og sendt nokre dagar seinare. Svar på spørsmåla kan tilbakesendast til meg på e-post eller via post. Dersom du heller har lyst til ringe meg/møte meg, og på denne måten gjennomføre intervjuet, blir eg særst glad for det.

Det er viktig å nemne at eg er underlagd teieplikt. Det vil seie at all informasjon eg får frå deg vil bli konfidensielt handsama. Informasjonen vil bli anonymisert, lagra utilgjengeleg for andre enn meg og sletta når prosjektet er ferdig. Det er ingen andre enn meg og rettleiarane som veit kven som er blitt intervjuet, og prosjektet vil ikkje innehalde opplysningar som kan tilbakeførast til deg direkte. Du kan når som helst trekkje deg frå intervjuet. Det vil seie at du har lov til å angre deg etter at du har sendt inn intervjuet.

Har du spørsmål i samband med dette prosjektet kan du kontakte meg eller ein av mine rettleiarar med kontaktinformasjonen nedanfor.

Kontaktinformasjon:

Student	Rettleiar	Rettleiar
Sandra Nilsen Sørebo, Mastergradstudent ved HVL	Sissel Rosland, Førsteamanuensis ved HVL	Karl-Egil Johansen, Professor ved HVL
90 79 38 23 Sandra_sorebo@hotmail.com Klaus Hanssens Vei 40B, 5053 BERGEN	55 58 59 71 91 59 99 07 Sissel.Rosland@hvl.no	94 21 59 23 Karl-Egil.Johansen@hvl.no

Håpar du har lyst til å bidra i forskinga mi, det hadde eg sett stor pris på!

Med beste helsing, (namnet mitt handskrive)



Nedanfor ser du spørsmåla eg ynskjer at du skal svare på. Om det er nokon spørsmål som verkar støytande på noko vis, eller som du ikkje har lyst til å svare på, så er dette sjølv sagt heilt i orden. I ein reell intervjusituasjon, så ville eg truleg ha stilt deg oppfølgingsspørsmål. Difor ber eg deg om å skrive så utdjupande som du klarar under kvart spørsmål, og prøv så godt det let seg gjere å tenkje tilbake til den tida du skulle ta til med lærarutdanninga. Om du tek føre deg spørsmål for spørsmål eller vel å skrive dette samla som ein heil tekst er heilt opp til deg.

På førehand takk!

INTERVJUGUIDE

- Kor mange år arbeidde du som lærar?
- Kva klassetrinn hadde du, og i kva fag underviste du i?
- Fortel om utdanninga di. Kor mange år har du studert og kva fag studerte du?
- Kvar tok du lærarutdanning?
 - *Dersom skulen låg nær heimstaden, hadde dette betyding for valet av yrke?*
- Kva utdanningsmogelegheiter hadde du i nærleiken av heimstaden din?
- Når bestemte du deg for å bli lærar?
 - *Var det noko spesielt som gjorde at det var akkurat då?*
- Var lærarutdanninga førstevalet ditt, eller søkte du deg til andre yrke også?
- Kva har du likt med å vere lærar? Kva har dette yrket betydd for deg?
- Har du nokon gong angra på val av yrke?

- Spelte økonomi ei rolle i ditt val av yrke?
- *Hadde du valt eit anna yrke om du slapp å ta økonomiske omsyn?*

- Dersom du skulle velje yrke i dag, trur du at du hadde valt læraryrket på nytt?

- Har du hatt nokon i nær familie som har vore lærarar?
- *Kven i så tilfelle?*
- *Trur du dette har hatt noko å seie for ditt val av yrke, og på kva måte?*

- Kva reaksjonar var det på ditt yrkesval?
- *Var det til dømes nokon som råda deg frå yrket, eller var særskild oppmuntrande?*

- Kva yrke hadde foreldra dine?
- *Trur du det har hatt noko å seie for ditt val av yrke?*

- Har nokre av dine tidlegare lærarar hatt betydning for at du har valt læraryrket?
- *Dersom ja, på kva måte? Og når hadde du desse lærarane?*

- Gjekk du på lærarskulen fordi du ynskte det sjølv, eller var det nokon andre som ynskte det for deg?

- Korleis oppfattar du at læraryrket har blitt vurdert? Då du begynte som lærar, og dine siste år som lærar.
- *Var læraryrket sitt renommé noko du tok i betraktning før du søkte?*

- Korleis var din eigen trivsel når du sjølv gjekk på skulen?

- Kva var dei vanlege yrkesvala for kvinner/jenter som deg?
- *Trur du at du hadde valt eit anna yrke, dersom det hadde vore meir akseptert for kvinner, slik som mange yrke er i dag?*

- Kva utdanningsval tok venene dine?
- *Var det fleire som valde lærarutdanninga, og påverka det deg på noko måte?*

- Praktiserte du på nokon måte læraryrket før du tok yrkesvalet?
- *Dersom ja – kva faktorar var med på å bestemme valet ditt?*

- Har du nokon gong slutta som lærar, tatt permisjon, eller vore innom tanken på å slutte som lærar? Kvifor?

- Kvifor valde du å bli lærar?
- *Nedanfor har eg lista opp nokre årsaker for val av læraryrket, kanskje nokre av desse i mindre eller større grad har hatt betydning for deg.*
- *Likar å undervise, arbeide med ungdom, eit spennande yrke, meiningsfullt å jobbe med barn og unge, ein sikker arbeidsplass, arbeidsplassar i heile landet, gode ferieordningar, vere med å oppdra neste generasjon, læraryrket var eit kall, for bruke mine kreative evner, ynskjer å arbeide med faget mitt, ynskjer å hjelpe barn og unge i deira utvikling og danning som menneske, ynskjer å få andre interessert i faget mitt, stor grad av fridom i læraryrket.*

Vedlegg 2 – Samtykkeerklæring

Samtykkeerklæring

Beskriving av prosjektet

Eg er student ved Høgskulen på Vestlandet (Bergen), der eg jobbar med ei masteroppgåve i samfunnsfagdidaktikk. Min rettleiar for denne oppgåva er Sissel Rosland.

I masteroppgåva mi har eg valt å skrive om emnet kvinnelege lærarar. Her vil eg sjå på den geografiske og sosiale bakgrunnen til dei nyutdanna kvinnelege lærarane på 1950- og 60-talet, samt undersøkje kvifor desse kvinnene valde læraryrket. Som ein del av masteroppgåva ynskjer eg å intervju fleire tidlegare kvinnelege lærarar om kvifor dei valde dette yrket. Desse intervjuar vil danne delar av datamaterialet til mi masteroppgåve.

Kva inneber deltakinga

Deltakinga i dette masterprosjektet inneber at du deltek på eit intervju med meg. Deltakinga i intervjuet er frivillig. Du kan når som helst trekkje deg frå intervjuet, eller den informasjonen som har blitt gitt under intervjuet. Du kan og la vere å svare på enkelte spørsmål.

Anonymitet

All informasjon som vil bli innhenta under intervjuet vil bli anonymisert i masteroppgåva. Ikkje noko av informasjonen skal kunne tilbakeførast til deg. Eg vil nytte meg av bandopptakar i intervjuet, for å lette på arbeidet. Dette vil sjølvstundt bli handsama konfidensielt, og sletta etter bruk. Før intervjuet vil eg gjerne at du samtykkjer i deltakinga ved å underteikne på at du har lese og forstått informasjonen i dette skrivet og ynskjer å stille opp til intervju.

Samtykke

Eg har lese og forstått informasjonen over og gir mitt samtykke til å delta i dette intervjuet.

Stad

Dato

Signatur

Vedlegg 3 – Oversyn over respondentar

Respondentane til den kvalitative delen av dette prosjektet er fødte mellom 1938–1943. Dei tidlegare kvinnelege lærarar hadde gjennomsnittleg ei fartstid i yrket på 39 år. Det var fire stykk som tok til med anna arbeid. To vart logoped, ei vart heimeverande etter utdanninga, medan ei fekk jobb i kommunen med område som hadde med skulen å gjere. Alle respondentane er fødte i vestlandfylke, men ikkje alle bur i desse fylka i dag. Respondentane kom ifrå både bygd og by, og var både fireårige elevar og studentar. I tabellen nedanfor er det lista opp alle respondentane med fiktive namn. Her har eg markert kven eg har hatt dei ulike typene intervju med.

Oversyn over respondentar med fiktive namn			
Jorunn (<i>Ansikt-til-ansikt</i>)	Wenche (<i>Telefon</i>)	Reidun (<i>Brev</i>)	Marit (<i>Brev</i>)
Turid (<i>Ansikt-til-ansikt</i>)	Kirsten (<i>Telefon</i>)	Ragnhild (<i>Brev</i>)	Berit (<i>Brev</i>)
Tove (<i>Ansikt-til-ansikt</i>)	Randi (<i>Brev</i>)	Anne (<i>Brev</i>)	Grethe (<i>Brev</i>)
Torill (<i>Ansikt-til-ansikt</i>)	Solveig (<i>Brev</i>)	Inger (<i>Brev</i>)	Gerd (<i>Brev</i>)
Laila (<i>Ansikt-til-ansikt</i>)	Aud (<i>Brev</i>)	Kari (<i>Brev</i>)	Astrid (<i>Brev</i>)
Ingrid (<i>Ansikt-til-ansikt</i>)	Else (<i>Brev</i>)	Liv (<i>Brev</i>)	Eva (<i>Brev</i>)
Åse (<i>Ansikt-til-ansikt</i>)	Karin (<i>Brev</i>)	Bjørg (<i>Brev</i>)	Unni (<i>Brev</i>)

Vedlegg 4 – Oversyn over inndeling av yrkesgrupper

1. Primærnæringar

Gardbrukar, fiskar, reineigar, småbrukar, tømmermester, sagbrukseigar, heradsskogsmeister, skogfullmektig, tømmermålar, sagnarbeidar, kvalskyttar, skogeigar, skogbestyrer, skogsarbeider, gartnar

2. Skulefolk

Lærar, skulestyrar, skuleinspektør, lektor, rektor

3. Offentleg- og privat tenesteyting

Prest, laboratoriebest., barnearbeidar, kontorbetjent, vegsjef, lensmann, kontormeister, revisor, distriktssjef, arbeidar, lagerarbeidar, hovudkasserar, postfullmektig, kontorsjef, postopnar, papirarbeidar, trygdesjef, konduktør, herradaskasserar, driftsassistent, driftsbestyrar, tollinspektør, frimerkekontrollør, banksjef, formannskapssekretær, postekspeditør, stasjonsbetjent, bestyrer, jernbanemeister, kasserar, kontorfullmektig, kasserar, bankkasserar, vegvaktar, teknisk direktør, direktør, verkstadsarbeidar, stasjonsmeister, postfunksjonær, salssjef, likningsjef, avdelingsleiar, tollar, overpostpakkmeister, skiftekontrollør, kommunearbeidar, pantefullmektig, samvirkebestyrar, kontorformann, siviløkonom, kontormann, telegrafbestyrar, kontorist, oppsynsmann, fabrikkformann, meieribestyrer, avdelingspleiar, rekneskapssjef, sekretær i tollvesenet, fyrvaktar, vegoppsynsmann, kemner, postbod, lagersjef, ordførar, fullmektig i NSB

4. Industri og handverk

Reparatør, verksmeister, møbeltapetserar, smed, snikkar, murar, skreddar, bygningsarbeidar, dreiar, gravør, bakarmeister, målar, møllemeister, verfsformann, vaktmeister, slaktar, skomakar, urmakar, anleggsbestyrar, maskinsjef, gullsmedarbeidar, pølsemakermeister, tredreiar, konditor, industriarbeidar, elektrikar, installatør, maskinsjef, produksjonsleiar, mekanikar, bakar, kunstsilkespinnar, meierimaskinist, glasarbeider, vulkanisør,

industriarbeidar, tekstilarbeidar, byggmeister, røyrleggjar, maskinreperatør, salmakar, tømmermann, anleggsarbeidar, soussjef

5. Kjøpmenn

Kjøpmann, handlande, handelsmann, handelsreisande, grosserar

6. Andre yrke

Maskinførar, sjåfør, fabrikkarbeidar, tekniskar, klokkar, salsinspektør, rutebileigar, losse- og lastearbeidar, maskinist, ingeniør, skipsførar, disponent, hotelleigar, banev., radio- og TV-forhandlar, sekretær, Fhv. Fabrikkeigar, banemeister, viklemonter, lagerformann, monterformann, kjernemeister, typograf, bademeister, formann, maskinmeister, boktrykkjar, el.monter, hovudbokhandlar, stasjonsformann, driftsinstallatør, bilforhandlar, fabrikkigar, ungdomssekretær, faktor, verkstadseigar, jernbaneformann, lagereksp., maskinholdar, orlogskaptein, forvaltar, eksp., tekniskar, filialbestyrar, organist, løyntnant, laborant, monter, leirsjef, bokhandlar, fullm., trelasthandlar, styrmeister, kaptein, sykkelfabrikant, salsrepr., pikettsjef, skifabrikant, arbeidsformann, næringsd., kranførar

7. Frie yrke

Lege, siv.ing, advokat, direktør, forretningsførar, tannlege, journalist, apotekar, jordskifteed., skipsmeklar, O.r. sakførar, veterinær, forretningsmann, utanriksdirektør, redaktør, hagearkitekt, overarkitekt, brannkonstabel